

FIRDA GYMNAS  
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE  
1922 - 1997



---

Omslagsfoto: Lyslo Foto, 6860 Sandane

Layout og trykk:  
Ingvold Husabø Prenteverk a.s  
5842 Leikanger





|   |    |
|---|----|
| FØREORD   | 5  |
| TALE VED MINNESTEINEN OVER<br>ELIAS RYSSDAL LAURDAG 23. AUGUST 1997 | 6  |
| MEIR ENN EIN SKOLE  | 8  |
| FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE GJENNOM 75 ÅR                              | 12 |
| SKULAR FØR FIRDA  | 12 |
| FRAMHALDSSKULE  | 12 |
| ARBEIDSSKULE  | 13 |
| VIDAREGÅANDE SKULAR I GLOPPEN                                       | 13 |
| MELLOMSKULE   | 13 |
| FOLKEHØGSKULE PÅ VEREIDE  | 13 |
| FIRDASKULANE FRAM TIL 1946  | 16 |
| SKIPINGA AV FIRDA GYMNAS  | 16 |
| DEI FØRSTE ÅRA  | 18 |
| PLANAR OM UΤBYGGING   | 19 |
| MELLOMSKULEN  | 20 |
| GYMNASET  | 20 |
| SKULEN OG BYGDA   | 21 |
| TO FORFATTARAR OG FIRDA   | 25 |
| KRIGSÅRA  | 29 |
| PÅ GYMNAS UNDER KRIGEN  | 31 |
| FIRDASKULANE 1946 - 1975  | 35 |
| REALSKULEN  | 35 |
| GYMNASET  | 36 |
| UTBYGGINGAR   | 38 |
| STYRESKIPNADER GJENNOM 75 ÅR  | 40 |
| REKTORAR VED FIRDA GYMNAS/FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE                  | 41 |
| MEIR ENN EIN SKULE  | 42 |
| AURORA  | 43 |
| IDRETTSLAGET  | 47 |
| STELLA  | 50 |





|  |    |
|--|----|
| CONCORDIA                                  | 50 |
| FIRDA GYMNAS MÅLLAG                        | 52 |
| <br>                                       |    |
| STRUKTURENDRINGAR OG UTVIKLINGSARBEID      | 53 |
| MED PLANAR SKAL SKULEN STYRAST             | 53 |
| FLEIRE PLANAR - OG NYE DEBATTAR            | 54 |
| NAMNEBYTET                                 | 56 |
| UTFORDRINGAR OG UTVIKLINGSARBEID           | 57 |
| TEMA OG TILTAK I UTVIKLINGSPROSESSEN       | 61 |
| <br>                                       |    |
| FIRDASEMINARET                             | 63 |
| <br>                                       |    |
| DEI FIRE STUDIERETNINGANE - EI KORT SKISSE | 64 |
| MUSIKKLINA                                 | 64 |
| <i>Elevar og elevmiljø</i>                 | 66 |
| <i>Lærarar og utstyr</i>                   | 66 |
| <i>Aktivitetar</i>                         | 66 |
| <i>Ei oppsummering</i>                     | 68 |
| IDRETTSLINA                                | 68 |
| <i>Anlegga</i>                             | 70 |
| <i>Mangfald og breidde</i>                 | 70 |
| <i>Elevane</i>                             | 70 |
| <i>Prestasjonar</i>                        | 71 |
| H  |    |
| <i>Idrettslina og bygda</i>                | 72 |
| <i>Ei oppsummering</i>                     | 72 |
| HELSE- OG SOSIALFAG                        | 73 |
| <i>Anlegg og praksis</i>                   | 75 |
| <i>Elevane</i>                             | 76 |
| <i>Ei oppsummering</i>                     | 76 |
| ALLMENN FAG                                | 76 |
| <i>Frå hokort til multimedia</i>           | 78 |
| <i>Ei oppsummering</i>                     | 80 |
| <br>                                       |    |
| — FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE 75 ÅR -         |    |
| NOKRE HOVUDTREKK                           | 82 |
| <br>                                       |    |
| ETTERORD                                   | 85 |
| <br>                                       |    |
| FIRDAELEVANE 1977-1997                     | 86 |



# FØREORD

Firda vidaregåande skule si soge går attende til 1922, og det er tidlegare utgjeve to frittståande sogeskrift; eit 30-årsskrift i 1952 og eit festskrift som kom ut i samband med 50-årsjubileet. Då skulen runda 75 år i 1997, ynskte vi å markere det bl.a. ved å gje ut eit jubileumsskrift.

Vi har ikkje teke mål av oss til å gje ut ei fullstendig og objektiv skulesoge frå 1922 til 1997. Siktemålet har vore å få fram viktige utviklingslinjer i skulen si soge desse 75 åra gjennom glimt frå skulens «indre liv» og med utsyn til omverda og samfunnsutviklinga. Ut frå eit slikt siktemål har ein berre i liten grad bygt direkte på dei to tidlegare skrifta, og ein har prøvt å ikkje la dei siste 25 åra bli dominerande i framstillinga. Ein har også fått fram stoff frå den tidlegaste soga som hittil ikkje har vore presentert.

Elev-oversynet til slutt i heftet spenner over den siste 20-årsperioden (1977-1997). Tilsvarande elev-oversyn finn vi i dei to føregåande sogeskrifta. Vi har ikkje funne plass til eller sett oss råd til å presentere eit samla oversyn over alle elevane som har gått her frå starten av i 1922 i dette heftet.

Ove Eide har vore hovudredaktør og har lagt ned eit stort arbeid i å få skriften ferdig. I tillegg til å redigere og skrive saman bidraga frå dei andre i skriftstyret, Asbjørn Geithus, Bernt Kr. Holtan og Karin W. Rindal, har han og skrive fleire av kapitla. Jon Gloppestad har vore biletredaktør.

På vegner av skulen vil eg uttrykkje stor takk til desse og andre som har gjort ein innsats for å få dette skriftet utgjeve. Takk også til fylkeskommunen v/universitetsavdelinga og Gloppe kommune for økonomisk støtte.

Vi har gjennom dette jubileumsskriftet prøvt å vise at skulen gjennom si 75-årige soge har endra seg og tilpassa seg skiftande vilkår og samfunnsskrav, ikkje umælande, ukritisk og passivt, men at ein, når vinden var imot, aktivt har gripe tak i nye utfordringar og justert kursen. På denne måten har skulen i fleire periodar greidd å vere i framkant av skuleutviklinga. Vi vonar å ha fått fram at Firdaskuta trass i hard seglas gjennom «sju slags ver», som lektor Kaare Halvorsen skriv i diktet sitt til 50-årsjubileet, framleis er like seglfør, med kurs mot nye horisontar.

Oktober 1998

Ragnar Eimhjellen





# Tale ved minnesteinen over Elias Ryssdal

Laurdag 23. august 1997

Elias Ryssdal sitt namn vil for alltid vere uløyseleg knytt til Firda gymnas. Han takka ja på førespurnad frå gymnasnemnda i 1922 om å ta på seg det vanskelege pionerarbeidet det var å ha ansvaret for å reise ein skule frå grunnen av. Eit ja frå Elias Ryssdal på det tidspunktet han vart spurd var avgjerande for at gymnasnemnda med tyngd kunne følgje opp kongstanken om å få reist eit gymnas for Fjordane på Sandane i den siste og kritiske fasen før skipinga. Eg meiner å ha belegg for å hevde at dersom Elias Ryssdal ikkje hadde teke på seg denne store oppgåva, så er det tvilsamt om det hadde vorte noko av skipinga av gymnaset i 1922 og om gymnaset for Fjordane i det heile hadde vorte reist på Sandane!

Det er difor både rett og naturleg at vi i dag på 75-årsdagen for skipinga av Firda gymnas heidrar minnet til Elias Ryssdal.

I samband med 25-årshøgtida ved Firda gymnas i 1947 fekk elevar og vener reist ein minnestein over Elias Ryssdal ved grava hans på gravstaden Fredly. Steinen vart avduka 31. august 1947 og ein av pionerane bak skipinga av Firda gymnas, Ola Sande, heldt avdukingstalen. Når vi no i 1997 skulle markere at Firda er 75 år, tykte vi det ville vere fint om minnesteinen over Elias Ryssdal kunne flyttast til skulen. Vi meiner det er her han retteleg høyrer heime. Vi er difor svært takksame for at nærmeste familie ved dotter Hallgjerd Ryssdal Søndenå har gitt sitt samtykke til flyttinga, og vi er glade for at du kunne kome og vere med på denne høgtida.

Elias Ryssdal var ein av dei mange landsbygd-ungdomane som den gongen ikkje hadde høve til å få seg høgare utdanning på sin eigen norske målgrunn. Det var difor naturleg at han med sin bakgrunn som utdanna realist søkte seg lærarpost på Hornes landsgymnas då det vart skipa i 1918 som eitt av dei tre første landsgymnasa i landet. Bak skipinga av landsgymnasa låg tanken om å skape ei motvekt mot den framande by- og embetsmanns-kulturen, og det var då også naturleg for han å ta imot utfordringa om å vere med på skiping av eit gymnas i heimbygda si, Gloppen!

Elias Ryssdal var ein uvanleg kunnskapsrik, allsidig og dugande lærar, og han tok ut mykje av seg sjølv og sitt talent både i rolla si som lærar og i arbeidet med å få gymnaset i godt gjenge. Ein kan trygt seie at han var rett mann på rett plass til rett tid! Då han etter 5 år sa frå seg rektorstillinga og gjekk over i vanleg lektorstilling ved gymnaset, kunne han vise til svært gode eksamensresultat for elevane, skulen hadde fatt eksamensrett og pedagogisk fridom og Firda hadde alt markert seg som eit av dei beste og mest kjende landsbygd-gymnasa i landet.

Elias Ryssdal var svært glad i å gå i fjellet, og han treivst blant stein, mose og lyng. Minnesteinen er hoggen i gneisgranitt - ekte norsk grástein. Når vi no har fått flytta denne minnesteinen hit til skulen, vil vi som erstatning setje Stein attende på grava



hans på gravstaden Fredly. Etter ynske frå nærmeste familie vil det vere ein naturstein forma i og henta frå naturlandskapet her i Gloppe.

Her minnesteinen no er sett har fleire tusen elevar trakka sine steg forbi i desse 75 år som er gått sidan starten i 1922. Såleis vil minnesteinen over Elias Ryssdal her møte stadig nye generasjonar av Firda-elevar inn i den nye tida og minne dei om røtene våre og om pionerane, dei som gjekk føre og viste veg. Elias Ryssdal var av dei fremste av desse, og steinen er eit symbol på den sterke nasjonale viljen som bar Elias Ryssdal sitt arbeid gjennom den vanskelege oppstartstida.

Vi vil heidre Elias Ryssdal sitt minne ved å legge ned denne kransen.



Hallgjerd Ryssdal Søndenå (dotter til Elias Ryssdal) og rektor Ragnar Eimhjellen ved minnesteinen over Elias Ryssdal, etter avdukinga 23. august 1997.  
Foto: Inger Halldis Aske Lothe, Firda Tidend)





## Meir enn ein skole

For nokre år sidan var eg ein snartur her på Sandane, og då passa eg på å gå oppom gymnaset i langfriminuttet. Det sat nokre unge jenter og arbeidde med ei oppgåve i det klasserommet eg straks kjende att som mitt i tida som elev. Der sette eg meg bak kateteret. Jentene såg undrande opp på meg. Augnekasta deira fortalte at dei drog kjensel på meg frå fjernsynet, så eg måtte seie noko for å forklare korfor eg var der.

«Ja, her har eg hatt fire av dei beste ára i livet mitt», sa eg, og eg høyrdé sjølv at det vart sagt i ein litt høgtideleg tone. Ei av jentene fniste. «Måtte du gå her så lenge, du?» spurde ho med eit muntert glimt i dei kvikke augo, og dei andre jentene lo. Eg lo med, og det gav meg tid til å forstå at dette var ein annan skole enn den eg vart kjend med i førstninga av 50-åra. Det var den same bygningen og det same klasserommet, men det var ein annan skole. Landsgymnaset var historie, eit skoleslag som berre var i minnet hos menneske som etter kvart går ut av tida.

Nei, ikkje berre i minnet. Det er noko meir. Då eg rusla ned etter skolevegen her den dagen, måtte eg spørje meg sjølv om korleis det har seg at så mange av oss som tok artium på Firda off. Landsgymnas - og som nå er over middagshøgda i livet - går med ei kjensle av at vi framleis er elevar her. For den kjensla har vi. Det merkar vi når vi møter andre som fortel at dei tok artium her.

Grunnen er vel at det var grunnleggjande år i livet. Vi var mest berre for barn å regne då vi kom, og her vaks vi oss så vaksne at alderen tilsa oss å velje vegen til kvar vår plass i samfunnslivet. Det var det skolen skulle bu oss til. Men Landsgymnaset var meir enn ein skole. Det var ein institusjon i ei tradisjonsrik bygd. I samarbeid mellom gymnaset og bygdefolket vart det skapt ein god og trygg skolestad. Folk som levde eit tradisjonsbunde liv i jamne kår tok imot elevane med billege og bra hyblar der leigebuarane ofte vart mest som ein del av familien i den tida dei var der, og på ein naturlig måte gleid elevane inn i bygdesamfunnet.

Sjølv vart eg først tilvist hybel på Evebøen. Då tykte eg skolevegen vart i lengste laget, så eg bad om å få eit anna husvære så sant det let seg gjere. Kort tid etter skolestart kunne eg få hybel på Kleivedammen. Der fekk eg eit stort, lyseblått rom med raudmåla hjerte og Amorpil i skråtaket. Det var tre elevhyblar i huset. Vi var på ulike klassessteg, men det utvikla seg eit sterkt samhald på tvers av klassegrensene. I dette huset vart eg buande i alle dei fire ára på gymnaset. Alle som fekk hybel der budde der skoletida ut. Det er med ein varme som berre tilkjem dei nærmaste i livet eg tenker på verdsfolket mitt på Sandane.

Elevane på Firda kom frå heile fylket og vidare med, frå fjordbygder og fjellgrender, kommunesentrums og det vi hadde av byliknande tettstader. Med ulik bakgrunn og personlege særtrekk måtte vi tilpasse oss, lære å vere i lag både på gymnaset og utanfor i fritida. Det vart mange gode vennskap. Konfliktar mellom elevane var det prak-



tisk tala ikkje. Vi kunne nok merke at det var eit visst skilje mellom elevar frå tettstade og dei elevane som kom frå bygdene, men noko djupt skilje var det ikkje, og det jamna seg fort ut.

Det vi alle måtte lære, var å greie oss sjølv med sko og klede og mat til frukost og kvelds på hybelen. Det vart ordna på enklaste vis. Brødmat og drikke var å få kjøpt mot kontant betaling i langfriminuttet på gymnaset, og for middag betalte vi ein fast sum i månaden. Middagen vart nok det viktigaste måltidet for dei fleste. Det gjekk med utrulege mengder middagsmat. Kjøtkakerekorden var det ein kar frå heimbygda mi som heldt lenge. For elevar på høge klassesteg var det sjølvsagt tregelag at det var ein elev på realskolen som sette rekord i denne kappestriden. Etter dette måltidet visste alle på gymnaset kven han var, og det stod vitnefast kor mange kjøtkaker han hadde greidd å setje i seg, men talet vågar eg ikkje å nemne her fordi det kan føre til til om andre ting eg fortel.

Så måtte vi lære oss å finne oss til rette med å vere áleine på hybelen om kveldane med leksene, kjenslene og tankane. Det er ikkje like lett for alle menneske å vere áleine, og alle snakkar ikkje om vanskane med det heller, men det kjem grunnleggjande kunnskap ut av det. Ludvig Holberg kom med tankevekkjande ord om det han kalla «Studeringers rætte Frygt»: «Det første Bud udi Philosophien er at kiende sig selv, og jo meere en forfremmes derudi, jo sletttere Tanker har han om sig selv, jo meer synes ham der staar tilbage at lære».

Nå var det ikkje vanskeleg å finne selskap for den som søkte det. Vi var på hybel-visitt hos andre, gjekk på kino og kafé. På gymnaset var det ei lang rad lag som kalla på kreftene, og somme var med på idrettsøvingar og andre ungdoms-aktivitetar i bygda. Lærarane på gymnaset hjelpte til med mange aktivitetar som ikkje stod på leseplanen.

Var lærarane strenge? Vi tykte nok det, men sett i ettertid må visst alle vedgå at dei var både romslege og tilgjevande. Dei hadde vore gymnasiastar sjølv, og dei hugsa korleis det var. Røykjeforbodet hadde mange elevar vanskar med å etter leve, men det styrkte samhaldet blant elevane. Vakthalddet var så påliteleg at det sjeldan vart påtale for brot alle visste om. Dei danseglaide elevane var sterkt misnøgde med at det ikkje vart gjeve løyve til dans på tilskipingar på gymnaset så ofte som dei ønskte, men resultatet av det vart berre at mange av elevane søkte seg til dansefestar i Turnhallen, på Rygg, Vereide, Austrheim og jamvel Breim. Det gav elevane ein betre kontakt med det bygdesamfunnet gymnaset var ein del av. På mange måtar hadde det ein kulturell verdi for elevane som høyrde til allmenndanninga - sjølv såg og høyrde eg såleis for første gong ein saksofon i bruk på ein dansefest i Turnhallen her på Sandane.

Firda Landsgymnas var kjent for gode eksamensresultat. Dermed er det ikkje sagt at det var ein puggeskole, for det var det ikkje, men vi måtte då gjennom det elementære. Det var ikkje til like stor glede for alle. Tvert imot var det så lett å forstå det hjartesukket som tenkjaren Augustin skal ha komme med for 1500 år sidan: «Ein og ein er to, to og to er fire, det var meg ei forargeleg ramse. Derimot hadde den tomme sjela mi sin største hugnad når eg las om trehesten med dei væpna mennene og om Trojas brann». Det var nok diverre grunnlag for den kommentaren tysklærarinna min, frk. Ellingsen, kom med då eg var svært uglad for å komme opp til munnleg eksamen i det faget ho sleit med.

«Har du ikkje lese før, så kan du lata det vera no», sa ho.

Det rådet følgde eg ikkje, og sidan det let seg gjere å vinne i Lotto, så gjekk det bra for meg - den gongen.

Sjølvsagt visste vi korfor vi var her på Firda. Vi skulle ta artium og med det skaffe oss ein god startplanke til å velje oss eit yrke. Ein slik startplanke vart det for alle.



Men det vart meir enn det. Det vart ein botnplanke i livet. Vi lærde så mykje som det ikke er nokon rubrikk for på vitnemålet. Vi lærde oss å fungere sosialt utanfor barn-domsheimen. Vi lærde oss å ta ansvar for oss sjølv og såg at det hadde følgjer når vi ikkje levde opp til dette ansvaret. I lags-aktivitetar lærde vi oss organisasjonsarbeid og møtestyring. Vi lærde demokrati frå grunnen av og fekk kunnskap om prosessane i samfunnsbygginga.

Tanken med landsgymnasa var å gje elevane opplæring i deira eige kulturmiljø. Det skulle gjere elevane tryggare på seg sjølv når dei skulle gå vidare og finne ein plass i storsamfunnet. Vi som fekk gå på Firda har grunn til å vere takksame for den hjelpa, anten nå eksamens-resultatet vart godt eller mindre bra, for ein botnplanke fekk alle.

Landsgymnaset skulle vere ein allmenndannande kunnskapsskole, og det var slik vi opplevde Firda. På engelskina skulle vi ha nokre timer i musikk. Det var ikkje eksamenstafag. Kan ein lærar få noko meiningsfylt ut av nokre få timer i noko som femner så vidt som musikk? Finn Reigem greidde det. Han tok med seg ein av desse store og tunge platespelarane som var på marknaden den gongen, spela plater for oss og fortalte om dei store komponistane. Og han fortalte om Louis Armstrong, Glenn Miller, Edith Piaf. Då eg mange år seinare sat i Det Norske Teatret og såg Piaf-framsyninga der, var det som klassestyraren min på Firda var med og sat der og fortalte.

Det høyrd ikkje til pliktene til realfaglektoren Torbjørn Skeie å hjelpe elevane med amatørteater-arbeid, men han gjorde det likevel, kveld etter kveld. Han hadde glede av det, sa han, og i ungdommen tenkte han då også på å gå til teatret. På vitnemålet var det ikkje nokon rubrikk for det han gav oss desse kveldane.

Det stod ikkje på leseplanen at norsklæraren min, Nils Hellesnes, skulle låne meg bøker av dei store amerikanske forfattarane han hadde så stor kunnskap om. Men han kom med desse bøkene, og han gav seg tid til å snakke med meg om dei etter-på. Den kunnskapen var god å ha då eg mange år seinare var på reiser som journalist der desse store diktarane hadde skildra folk og landskap.

Det er slike opplevingar som gjør at så mange elevar frå Firda gjennom heile livet etter desse åra har hatt kjensla av å vere elevar her framleis.



Herbjørn Sørebø var russe-formann 1953. Her ser vi han til hest under feiringa 17. mai. Sørebø skulle halde festtalen ved jubileet i 1997, men måtte melde avbod. Talen var han likevel ferdig med. Den vart lesen av Ragnhild Sælthun Fjørtoft, og vert her prenta under overskrifta «Meir enn ein skole». Foto: Ola Nyhagen.



Sandane, truleg i 1924. Skulebygningen til høgre i framgrunnen vart innvigd i november dette året. Idrettsplassen er enno ikkje opparbeidd. Ein stor del av arealet ser enno ut til å vere potetåker. Den store kvite bygningen til venstre i biletet er Sivertsen's Hotel (no Gloppen Hotell). Den nærmeste kvite bygningen midt over gymnasbygget er Gloppens Sparebank, som låg der vegen mellom Sparebanken og Heradshuset no går, nesten på høgde med Firdakraftbygget. Foto utlånt av Hallgjerd Ryssdal Søndenå.



Skuleanlegget hausten 1998. Rektorbusstaden til venstre og Firdahallen med treningsbane i framgrunnen. Foto: Lyslo Foto, Sandane.



# Firda vidaregåande skule gjennom 75 år

## *Skular før Firda*

Når Firda gymnas vart lagt til Sandane i 1922, har det mange årsaker. Men skuletradisjonar og målreising er nok dei to viktigaste føresetnadene for skipinga av eit landsgymnas i Gloppen.

Går vi 100 år attover i tida frå 1922, kjem vi til eit samfunn der skule og utdanning stod svakt. I 1824 hadde Gloppen ein omgangsskule med sju tilsette skulehaldarar. Gardbrukarane måtte ta imot lærar og elevar i heimane etter ei fastsett rute. Undervisninga gjekk føre seg i stover av ulik storleik - og var nok ikkje alltid like enkel. Skule-tida var minst tre månader for året, men så seint som i 1853 var det skuleborn som berre fekk undervisning 22 dagar for året (*Soga om Gloppen og Breim II*, s. 105). Den første faste skulen i Gloppen vart bygt på prestegarden på Vereide og vart tatt i bruk i januar 1848. Med den nye skulelova av 1860 vart omgangsskulen avskaffa, og det måtte byggjast faste skulehus i alle krinsar.

Utbrygginga av skulen gjekk ikkje utan strid, heller ikkje i Gloppen. Både bygging av skulehus, nye lærebøker, tilsetjingar og løner skapte konfliktar. Ikkje alle såg verdien av ei bokleg utdanning for borna sine. Derfor måtte også presten Heffermehl i ei melding til Eilert Sundt i 1857 slå fast: «Civilisationen kunde alene sparsomt udstrø sine Frugter i Prestegjældet» (sitert etter *Soga om Gloppen og Breim II*, s. 111)

I 1889 vart det vedtatt ei ny skulelov, og med den overgangen til folkeskule. Nye fag kom til: song, sløyd, handarbeid, teikning og kroppsøving - og nye krav til lærarane om spesialutdanning. Frå 1890-åra kom det fart i skulehus-bygginga, og fram til 1937 vart det bygt 26 nye skulehus i Gloppen og Breim.

### Framhaldsskule

Skulelova av 1889 opna opp for skiping av framhaldsskular for ungdomar over 14 år. Skuleåret varte frå 1. november til 15 april, med fem timars skuledag. Første kurset i Gloppen vart sett i gang på Apalset vinteren 1891-92. Ein av lærarane her var Jakob Kobberstad, overlærar i Oslokulen og tonesetjar av fleire Aasen-dikt. Etter få år minka søknaden, og i 1894 vart skulen lagd ned. Ungdomslaga i Gloppen tok då opp arbeidet for å få framhaldsskulen i gang att, og klarte å få til ei klasse vinteren 1899-1900. Men så låg skulen nede att til 1912, og etter nokre år med vekslande drift vart det endeleg fast framhaldsskule i Gloppen frå 1917-18. Søknaden auka sterkt i 1920-åra, med opp til tre klasser, og framhaldsskulen vart eit godt førebuingsår for dei som skulle gå vidare på middelskulen (seinare realskulen). Også i Breim var det framhaldsskule frå 1894 av, med árvisse kurs frå 1902.



## Arbeidsskule

Både i Breim og i Gloppen var det også arbeidsskule frå 1890-åra av. Her fekk elevane opplæring i tre-, snikkar- og skomakararbeid. I Breim la dei vekt på å lære elevane å lage gardsreiskapar. Også treskjering var det tilbod om somme år. I 1930-åra fekk jentene tilbod om kurs i saum, veying og farging.

## Vidaregåande skular i Gloppen

Firda gymnas var ikkje det første vidaregåande skuletilbodet i Gloppen. I 1875 starta Jakob Hjelmesæt ein privat friskule på Apalset. Hjelmesæt var då nyutdanna frå Universitetet i Oslo, med bakgrunn i den radikale «Fram-flokk» rundt Olaus Fjørtoft. Skulen likna mykje på ein folkehøgskule, og hadde 39 gutter som elevar første vinteren. Men skulen møtte motbør: For det første var den unge styraren radikal målmann, med idear mange ottast. For det andre vart det i denne tida lagt planar om ein amtskule i Gloppen, og mange meinte at det ikkje var plass for ein privat friskule ved sida av ein offentleg skule. Hjelmesæt måtte krevje skulepengar av elevane for å drive undervisning, og tapte også derfor i kampen mot amtsskulen. Etter eitt års drift flytte han skulen til Breim, men døydde alt i januar 1877 - og skulen var ikkje meir.

Amtsskulen låg i Gloppen frå 1876 til 1886. Herfrå flytte han til Innvik, og så til Nordfjordeid i 1900. Når denne skulen etterkvar møtte motstand i Gloppen, hadde det ikkje minst samanheng med den radikale málreisaren Elias Melvær sitt arbeid. Han var andrelærar ved skulen, og dreiv i tillegg privat kveldsskule med undervisning i landsmål. Ikkje alle såg med velvilje på dette arbeidet, og lite vart gjort for å halde på amtsskulen i Gloppen.

## Mellomskule

Mellomskulen var ei vidareføring av framhaldsskulen. Frå 1899 til 1903 dreiv cand. theol. Reiel Nybø ein privat mellomskule i Gloppen. Nybø (1869-1938) var frå Davik, og var prost i Nordfjord frå 1925 til 1936. Undervisninga ved mellomskulen gjekk føre seg om vintrane, om somrane var Nybø premierloytnant på eksersis-plassen på Nordfjordeid. I eit intervju i Firda Tidend 4.6.1982 fortel Steffen Sandene at Nybø også var turninstruktør på Sandane: «Først heldt vi til i eit naust, seinare fekk vi vere i kjellaren i gamle-banken. Nybø var ein stram kar, og han visste å halde justis på oss då vi turna.»


Elevane ved denne private mellomskulen betalte skulepengar, og sidan skulen ikkje hadde eksamensrett, måtte dei reise til Bergen for å ta eksamen. I 1901 hand-sama heradsstyret i Gloppen eit framlegg om å ta over skulen og gjere han til ein vanleg kommunal mellomskule. Men heradsstyret sette vilkår om statsløyvingar som departementet ikkje kunne godta, og planen om ein kommunal mellomskule i Gloppen vart oppgitt.

## Folkehøgskule på Vereide

Skulemiljøet i Gloppen fekk ein viktig tilvekst i 1923 då Nordfjord Folkehøgskule stod ferdig på Vereide. Dette var då den største og mest velutstyrte av alle ungdomsskulane i fylket. Skulen blei vigsla 27.-28.oktober 1923.




Fire bilde som viser gymnastomten «Høgsætet» og landskapet rundt i ulike perspektiv før bygginga tok til. Foto: Per Sande



Bildet viser bøane på Holvikgård, seinare idrettsplassen på Sandane.



Utsikt frå gymnastomten «Høgsætet» mot Holvikgård. I framgrunnen paktarbustaden, seinare vaktmeisterbustad for Firda.



*Utsikt frå «Høgsætet» mot bøane på Holvikgård (noverande idrettsplass).*



*«Høgsætet» og paktarbustaden sett frå noverande idrettsplass.*





## *Firdaskulane fram til 1946*

### Skipinga av Firda gymnas

Arbeidet med å få eit gymnas i Fjordane var ein del av den nasjonale og frilynde reisninga i landet vårt. I tiåra etter hundrearsskiftet hadde landsmålet vunne fram både i skuleverk, kyrkje og kommunalt styringsverk. I 1910 er landsmålet innført i alle skulekrinsane i Gloppen, med to unntak: Nesjane og Sandane. Motstanden mot landsmål var sterkest i Sandane krins, her kom målbytet først i 1916, «etter mykje motstand frå heimedanskane», skriv Andres A. Lothe i *Målreisingssoga i Sogn og Fjordane*. Berre seks år seinare er likevel eit landsgymnas på Sandane vorte røyndom, tufta på ideologen i norsk målreising.

Når det vart slik, har det samanheng med eit stort engasjement frå lag, organisasjonar og enkeltmenneske som heiv seg inn i kampen for eit utdanningstilbod for bygdeungdommen. Trass i framgang for landsmålet på mange samfunnsområde var det enno vanskeleg å få høgare utdanning på landsbygda. Mange av dei som gjekk skulevegen, måtte derfor ta utdanninga si på framandt mål: norsk-dansk. Slik kunne utdanninga verte ein veg vekk frå eige kulturgrunnlag og dei tradisjonane ein var fødd inn i.

Landsgymnasa, som gav landsungdomen høve til høgare utdanning, hadde vore ei kampsak for Noregs ungdomslag sidan 1906, då Nikolaus Gjelsvik tok opp tanken. I 1910 ba Noregs ungdomslag om at staten skipa til 4-årige gymnas som kunne føre fram til universitetet. Skulane måtte vere gratis, og gamalnorsk og landsmål måtte få sterke stilling. Landsgymnasa skulle vere eit alternativ til den by- og embetsmannskulturen ungdomen blei utdanna inn i gjennom den høgare skulen. Lova om landsgymnas vart vedtatt i 1914, og det første landsgymnaset kom i gang på Voss i 1916. Dei to neste vart lagde til Hornes og Eidsvoll.

Dette var bakgrunnen for at Firda ungdomslag, Firda mållag og Sunnfjords ungdomslag i 1920 tok opp arbeidet med å få eit norsk gymnas i Fjordane. Dei tre laga valde to representantar kvar til ei gymnasnemnd som skulle ta seg av arbeidet på vegne av laga. To sentrale personar i skipingsarbeidet var Anders A. Lothe (vald av mållaget) og Ola Sande (vald av Firda ungdomslag). Desse to var arbeidsutval for nemnda. Eit tredje viktig namn er Elias Ryssdal, første gymnasstyraren. Utan innsatsen til desse tre idealistane hadde det ikkje vorte nokon skule på Sandane og i Nordfjord så tidleg.

Gymnasnemnda hadde første møtet sitt på Nordfjordeid 21. og 22. august 1921. Her vedtok nemnda at skulen skulle kome i gang frå hausten 1922, og at skulestaden skulle vere Sandane. Formannen i gymnasnemnda, Anders A. Lothe, grunngav stadvalet slik: «*Det vart og vedteke aa byggja gymaset i Gloppen, paa eller nær Sandane, daa der er baade centralt og lett tilkjømt og sers vakkert og daa der er romslege grun-*



*nar som stettar alle rimelege krav til byggjegrunn for ein slik skule. Der vil også gymnaset kunne arbeide i slikt kulturelt og socialt miljø som er turvande for den skulen som hev sett seg til uppgaaave aa uppseda vaar studerande ungdom.»*

Ikkje uventa vart det strid om stadvalet. I Sunnfjord arbeidde ei eiga nemnd for å få gymnaset dit, både Askvoll og Førde lova fri tomt. Heradsstyret i Førde lovde også tilskot til drifta og garanti for 100 000.- kroner. På Fylkestinget i 1922 vart det kvass debatt om kvar gymnaset skulle byggjast, men motstandarane lukkast ikkje å få endra stadvalet. Det var og dei på fylkestinget som var prinsipielle motstandarar av eit gymnastilbod på landsbygda. Ein representant sa at «Av princip er eg mot desse skular, som dreg folk burt frå arbeidslivet. Deira utdaning, som går på desse skulane, vert så dyr at dei må gå vidare på same vegen, og då er dei tapt for arbeidslivet».

På møtet i august 1921 vedtok nemnda også at gymnaset skulle vere tre-årig, med både real- og latin-linje. Målet var likevel eit fire-årig landsgymnas, sjølv om Sogn og Fjordane enno ikkje var med i planen for slike skular. Opplærings-målet skulle vere landsmål. I søknaden til departementet om statstilskot peikte gymnasnemnda på det kultur- og málpolitiske argumentet for eit landsgymnas: «Mange av dei ungdomar som soleis vart nøydde til aa sökja inn til byarne, kunde ikkje finna seg tilrettes i det framande miljøet dei maatte liva i. Dei vantreivst eller fekk ein aandelek knekk, som vart til skade for dei sjølve og for samfundet. Det er difor paa høg tid at bygderne vaare fær sitt eige gymnas».

Som første styrar vart tilsett Elias Ryssdal, då lærar ved Hornes landsgymnas.

Gymnaset vart offisielt opna med ei festleg tilskiping i ungdomshuset «Vonheim» 23.august 1922. Dei 30 første elevane var gjester, saman med mange innbedne: Fylkeskulestyret, skuledirektøren, fylkesmannen, ordførarane i Nordfjord og Sunnfjord, styra i dei tre fylkeslagene som stod bak skipinga, avisfolk m.fl.



*Det nye gymnasbygget i 1924. Vaktmeisterbustaden til venstre.  
Foto: Per Sande*



## Dei første åra

Skulen tok til hausten 1922 med ei klasse, som var delt i realline og latinline.

Dei første par åra hadde ikkje gymnaset eige hus, men heldt til i leigde lokale: «*Det var eit kjellarliv - og ein slags omgangsskule. Skulehuskjellaren på Austrheim, Lyslokjellaren, Bedehuskjellaren, Bankkjellaren, det gamle folkeskulehuset, loftet i Vonheim og til slutt kjellaren i den halvt ferdige gymnasbygningen gav både mosjon og variasjon i rikt mål.*» (Asbjørn Henden i *Firda gymnas og realskule. 30-årsskrift*, s. 130). Elevane var samla i dei fleste faga, men delte seg i linefaga. Når undervisninga var i Vonheim, måtte latinarane halde til på galleriet. I Vonheim kunne det vere temmeleg kaldt vintra-dagane: «*Eit foto av Alf Rosenlund syner stoda ein slik dag. Han sit på den elektriske omnien. Han har frakke, skinnlue, vottar og oppslepen paraply. Det draup frå taket. Ingen klagde. Vi var takksame for at vi fekk vidare skulegang. Vi tok dagen i handa slik den var, og gjorde det med glede. Det vart laga til eit mellombels skulekjøken i ei bu. Dei som fekk middag der, skrytta av menyen. Det var fisk og poteter ein dag, og neste poteter og fisk.*» (Borgny Søreide i *Firda Tidend* 10.5.1985)


For å få orden på husspørsmålet vart det skipa eit gymnas-lutlag som skulle skaffe hus. Skipingsmøtet for lutlaget var på Sandane 26.mai 1923. Ola Sande vart formann. Til saman vart det teikna lutar for kr. 50 600.-. Gloppe Sparebank teikna seg áleine for kr. 20 000.-, medan Firda ungdomslag skaut inn kr. 10 000.- Frå Singer i Olden fekk ein 50 000.- som rentefritt lån i ti år. I tillegg kom aksjar frå mange ungdomslag og privatpersonar. Gloppe kommune tilbaud tomt, med det flotte namnet «Høgsætet», og kommunestyret løyvde fritt elektrisk lys og varme til gymnaset. I 1924 fekk gymnaset og idrettslaget i fellesskap løyve til å nytte eit område langs Holvikselva til idrettsplass.

Arbeidet med det nye gymnasbygget tok til våren 1923 - og det gjekk fort unna. Allereie ved nyttår 1924 kunne det første klasserommet takast i bruk, og 16. november same året vart huset vigsla. Kring 1000 menneske deltok i høgtida der skuledirektør Olav Vevle heldt vigsletalen. Formannen i byggjenemnda, Ola Sande, sa mellom anna dette i si tale: «*Vi takkar Gloppe kommune i dag fordi vi fekk reisa gymnasbygningen her på høgsætepllassen, og vi takkar bygdi, som heradstyret hev vore representant for. Vi vil vona at det aldri maa verha angra at det vart teke so raust til, og vi vil vona og ynskja at skulearbeidet i dette huset maa makta aa gjera denne staden til ein aandeleg høgsæteplass for ungdomen vaar og bygdene vaare.*

I det «Omkostningsoverslag til Firda gymnas» som arkitekten, Per Sande, laga i 1923, var totalsummen for bygget kr. 104 742, 92. Med blyant har han skrive til «*Oppført uten overskridelser*».

I 1933 vart gymnasbygget overdrrege til Gloppe kommune, og lutlaget, som átte huset fram til då, vart oppløyst.

Dei første åra var tronge, eller utfordrande - alt etter kor ein ser det. I 30-årsskriftet for Firda gymnas skildrar Torbjørn Skeie byrjinga slik: «*Vi starta her ein del unge, og for det meste ureynde lærarar og hadde vår «kvite tind» å gå fram mot. Men det er vanskeleg å nå målet når du ikkje har midla. Og midla vanta. Vi kom til ein ny og vakker bygnad, andsyres interessert og vaken ungdom. Men vi stod utan læremiddel for det meste, utan bøker og samlingar, og inventaret var det heller smått med. Pengekassa var tom. Stat og kommune ytte nok eit grann, men let elles skuta segle sin eigen sjø. Skulen måtte greia brasene som best han kunne. Styret tok opp lån og stod sjølv som garantistar for å skaffa innbu. Det vart skipa basarar og gymnaskeldar, og vinninga gjekk stundom opp i spinninga. Basarane var det likaste, og ein nettovinst på 500 kr. på ein basar var då storveges.*»



Per Sande var arkitekt for gymnasbygget. På denne teikninga frå 1923 har han med ein planlagd gymsal til venstre.

I 1927 skipa styret i lutlaget til basar for å pengar til å måle den nye skulebygnaden. Det kom inn 750.- kroner, og for denne summen var huset måla utvendes og delvis innvendes.

Første kullet gjekk opp til eksamen som privatistar i Volda i 1925. I 1926 fekk skulen eksamensrett. Same hausten sa Elias Ryssdal opp stillinga som styrar, men vart ståande ut skuleåret. Hausten 1927 kom Kåre Fostervoll til Firda som styrar, og blei verande til 1938.

#### Planar om utbygging

Per Sande, bror til Ola Sande, var arkitekt for gymnasbygget, i arbeidet sitt tydeleg inspirert av Eidsvollsbygningen. I originalteikningane frå desember 1922 finn vi og inn-teikna to sidefløyar til hovudbygget: Ein stor gymnastikk-sal og ein fløy med song- og musikkrom i tillegg til to vanlege klasserom. Ei fasadeteikning av gymnastikk-salen frå mai 1923 - som er ein variant av teikninga frå 1922 - viser eit bygg inspirert av klassisk arkitektur. Dei to sidebygningane er ikkje nemnde i tidlegare soger om Firda-skulane - og har kanskje ikkje vore reelle planar i år med trøng økonomi - men dei fortel om ein framtidsrettet arkitekt med syn for kva behov skulen faktisk hadde. Etter at Turnhallen stod ferdig i 1932, fekk Firda-skulane stelta behovet for gymnastikk-salar der.

I 1938 teikna Per Sande internatbygg for skulen. Dette var tenkt med full kjellar og to høgder med hyblar. I kjellaren finn vi to matsalar der ein kunne dekke til omlag 200 menneske. I første høgda er teikna inn føredragssal, lesesal og 10 hyblar, i andre høgda er det plass til 18 hyblar og lesesal. Kvar hybel hadde plass for to elevar. Internatet var tenkt plassert sørvest for skulen.

Tankar om internat har vore framme fleire gonger i Firda-soga - som ventande er når ein stor del av elevflokkene har kome frå andre bygder. Planen frå 1938 er særleg interessant fordi han kan lesast som uttrykk for den folkehøgskule-ideologien som prega Firda-skulane heilt frå byrjinga av: Med eit elevinternat på skuleområdet ville Firda-skulane vorte eit endå tettare skulesamfunn, med tydeleg folkehøgskulepreg.



På 1950-talet hadde Jølster kommune planar om å bygge hus for jølstringar som gjekk på Firda. Dette hadde dei tenkt bygt på «Hestebiteit», ei tomt jølstringane åtte frå gammalt av. («Hestebiteit» låg i området mellom eigedommane der Berent Sandene og Alf Ødven no bur.). I 1970 var det snakk om å bygge hybelhus i Mona, men heller ikkje dette vart det noko av.

Trass i planar og tankar: Noko skuleinternat har aldri vore bygt på Sandane. Elevane har gjennom alle år funne rom hjå private uteigarar - og hatt det godt.

(Faktiske utbyggingar på Firda er skildra i eige kapittel)

### Mellomskulen

Mellomskulen var eit mellomledd mellom folkeskulen og gymnaset. Frå 1869 var mellomskuleksamén ein føresetnad for å melde seg til examen artium. Mellomskulen var lenge ein utprega byskule, men vann etterkvar innpass på bygdene. Som nemnt tidlegare var det ein privat mellomskule i Gloppe kring hundrearsskiftet, driven av Reiel Nybø.

Først i 1921 kom mellomskulen i gang att, no med lærarane Havnen og Bøyum som styrarar. I 1925 vart Gloppe mellomskule slegen saman med Firda gymnas. Rektor ved gymnaset var også styrar av mellomskulen.

Dei første åra var klassene helst små, og elevane måtte reise til Volda og gå opp til eksamen der som privatistar. Først i 1928 fekk elevane gå opp til eksamen på Sandane. I 1936 vart Firda eksamensskule også for mellomskulen i Førde, ein funksjon skulen hadde til 1956. Førde-elevane gjekk opp som privatistar, og Firda-lærarar reiste til Førde og heldt munnleg eksamen.

Elevtalet i mellomskulen vokste godt utover i 1930-åra. Skuleåret 1925-26 hadde skulen 20 elevar, i 1932-33 var talet 106. Største kullet var skuleåret 1936-37, med 140 elevar.

Etter dei nye skuleplanane av 1935 skulle mellomskulen avløysast av realskulen, som var heilt annleis oppbygd med omsyn til fag, leseplanar og eksamen. På Firda kom dette skiftet i 1941, som vart eit merkeår. Då hadde mellomskulen opp siste kullet sitt til eksamen (110 elevar), og for første gong vart det teke opp elevar til den nye toårige realskulen: 27.mars 1941 fekk skulen som den første toårige realskulen i landet full eksamensrett. Føresetnaden var at elevar som ikkje budde heime skulle vere fri skulepengar, og at det vart gjeve stipend til elevane. Gloppe heradsstyre løvvde pengar så ein fekk stelle i stand eit tidhøveleg naturfagrom. Ordninga med fri skule for utanbygds elevar vart sett i verk frå skuleåret 1943-44.

I 1941 kom og den første klassa på det fireårige landsgymnaset i gang.

### Gymnaset

Elevtalet ved gymnaset auka jamt - frå 30 i 1922 og 62 i 1927 til 281 i 1938. Frå byrjinga av hadde skulen realline og latinline. Siste klassa på latinlinna tok eksamen i 1937. Frå 1931 hadde skulen også engelskline.

Ved sida av mellomskule og gymnasklassar hadde Firda ei tid også to kortare tilbod: eit mellomskulekurs for lærarar (frå januar til sommaren) og eit eittårig artiumskurs for lærarar. Korte etterutdanningskurs vart og haldne på skulen. I august 1926 stod t.d. Firda lærarlag for eit 10-dagars kurs med ulike emne: pedagogikk, praktisk fysikk (ved Elias Ryssdal), ljud- og røystebruk, song og tonesetjing, heimstadlære med teikning. I referatet i Firda Tidend står det at kurset har stor verdi for lærarane for at dei skal klare «aa halda seg nokolunde paa høgd med kravi i tidi».

Kåre Fostervoll vart rektor i 1927 og hadde rikeleg med oppgåver å ta tak i - ikkje



minst pengesaker. 1920-åra var tunge økonomiske år både for kommune og stat, og dei første åra var ikkje skulen inne på departementet sitt ordinære budsjett. Kommunen gav årleg 2000.- kroner og frå staten kom det årleg ekstraordinære løyingar. Først frå 1. juli 1928 fekk Firda ordinært statstilskot. Dette var eitt av vedtaka regjeringa Hornsrød fekk gjort i den korte regjeringsstida hennar. Frå 1930 vart det og gjeve fast årleg tilskot frå fylket.

Slutten av 1920-åra var ei vanskeleg tid for Firda-skulane, i 1928 kalla ein stortingsmann Firda for «den døende skole». Men frå 1930 betra forholda seg. Økonomien vart tryggare og elevtalet steig.

Ei uventa krise kom i 1932. Singer sa opp det rentefrie lånet på kr. 50 000.- som skulen hadde fått. Utvegen då vart å oppløyse gymnaslutlaget, Gloppe kommune overtok eigedomen og skulen tok sjølv over alt utstyr som sjølveigande institusjon.

I 1935 sette departementet ned ei plannemnd som skulle utgreie ein ny skuleskipnad for den høgre skulen. Fostervoll var medlem av nemnda som representant for dei høgre skulane på landsbygda. Nemnda gjorde framlegg om å skipe eit statsgymnas i Sogn og Fjordane, og at dette skulle avløyse Firda gymnas. Allereie i 1936 søkte skulen om å bli statsdriven, og frå hausten 1941 starta så skulen opp med 4-årig landsgymnas, utan skulepengar for utanbygds elevar.

Krigsåra seinka naturleg nok utviklinga av skuleverket, men frå 1.juli 1946 vart Firda statsgymnas. Føresetnaden var at kommunen utan vederlag overdrog til staten skulebygningane med tilhøyrande grunn, alt utstyr og eventuelt nødvendig ekstra byggjegrunn. Departementet kravde og at kommunen måtte skaffe realskulen eige hus, gymnasbygget var ikkje stort nok til å hyse begge skulane. Kommunen godtok dette, men det skulle kome til å ta 30 år før dei nødvendige tilbygga stod ferdige.



*Elevane har fram gjennom åra sett sitt preg på Sandane, kan hende meir før enn no, då dei var her både laurdag og søndag, og reiste heim berre i samband med feriane. Hybelbuarane tok seg gjerne tid til ei handlerunde og litt småprating i sentrum før turen gjekk til hybel (seinare også lesesal) til lekselesing, stilskriving eller oppgåveløysing. Bildet er teke på hjørnet ved tannlege Skarstein sitt hus i 1950 eller 1951, og viser i bakgrunnen den gamle Hansenbutikken. Han vart riven i 1967. Arkiv: Lyslo Foto*



## Skulen og bygda

«Noko av det gildaste minne me har frå gymnasdagane var det hjartelge venskapet det frå første stund var mellom bygdeungdomen og gymnaselevane (...) Det var ikkje minst det gode sambandet mellom bygdeungdomen og gymnaselevane som gjorde at me fann oss heime på Sandane og vart glade i bygda». (Nils Fåberg, student 1926 i 30-årsskriftet)

Banda mellom skulen og bygda har vore mange og sterke fram gjennom åra. Frå økonomisk støtte dei første vanskelege åra til kulturelt fellesskap i gamle og nye fest-salar. Med gymnaset følgde nytt liv og nye medlemmer for mange lag og organisasjonar i bygda. Det var til dømes nært samarbeid mellom Firda-elevane og Sandane ungdomslag: Elevane underheldt i ungdomslaget, og SUL skipa til eigne «gymnas-kveldar». Og i mange tiår var gymnaslærarane mykje nytta som føredragshaldarar i ungdomslaget. Dei første gymnaslærarane stod i ein folkehøgskuletradisjon og såg det som ei samfunnsoppgåve å dele kunnskapane sine med folket i den bygda dei budde i.

Eit sterkt vitnemål om det nære forholdet mellom bygda og skulen ser vi i det skrivet som vart sendt rektor Fostervoll då det vart kjent at han hadde sagt opp stillinga si. Men ikkje mindre fortel skrivet om den sterke stillinga Kaare Fostervoll personleg hadde fått i Gloppe. Styret i Sandane ungdomslag hadde fått vite om oppseiinga og kalla inn til ungdomsmøte 2.8.1936. Her vart det sett opp eit skriv som alle ungdomslaga i Gloppe vart bedne om å skrive under. Og det gjorde dei. Skrivet er slik:

*Hr. rektor Kåre Fostervoll*

*Vi har vorte kjende med at De har sagt opp stillinga som rektor ved Firda gymnas og m.skule, og søker Dykk over til ein annan skule.*

*Grunnen til denne oppsegjinga har vi fått oppgjeve er eit vedtak på siste fylkesting der dette påtalar at utanbygds elevar får gå millomskulen ved gymnaset her på same vilkår som innanbygds elevar. Vi ynskjer ikkje å segja noko om dette vedtaket, men vi vil med dette vyrdsamt be Dykk taka opsegjinga Dykkar op til ny ettertanke, og om mogeleg taka den tilbake.*

*Når vi tillet oss å kome med denne opmoding so er det avdi vi veit kva arbeid De har lagt ned ved denne skulen, - at det i fyrste rekje er Dykkar energiske strev og administrative dugleik som har gjort skulen til det han er idag. Og saman med dei dugande lærarkreftene som er knytt til skulen har De ført skulen fram til eksamensresultat som det står vyrdnad av over heile landet. Vi vil dessutan gjere merksam på den gode ånd og gjennomførde disiplin som i Dykkar rektortid har vore rådande millom hundrader skuleungdom som i desse åra har gått ut og inn på Firda Gymnas. Det var etter optak av ungdomslaga at Firda Gymnas vart reist, men desse laga har dverre ikkje kunne gjeve den økonomiske studnad til skulen som det har rekna med. Men vi vil på denne måte gjeva uttrykk for vore beste ynskje og varmaste tankar når det gjeld denne skulen. Vi ser det som eit stort tap, ikkje berre for skulen men for heile bygda om De no reiser herfrå.*

*Vi vil derfor på nytt beda Dykk om at De held fram som rektor ved skulen, og vonar at Firda Gymnas og Millomskule snart må kunne få dei arbeidsvilkår den har krav på og som den i fyrste rekje på grunn av Dykkar arbeid har gjordt seg fortent til.*

*Med vyrdnad  
For Sandane ungdomslag  
Maria Nyhagen*



*For Austrheims ungdomslag  
Jon K. Hauge*

*For Nordstrands ungdomslag  
Jens K. Andenes*

*For Indre Gloppe ungdomslag  
Lars R. Ryssdal*

*For Bukta ungdomslag  
Knut Solheim*

*For Sudstrands ungdomslag  
Karl Sande*



*Eksamensdag er alltid spennende – og ikke alltid like hyggeleg.  
Han markerer slutten på skulegangen – og kan vere avgjerande for vegen vidare framover.  
Bildet er frå munnleg eksamen i fysikk våren 1939. Sensor les opp eksamensresultata under eitt, medan eksaminadar, og kan hende andre, hører på. Rutinane er litt annleis no.  
Fotograf: Ukjend.*

Banda mellom skule og bygdefolk har gjennom åra vorte knytte på mange vis. Men ingen har vorte hylla som husvertane: År etter år tok dei mot nye kull av ungdommar og ønskte dei velkomne i heimane som sine eigne familie-medlemmer. Og dei fekk godt stell for ein rimeleg penge: Mot slutten av 30-åra kunne ein hybel koste 55 kroner månaden - og då var frukost og kveldsmat med i prisen. På same tida kosta middagen på skulekjøkkenet 18 kroner månaden.

I eit nybygt hus på Kleivedammen fekk elevar i 1956 hybel for kr. 30.- pr. månad, med eige toalett, og med romvask kvar fredag inkludert. Månadsleiga for denne hybelen steig til kr. 40.- i 1960 og til kr. 80.- i 1972. I alle år med fredagsvask.

Skuleelevarane på Firda var velsedde blant sandensarane, og eg trur ikkje det var berre for di dei såg at bygda hadde økonomisk vinst av skulesamfunnet. Det var ein naturleg og utvungen omgangstone med mannen i gata, og dette var enno medan folk hadde tid til å stogga og slå av ein prat, så me glei inn i bygdelivet og kjende oss



som fullverdige borgarar. Dette var sjølv sagt heilt avgjerande for at ein skulestad skal bli omtykt og populær», skriv Bjarne Málnes, student 1954, i festskriftet frå 1976. I same heftet skriv Ingvild Fagerheim (student 1963): Skulen låg i ei bygd med lange tradisjonar i å take imot ungdom og handsame dei som dei var hennar eigne. Difor, når tankane går attende, er bygdefolk og lærarar like viktige. Ja, kan hende kjem bygdefolket eit hakk framom. Styrken til Firda som skule, sett frå min synsstad, må ha lege nett i dette, at han gav oss ein tryggleik å mogne i.»

Men mange år var det vanskeleg å skaffe nok hyblar til elevane, og rektorane hadde árvisst manande appellar om at bygdefolket måtte stille opp. Og det gjorde dei, like árvisst. På 70-talet var det fleire år prekært, men det gjekk godt kvart år. I 1977 takka rektor ved å skipe til fest for hybelvertane.

Oversynet nedanfor viser korleis hybelbehovet har utvikla seg gjennom dei siste fire tiåra. Talet på elevar har minka, og med det trangen for hyblar. Det høyrer og med i dette bildet at skuleskyssen er godt utbygt sidan 60-åra, slik at no kan ungdom reise dagleg med skulebuss frå Hyen, Innvik, Skei og Nordfjordeid.

| Årstal | Elevar i alt | Elevar som treng hybel | Hybelprosent |
|--------|--------------|------------------------|--------------|
| 1961   | 451          | 348                    | 77           |
| 1973   | 410          | 260                    | 63           |
| 1979   | 453          | 266                    | 57           |
| 1985   | 432          | 170                    | 39           |
| 1988   | 460          | 230                    | 50           |
| 1997   | 371          | 158                    | 43           |



## To forfattarar og Firda

Jakob Sande tok eksamen på latinlinna i 1926. Han hadde då gått to år på gymnaset på Nordfjordeid, men strauk i latin. Derfor bytte han skule, og klarte eksamen då han freista på nytt. I møtebøkene for elevlaget «Aurora» kan vi lese at Sande var ein omtykt underhaldar den tida han var elev på Firda. Fire gonger er han nemnd med innslag under tilskipingar. 30. januar 1926 spelar han fele og deklamerer. I møteboka for 6. februar står det: «*So las Jakob Sande op nokre dikt både av Hamsun og slike som var laga av han sjølv. Både innhaldet og framføringa var god og han fekk stor fagning.*» 14 dagar seinare (20.2.) har han skrive «*ein festleg prolog for høvet*». Også denne kvelden les han dikt: «*Etter at dansen hadde gått lystigt over tilje ei stund las Jakob Sande op av dei særmerkte dikta sine. Han fekk stor fagning. (...) I ein pause spelte Sande nokre tonestykke til oss under stor jubel.*»

Siste gonge Sande er nemnd i referat er 6.3.: «*So fortalde Jakob Sande ei sunnfjordskrøne og las opp eit dikt. (...) So fekk vi musikk av Sande og han sette lyden i godt lag og fekk stor fagning.*»

Arnfinn Bruflat tok artium året etter Sande. I ein artikkel i Jakob Sande-årboka 1992 har han fortalt om tida på skulen og om samværet med diktaren:

«*Det var her Jakob Sande i si tid studerte og skreiv dikt for Svarte næter. Han var i årsklassen føre meg, men vi var ikkje så lite saman, truleg av di vi både var sunnfjordingar. (...) Eg lyt tenkja på at Jakob Sande hadde ei bjørk ved vegen til Vereide der han ofte sat og skreiv dikt til Svarte næter. Nokre av oss sat på bøen i kring og pugga latin. (...) Men så kom Jakob Sande med eit nytt dikt frå Svarte næter. Og då vart det liv - «Dyveldi», «Tusselåt», «Hornelen» - eg trur ikkje så få av dikta i Svarte næter fekk si byrjing under den bjørka Sande brukte å sitja under ved vegen til Vereide. (...) I einslege stunder spela Jakob Sande på fele. Når han stemde fela vart det eit stort orkester med mange tonar. I Svarte næter - eventyr, folklore, tussar, hulder, risar, groteske og fantasifulle dikt beint ut or folkefantasien. Sande var ein Rabelais i innhald, sprudlande, stundom spottande om det han tykte var rangt, ein munter kar, ein av dei mest eksakte og formfulle av diktarar som har arbeidt med ord, bokstavar og vers i norsk lyrikk.»*

Bruflat fortel om ein konflikt mellom ei klasse og ein lærar: Nokre skeive ord vart sagt av ein elev, og læraren forlet klassa. Striden vart kvass, med harde ord også mot elevane. Det heile enda med at eleven laut be om orsaking og love bot og betring. Og med at Jakob Sande fekk inspirasjon til eit nytt dikt: «*Kom lat oss gå ut på vegane og drive, sa Jakob Sande. Så gjekk nokre av oss ut. Vi gjekk forbi sersjant Skrivarvik sin butikk og ut over vegen mot Vereide. Der sette Jakob Sande seg under bjørka si og tok til å skriva dikt. Eg trur sikkert det var då han skreiv diktet «Eg kryp». Han hadde ofte ein stor smil når han las dikta sine, men denne gongen trur eg smilen var større enn*



vanleg då han las: «So krökjer eg rygg for den mektige mann/ so djupt som ein skatte-tyngd bonde».

I juleheftet «Firdaljos» frå 1926 (utgjeve av elevlaget) har Sande fått prenta eit dikt under pseudonymet «Imbecile» (åndsveik, dum):

*Til lærarane ved Firda gymnas*

*Eg staar med hatt i hand  
framfor mitt kjære lærarstand  
som trutt lyt leida meg  
den drjuge kunnskapsveg.  
Dei pryler paa meg hardt  
og fram eg skrid med sniglefart  
og fyl` den sterke hand  
som ber mitt muleband.*

*Og vil eg ikkje gaa,  
so spring dei bak og jagar paa;  
og jammen lyt eg til  
kor lite so eg vil.*

*So larkar eg i veg  
og mulebandet fører meg  
igjenom øydeland.  
Skje takk mitt lærarstand.*

Torolv Solheim tok eksamen på reallina i 1929. I novella «Kunnskapstreets epleknask» frå 1957 er handlinga lagd til Gloppen og Firda gymnas:

«Det låg avbakeleg til dette gymnaset. Inne i ein fjordbotn utan gjennomgang. Rimeleg at både elevar, lærarar, ja, rektor og for den skuld, kunne finne på ting som berre kunne forklarast som umotiverte spark mot fjella i botnen. Det går an å vere innestengde for dei som alltid har vore det. Men kjem ein frå gjennomgangsbygder eller sjøtrekk til slike fjordbotnar, vert det straks til at ein realiserer tankeinnfall som elles ville vere ufødde til handling.

Her var vi takksame for alle svev som gav endring. Lausleg tale om å gå i kjeledress på skolen, som andre arbeidsfolk, gav ein kjellarhandel avsetnad på heile lageret på eit kvarter. Ei røys med tresko innafor disken kasta vi og augene på, men da mange av oss hadde lang veg til skolen, avsto vi frå treskoklampen.

Til stor glede for ein demokratisk og litt lyseraud rektor møtte vi opp i skiftande brun og blå dongerydrakt som skuledress. Billege blåskjorter som sjeldan trond vask, var neste innkjøp. Denne gongen pruta vi oss 25 % avslag i prisen. Og kjeledressen var verkeleg praktisk både til skulebruk og - t.d. til epleslang.

Denne hausten hadde det skjedd noe storveies ved skolen. Ei jente langt austfrå - frå Sandefjord - hadde vilra seg hit. Kva som hadde dreve henne hit opp for å ta artium kan vere usagt. Ho var i alle fall verkeleg på alle vis. Og godt var det for oss.

Dette var den skrale tida, da jentene hadde å vere helme med evnene sine, for å gi plass for buksebrørne. Det var derfor grese med jenter på gymnaset - så grese at vi mest gløymde at det var noken av rasen. Til Sandefjord kom oss beint i synet og med ei brettmos som gjorde oss utrygge.

Og så innførde ho ballett-dans på første elevkvelden. Det var så storarta at sjøl rektor fekk ein tokke av å ha eit skikkeleg gymnas mellom nevane. Og vi - som hadde



Tre av lærararane ved Firda ein gong i tida 1932-35. Frå venstre: Nils Hellesnes, sokneprest Olav Kvaale, Olaf Tangen. Var det snø, gjekk ofte Kvaale på ski frå Prestegarden på Vereide til skulen og tilbake. I bakgrunnen den gamle Holviksaga, omlag der barneparken på Sandane har halde til. Elevane parkerte gjerne syklane sine der.

Foto: Elias Ryssdal

*skaffa oss kvass press i kjeledressen for høvet - såg for første gong at det gjekk kvinner blant oss.*

Sjølvsgart vart det konkurranse mellom gutane om merksemd frå dette særsynet av ei jente. Ein kveld vert ho beden med på epleslang på Nordstranda - og dei fyller kjeledressane med eple. Men så vert dei oppdaga, og lyt ta beina fatt. Han og ho søker skjul i ein låve - berre dei to. Sjølvsgart kjem dei nær kvarandre, men same korleis han freistar åstryke på denne vakre jenta - alt han kjenner er eple: Også ho har fylt kjeledressen sin med frukt: «Kyskhetsbelta av Torstein var effektivt». Ut på natta leier dei kvarandre vakkert heimatt, glade over å ha lagt eplehagen bak seg.

*Men ei ulukke kjem sjeldan aleine. På skolen dagen etter kom neste.*

*Vi hadde ein lærar i realfag som interesserte seg for alt på himmel og jord - mest det som låg mellom. Vi visste aldri kva emne han ville ta for seg når timen kom, enda mindre det han kunne finne på å sluttet med.*

*Hadde vi lekse om dei eruptive bergartene, kunne han like gjerne gå i gang med eit foredrag om stjernehimmelen i september, dei siste forsteina soppane frå Ryssdalsmyra, museumsplan for Indre Nordfjord eller problemet: stikkelsbærdrepar og tang.*

*Han var like intens i alt han snakka om. Eit par varme, svartbrune auge sto opne i skallen mot klassen, så dei svarte augnebryna hans tok form som l`accent cirkonflexs. Eit vedunderleg menneske. Og eg var grumguten hans i timane - rimelegvis fordi eg var like springande gal i tankedivergensen som han sjøl.*

*Han før lett over leksa med ein del prat om ensyma i magen. Kremta fleire gonger nervøst og slitande, såg ut glaset mot idrettsplassen neafor skolen. Denne kremlinga kom alltid som præludium til det han ynskte å snakke om. Han var aldri diplomatisk i flukta bort frå pensum. Heller ikkje denne gongen.*



*Dei få sekund før han hivde seg inn i det verkelege emnet for timen, hadde alltid vore ei indre oppleving for meg. Prøvde å gissee meg til byksa i tankegangen hans. Vel, så kom det denne gongen og - men dessverre for meg førde emnet til at eg momentant vandra mine eigne tankebaner, men med hans utgangspunkt.*

*Han tok fram kjælebarnet sitt: kjølelagerplanen for Gloppe for dei ymse eplesaga bygda ól fram. Eg høyrdé som i skodd hans nøyaktige notat om modningstid, lagringstid, sveittekarakter m.m. for Gravenstein, Granat, Torstein, Åkre og Filippa - så glei eg med ein blakrande tre-kvartfull måne bak drivande skyer inn i eigne noteringar frå fruktverda med Sandefjord.*

*Eg la ikkje merke til at tonen hans hadde vorte skarp og etter kvart ilter. Merka heller ikkje at augene kvilte på meg på ein heilt annan måte enn når vi var i sams flukt. Brått vakna eg innatt i klasserommet ved at namnet mitt vart ropt på ein hittil ukjent måte frå den kanten.*

*- Øyjore! Kan du kanskje repetere litt av det vi har hatt for oss?*

*Herregud. Var det ensyma i magen eller kjølelagerplanen han ville ha.*

*Eg minnes ikkje nøyaktig det som kom or meg i min fråverande poetiske stemning, men det var noke slikt som dill, dall, dolom. I alle høve var det lyrikk med dativending - som eg alltid har vore svak for.*

*Eg hadde gått over streken. Eller kanskje han var sjalu fordi eg vandra etter eiga tankegnistring uten han? Slikt får ein aldri vite. Han var såra til djupna i si ufordervasjel.*

*Det vart intellektuelt og kjenslemessig brot mellom oss. Han snakka turrt og kjedelig pensum resten av året. Eg syrgde stort over det - gjer det ennå. Fekk aldri forklart han kvifor kjølelagerplanen for Gloppe-epla berre distraherte meg.*



## Krigsåra



«Fjelldag» var vanleg under krigen. Då drog lærarar og elevar til fjells i samla tropp. Her er nokre av lærarane samla på Austrheimssøylen. Frå venstre: Rektor Sjur Bøyum, Johannes Aursland (dels skjult.), Kristian Sjøvik, Thor Eide, Odd Kvigne, Olav Gimmestad, Ragnhild Ellingsen, Ole Sortevik. Foto: Olav Haaland

For Firda var krigsåra både vanskelege og gode. Vanskelege fordi skulen - både lærarar og elevar - opplevde dei same tunge tidene som alle andre nordmenn. Gode fordi heile skulesamfunnet stod samla mot alle freistnader på nazifisering. Skulen opplevde også at bygdefolket slutta opp om Firdaskulane i desse åra.

Dei første dagane etter krigsutbrotet var tunge å møte. Ikkje minst var mange utanbygds foreldre urolege for borna sine i desse usikre tidene. 19. april stengde skulen, og elevane vart heimsende. 15. mai kom mellomskulen i gang att med 57 elevar, og heldt undervisninga gåande fram til eksamen. Til eksamen artium i 1940 var det oppmeldt 63 kandidatar, som alle fekk vitnemål på grunnlag av standpunkt-karakterane.

I resten av krigsåra freista ein å halde skulen i gang på vanleg vis. Som nemnt i eit tidlegare kapittel vart 1941 eit merkeår: Den nye toårigje realskulen kom i gang dette året, det same gjorde det fireårigje landsgymnaset.

Skulen opplevde press frå okkupasjonsmakta fleire gonger. Særleg vart 1942 eit dramatisk år for Firda-skulane. I februar kom det påbod om flagging i samband med



Krigsåra 1940-45 var på fleire måtar både spesielle og vanskelege for skulen, med tilhøvet til okkupasjonsmakt, lærarkamp, elevar som rømde til Sverige, elevar som vart arresterte, mangel på mykje, men også med eit utruleg samhald.

Bildet viser dei tre lærarane ved skulen som vart plukka ut av styresmaktene for å bli sende på arbeidsleir. Frå venstre Paul Egede Nissen, Nils Hellesnes og Ole Sortevik. Biletet er teke på Kleivedammen 20. mars 1942 like før dei stig på bussen for å bli sende til Espeland ved Bergen. Mange møtte fram for å vise sin solidaritet.

Egede Nissen og Sortevik vart seinare sende heim på grunn av sjukdom. Hellesnes vart send vidare til Kirkenes med skipet «Skjerstad» saman med mange andre. Han kom velberga gjennom opphaldet. Foto: ukjend.

at Quisling var utnemnd til ministerpresident. Då vart først flagglna kappa, seinare vart flaggstonga riven ned. Statspolitimenn kom til skulen og heldt forhøy, men heile skulesamfunnet stod samla mot alt press: «Gjerningsmennene» vart ikkje avslørte. Rektor vart halden i forhøy 4-5 timer om ulike klagemål mot skulen, mellom anna skulle elevane fått fri to timer 17. mai, kongesongen skulle vore sungen, og elevane skulle ha bore nasjonaldrakt 17. mai. Rektor vart og skulda for å ha gjort lite for å oppklare nedrivinga av flaggstonga.

I mars kom det og krav om at lærarane måtte skrive under på medlemskap i det nazistiske Norsk Lærarsamband. Alle lærarane nekta dette. 22. mars vart tre av dei arresterte og sende til Bergen: Nils Hellesnes, Paul Egede Nissen og Ole Sortevik. Hellesnes var seinare sendt til Kirkenes, men kom heim att i november. På eit lærarrådsmøte 23.3. sa ein samla lærarlyd nei til å stå som medlemmer av lærarsambandet, og skulen stogga all undervisning. Alle elevane vart sende heim. Då skulen starta oppatt om hausten, var det elevane sjølv som tok ansvaret for undervisninga i tvangsarbeidande Hellesnes sine timer.

Rektor Sjur Bøyum skriv i 30-års-skriftet litt om møta med tyskarane:

«Ein lærde seg ein viss teknikk når ein skulle tinga med tyskarane om eitkvart eller når ein var innkalla på kontoret deira. Ein måtte lata dei ramla or seg det dei hadde på hjarta, og så roleg og fast koma med si meining eller motlegg. Som regel var det då råd å drøfta saki med dei, og kunne ein attåt kome med eit sitat frå tysk soge eller bokheim, så hadde det ein merkeleg verknad.»



Eit leitt minne frå krigsåra er arrestasjonen av fem elevar i november 1944. Dei vart skulda for å ha hørt på radio, og vart sende til fangeleiren på Espeland.

Trass i vanskelege år blømde lagslivet på skulen. Både Aurora og Concordia skipa til møte med taler og underhaldning. Fleire gonger vart det skipa til festkveldar med nasjonale emne: Sivlevkveld, Griegkveld og Hovden-kveld er døme på slike. Deler av *Peer Gynt* vart innøvt og framført av elevar. Alfred Maurstad kom på besøk, spelte fele og las utdrag frå *Peer Gynt*.

To konkrete vanskår var å skaffe nok av mat og ved. Etter kvart fekk ein til ei ordning der dei elevane som kom frå gard, vart pålagde å skaffe 20-25 kg kjøt, noko som svarte til den kvoten dei hadde rett på heime. I 1944 var det vorte knapt med ved, men skulen hadde omlag 30 mål bjørkeved ståande på Ryssdalstøylen. 1. februar 1945 vart derfor alle elevane utkommanderte til skogs-arbeid. Bønder frå Eide, Holvik, Søreide, Mardal, Vassenden og Ryssdal stilte opp til dugnad og bidrog med 36 dagsverk med mann og hest. Omlag all veden vart såleis frakta ned til hovudvegen. For skulen var det viktig å få fram veden, men like sterkt varma det nok lærarar og elevar at bygda stilte opp, med stor og handfast arbeidsinnsats, når skulen trøng det.



Skulen var vedfyrt. Vinteren 1944/45 var streng og vedlageret lite. I februar 1945 var heile skulen, lærarar og elevar, opp under Ryssdalstøylen og lempa famnved fram til vegen.  
Foto: Børge Rypdal

### På gymnas under krigen

(Helga Ladehaug, f. Øvre-Eide, var elev på Firda under krigen. I ein artikkel i «Fjordingen», 2. mai 1990, skildra ho ára sine på Sandane. Dette kapittelet er ein varsamt innstramma versjon av artikkelen.)

No hadde eg fått min middelskule-eksamen, og kva så? Far sa at no skulle eg på gymnaset. Men eg vart likevel gåande heime eit år, der eg stelte fjøs, køyrd med hest og gjekk til gardfjøsen langt oppe i skogen for å mjølke kyrne om sommaren. Vel, dette var greitt nok for eit år, men ikkje noko framtid. Så vart det gymnaset ute på Sandane, og igjen å finne seg ein hybel. Det fekk eg hos ein lærar Vereide. Og no tok ei ny og spennande tid til.

Klassestyraren vår heitte Rypdal, og var ein flink realist. Eg var nemleg så frekk at eg sökte meg inn på reallina. Ei ny tid var i emning. Jentene var i ferd med å trakke inn på gutane sine område. Tenk matematikk og fysikk! Gå med store teiknebrett under armen ein gong for veka, til bruk i prosjekjonsteikning!





Då eg tok til på Firda hausten -42, var det berre ei jente i 3. real. Men i vår klasse var der seks jenter.

Firda gymnas vart grunnlagt i 20-åra, og fekk snart ry på seg for å vere eit godt og ærverdig skuletilbod. Bygningen låg på ei høgd, godt synleg langt ut i fjorden og var ein tru kopi av Eidsvoll-bygningen. Hovudinngangen vende mot nord, og førde inn til ein hall med trapper på begge sider opp til 2.etasje. Elles var der dører inn til lærarrom, rektors kontor og tre klasserom. Dette var realistane sin etasje. I andre etasje heldt engelskmennene til, pluss realskulen. I festlege høve kunne veggjen mellom dei to største klasseromma skuvast bort, og det vart festsal.

I kjellaren rådde Olufine. Der var skulekjøken, og elevane kunne få kjøpe billeg middag der, og rundstykke i storefriminuttet.

Nord for skuleplassen skråna jordvollen ned nokre meter. Her stod utedoa. Vi såg så vidt i taket. Jentene til venstre, og gutane til høgre. Eit eldorado for ulovleg røyking i friminutta. Det var nemleg strengt forbode å røyke der i den tida. Like utanfor gjerdet låg vaktmeister-huset, ei raudmåla stove med tre-fire ungar i. Femti meter lengre borte stod rektorborgaden. Den var ny og moderne i 40-åra.

Hovudbygningen står like eins den dag i dag, men er nesten blitt borte av nye tilbygg og frittståande bygningar for spesiallinjer. Eitt av dei står plassert over dei gamle utedoa.

Eg kom til Firda som elev hausten -42, full av forventning og arbeidslyst. Rektor var Sjur Bøyum, ein lang, tynn, lutande - og veldig snill mann som åtte stor respekt blant elevar og lærarar. Vi skjøna nok ikkje den gongen kor mykje strev han hadde i balansegangen med die Wehrmacht.

Lærarane var interessante personlegdommar. Eg minnest med glede Gimmetad som måtte ta mesteparten av tysken, Øvrelid som sat urørleg ved kateteret og doserte historie, blanda med små finurlege «gruk». Og Rypdal som irriterte seg over vår mangel på matematisk innsikt.

Men ingen lærar står så fast i minnet som Johannes Aursland. Norskklæraren vår, med eit temperament som kunne kveikje eld i våt snø. Med gnistrande auge og håret til vers var han August Strindberg opp av dage. Mange av oss fekk gjennom han opna augo for den klassiske litteraturen.

Vaktmeister Eide var ein artig kar med friskt temperament. Det vart sagt at somme lærarar kvidde seg i fleire dagar før dei torde be om ein reparasjon. I den tid var det vedfyring i kvart rom, med kjempestore tre-etasjers ommar. Eide gjekk ut og inn og passa fyren - og nåde den som våga å røre ved trekken i omnsdøra!

Slik omlag var det ved Firda gymnas i 1942. Og krigen la ei klam hand over all moro. Elevlaget hadde før brukt å ha elevkveldar med dans til slutt. No var all dans forbode, men folkeviseleik var lovleg. Det hende likevel at vi lurte oss til med ein svingom, men då var rektor der med ein gong: «Me må vera varsame».

Maten måtte vi lære oss å like, sjølv om skulekjøkkenet serverte fiskekaker med «liksvette». Kjøkken-personalet gjorde ein strålende jobb med å skaffe mat til den store flokken med svolten ungdom. Det er merkeleg korleis mennesket kan innrette seg etter tilhøva.

Noko av det likaste vi kunne by på var havregryn med sukker på. Det med sukret var vanskelegast. Ofte måtte det sløyfast, og litt blå mjølk på fekk greie seg. Faren til ein av gutane i klassen stod i ei særstilling når det galdt sukkerrasjon. Der blei vi inviterte på «knekks». Det var bruna sukker, med litt mjølk og havregryn i, så det blei karamell. M-m, kor det smakte!



På veg heim etter tre år på Firda! Bildet er frå 1941 og viser frå venstre: Eivind Stedje (russ 1944), Lars Askevold, Alv Vik (begge russ 1941) og ein elev på middelskulen med etternamnet Vik. Foto: Øyvind Galåsen. Utlånt av Olav Skram.

Elevane ved Firda kom frå mange kantar i landet. Særleg var Odda, Sauda og Høyanger sterkt representert. Eg kan tenkje meg at dette har samanheng med at det var store troppestyrkar på desse stadane. Også frå Nord-Noreg kom der elevar. Somme hadde ikkje råd eller høve til å reise heim i sommarferien heller, men fekk kome på ein gard og arbeide for føda.

Sandane var på mange måtar ein fredens plass under krigen. Der var berre nokre få tyske soldatar. Men ein dag gjekk døra opp midt i ein time, og rektor kom inn med to tyske soldatar etter seg. Dei skulle hente ein elev. Denne eleven hadde vore svært anonym og tilbake-halden. Kva han hadde gjort, fekk vi aldri greie på, og det var ei dyster stemning i klassen resten av dagen.

Tyskarane hadde eit lite våpenlager på Sandane, og nokre av gutane hadde rota litt med dette. Dei følte at jorda begynte å brenne under føtene deira, og fann det klokast å stikke av. Toralv Maurstad var ein av dei.

Men så braut freden laus, i maidagane 1945. Det var ein jubel utan like. Nazi-lensmannen vart arrestert, heimefronten kom marsjerande gjennom gata, og kven andre gjekk i første rekkje enn den sky og generte engelsk-læraren vår. Engelskmennene kom med masse snop og mykje vin. Heile verda stod på ende, og der fanst ikkje eit vetig ord.

På skulen var det få som hørde kva læraren sa, og det var få lærarar som prøvde å få meir lerdom inn i oss. Det vart avgjort frå sentralt hald at vi kunne velje mellom standpunkt-karakterer eller gå opp til eksamen. Alle så nær som ein i vår klasse valde standpunkt. Dermed vart det ikkje eksamenspress på oss, og det vart ei evig festing. Somme av oss vart lei av det til slutt, og det var i grunnen godt då vi fekk reise heim, kvar til seg.





Hemmeleg russ våren 1941. Foto: Øyvind Galåsen. Utlånt av Olav Skram.



«Tidens menn» røykjer Tidemann, bak gymnasdo våren 1941.  
Foto: Øyvind Galåsen. Utlånt av Olav Skram.



## Firdaskulane 1946 - 1975



*Den noverande kantina har sitt opphav i Elevkjøkkenet, og har like til i dag vore ein viktig miljøskapande faktor. Ved starten av skulen var det heller dårleg med kaféar og middagsservering for hybelbuarane. Elevkjøkkenet var i kjellaren på gamlebygget, drive av og for elevane, med sal av osteskiver, kaffi og suppe i langfriminuttet, og servering av middag for hybelbuarane etter skuletid, med russegutane som kelnarar.*

Bildet er frå våren 1950. Arkiv Lyslo Foto

### Realskulen

Mellomskulen - realskulen frå 1941 - og gymnaset hadde vore knytte saman heilt frå byrjinga av. Både bygningar, styrar og lærarar var felles. Då gymnaset vart overteke av staten i 1946, vart dei ei viss uro for realskulen sin lagnad. Måtte dei to skulane no skilje lag? Etter planen skulle Sogn og Fjordane ha to statsrealskular. Sogn hadde fått sin i Balestrand, men det var ikkje sjølv sagt at den andre skulle ligge på Sandane. Mange var imot at statsrealskulane skulle leggjast saman med landsgymnasa: Skulane skulle vere sjølvstendige einingar, og skuletilboda på landsbygda burde spreiaast.

Men tilhøva låg godt til rette på Sandane, og staten overtok Firda realskule i 1947. Som vilkår for å få statsrealskulen hit, måtte Gloppen kommune syte for hus og stille dette vederlagsfritt til rådvelde for staten. Det vart derfor lagt planar for eit nybygg med plass for klasserom, spesialrom, lesesal, bibliotek og gymnastikksal med scene. I





1955 vart det gjeve byggjeløyve, men berre til eit første byggjesteg med klasserom. Nybygget stod ferdig i 1956 til ein kostnad på kr. 670 000.-, og har sidan berre vorte kalla «realskulebygget».

Søknaden til statsrealskulen var god, og dei fleste åra hadde skulen tre parallelklasser. For å kome inn, måtte ein gjennom ei opptaksprøve, og somme år kunne det vere like mange som ikkje kom inn som dei som klarte prøva. Ved opptaksprøva vart søkjane prøvde i to skriftlege fag, norsk og rekning, og måtte gjennom ei munnleg prøve i geografi og historie. Lista over dei heldige som hadde greidd prøva, vart kungjort frå skuletrappa. Det var ei tung melding å få for dei som ikkje kom inn - og som måtte reise heimatt utan elevplass. For å gje tilbod til mange av dei frå Gloppe som ikkje kom inn, vart det skipa til kommunal realskuleklasse både i 1961 og i 1965.

Med utbygginga av 9-årig grunnskule vart det varsle nedtrapping av realskulen, men søknaden til Firda heldt seg likevel godt. Både i 1967 og i 1968 var søknaden så stor at det vart skipa ekstraklasser. I 1968 skulle skulen etter planen ha berre ei klasse, men departementet gav løyve til ekstraklasse mot at kommunen betalte meirutgifte til lærarløner.

1968 vart det siste inntaksåret til statsrealskulen, og dei siste to klassene med 62 elevar tok eksamen våren 1970.

#### Gymnaset

Skulen hadde frå byrjinga av latin- og realline, den første innstilt i 1937. Engelsklinia kom til i 1931. Etter verdskrigen utvikla undervisningstilbodet seg i samsvar med tidas krav. I 1940- og 50-åra hadde skulen ei klasse på engelsklinia og ei på reallina. Frå 1960 av var det dei fleste åra to realline-klasser. Søknaden til landsgymnaset var stor: I 1962 var det t.d. 310 søkerar til 90 elev-plassar.

I 1950- og 60-åra var det skort på lærarkrefter, særleg var det vanskeleg å få tilsett realistar. Lærarane måtte ta overtimar, og klassene var ofte overfylte, så arbeidsbøra for den enkelte var stor. Skuleveka var på 6 dagar, med månadslov (frilaurdag) ein gong i månaden. Det var nok å gjere for elevane, men somme viste også eit vidare engasjement enn berre det reint skulefaglege: I 1956 hadde nokre elevar frå avgangsklassene innlegg i Bergens Tidende med kritiske synspunkt på gymnaset: *«Den høyere almennskole er en institusjon som er åndelig bankerott. Dens hensikt var å gjøre sine elever til frittenkende samfunnsborgere, trodde vi. Erfaringene har vist at resultatet har blitt noe ganske annet (...) Fra du kommer inn i den høyere skole, må du ta sikte på ett mål: Flest mulig poenger til eksamen (...) Ordspråket sier: kunnskap er makt! Men vi sier: Poeng er makt! (...) Vi krever at systemet blir forandret!»*. Elevane var skeptiske til arbeidsmetodane i gymnasiet, som skapte usjølvstendige og ufrie menneske. Skulen som skulle gje vokstervilkår for personleg utvikling, hadde vorte ein «puggeskule» med vekt på karakterar og poeng.

Innleget i Bergens Tidende førte til debatt på skulen, og Aurora skipa til diskusjonskveld 18. desember med tittelen «Er den høyere skolen åndelig bankerott?» 90 møtte fram til ein debatt som i referatet i Aurora si møtebok går over 10 sider. Fleire problemstillingar vart tatt opp i innleiingane: Avskaffing av karakterar, større fridom i pensumlesinga, om karakteren på vitnemålet burde bygge på fleire prøver gjennom skuleåret i staden for ei avgangsprøve, reduksjon av dei tradisjonelle faga til fordel for nye fag som logikk og psykologi («fag som en kunne bygge et livssyn på», med eit innhald som var langt viktigare enn formlar og glosar - for no handla det om å lærest opp til verdensborgarar og humanistar), utviding av skuletida med eitt år for å gje



#### KRITIKK – SAMFUNNSENGASJEMENT

*Studentar og gymnaselevar har i alle år og i alle land vore sterkt samfunnsengasjerte.*

*Dei to avisutklippa er frå 1956 og 1957. På bildet ser vi Erhardt Malenschek som russen aksjonerte for i 1957.*

## Alvor og kultur

Den aksjonen som russe ved Firda gymnas i Sandane sette i gong 17. mai for å hjelpe den 15-årige, sjuke jugoslaviske flyktningen Erhardt Malenschek har med dette vekt oppsikt utover landet.

Mark Twain sa ein gong, at gjer ein det som er rett, vil det glede nokre menneske og andre resten.

Den rauste pengegåva er sjovsagt først og fremst til glede for huslyden Malenschek og alle som har evne til samkjensle med medmenneske i naud. Men det som kanskje undra mest, var at det var frå russe initiativet kom. Dei

er unge kvinner og menn i yr og livsglad ungdom, som nett den 17. mai har fridom til alt anna enn å ofte seg for medmenneske som lit vondt. Til vanleg er det så som så med både alvoret og kulturen den dagen.

Sjovsagt har dei rett til moro, harmlaus moro i alle fall. Men det offeret som det utan tvil var å gjje heile russekassa til den unge, lame gutten, vil både for dei som ga og for han som fekk, gjøre 17. mai 1957 til ein dag med eit særskilt innhald.

Kanskje kan dette eksemplet frå Firda-russeen få også andre til å gå inn for å auke hjelpa.

## „Den høyere skole åndelig bankerott“

*Elever ved Firda Landsgymnas, Sandane, har sendt dette brevet til Kirke og undervisningsdepartementet:*

Den høyere almenskole er en institusjon som er åndelig bankerott. Dens hensikt var å gi øre sine elever til avhengige, fremmede samfunnsborgere, trodde vi. Erfarenheten har vist at resultatet er blitt noe ganske annet.

Vi som skal opp til eksamen artium til våren skulle vel ha meget gode forutsetninger til å uttale oss om hvordan de faktiske forhold ved den høyere almenskole er?

Vi kritiserer på det sterkeste dens arbeidsmetoder. Hvem er den mest samfunnsgrunnlig, den som tenker fritt og selvstendig, eller den som pugger standardiserte synspunkter? Hvem av disse blir forholdene i dag laga best til rette for? Vi viser ikke et øyeblikk med å si: den siste.

Fra du kommer inn i den høyere skole, må du ta sikte på et mål: Fleire spørsmål tilsvarende til eksamen. Målet børde ikke være poeng, men kunnskaper, kunnskaper du kan bygge din personlighet på. Ordenspråket sier: Kunnskap er makt! Men vi sier: Poeng er makt! Du har én ting å gjøre: Sett deg ned og les pensum, drepp din egen tanke, og følg lærebøkene blindt. Systemet er en anonym ensretting gjennomført i det stille. Vi blir holdt innenfor den snevre rammen som lærebøkene drar opp. Pensumjæget gir ingen plass for individet. Vi skal all sammen lese samme, vi skal bli delen i ein enestehende klasse. Personer som ikke kan eller vil bli nummer, og som vær å opponere mot de oppsatte forskrifter, blir sett på som nonsket.

Vi krever at systemet blir forandret! Vårt mål er å skape en opinion mot de herskende forhold, forhold som ikke lenger kan eller må tales!

Gunnar Austrheim, Aksel Botnen

Egil Viellestad,

Jostein Hjellbrekke,

Bjørn Grann, Ove Langlo,

Elever i avgangsklassen ved

Firda off. Landsgymnas.





plass til nye fag, kvaliteten på lærebøkene i gymnaset (som var einsidige og prega av lærebokforfattarane - og lektorane gjorde ikkje noko for å bøte på dette: Dei makta ikkje å gje elevane perspektiv og vidare horisont). Etter innleiringane vart ordet gjeve fritt, og i referatet heiter det: «...det ble diskutert i det vide og brede....De av lektorene som deltok i diskusjonen forsvarte det nåværende skolesystem, og mente at elevene senere derhen ville komme til de samme resultater. Fra skoleelevenes side ble det øvet en meget krass kritikk over de herskende forhold innen den høyere skole. De fleste gymnasiastene hevdet at gymnaset var blitt en spesialiseringsskole, som forsørte sin oppgave i å gi elevene almendannende kunnskaper. Stort sett måtte diskusjonen sies å være saklig, men i alle fall en av elevene nyttet høvet til å komme med personlige angrep.»

Sjølv om lærarane hadde forsvar skulesystemet i debatten, arbeidde skulen jamt for å tilpasse undervisningstilboden til samfunns-utviklinga. I 1963 søkte Forstandarskapen om å få ei økonomisk line ved skulen. Noko økonomisk gymnas var det ikkje på den tida i fylket. Hausten 1966 byrja den første klassa på økonomisk line. I 1970 starta skulen eit eitt-årig økonomisk studentfag-kurs, tenkt både for artianarar som ville rett ut i arbeid, men og for dei som hadde real- eller engelsk-artium og som ønskte å kvalifisere seg for økonomiske høgskule- og universitets-studium.

I 1960-åra vann samfunnsfaga fram både i utdanningssektoren og i samfunnsdebatane. På Firda viser dette igjen i planar om å få til ei sosialline, knytt opp mot sosiale institusjonar i kommunen. Noko slik line kom ikkje, men i 1972 fekk skulen til ei samfunnsfagline, med samfunnskunnskap som hovudfaget. Mot slutten av dette tiåret kom dei siste tiltekstane i undervisningstilboden ved skulen: musikkline frå 1978, idrettsline frå 1979 og helse- og sosialfag frå 1980. Dei tre sistnemnde undervisnings-tilboda var dei første åra bygde opp som 2-årige kombinerte grunnkurs med høve til eit tredje påbyggingsår som gav generell studiekompetanse.

### Utbyggingar

Frå 1956 av vart det sendt árvisse søknader om å få setje i gang med det andre byggesteget for «realskulebygget». Avslaga var like árvisse. Største behovet galdt ein tidhøveleg gymnastikksal. Også dei kommunale skulane hadde därlege vilkår for kroppsøvings-undervisninga, og det vart semje om å få reist ein idrettshall i samarbeid mellom fylke og kommune. «Firdahallen» stod ferdig i 1965, med ein sal på omlag 900 kvadratmeter. Fram til Aulaen vart bygd, var «Firdahallen» også nytt til konserter, dans m.m. Skulen hadde fleire av haustfestane sine her.

I 1969 vart det sett ned ei nemnd for å sjå på rombehovet ved Firda. Også no vart det samarbeid mellom kommune og fylke, og i 1970 gav fylkestinget klarsignal for eit nytt byggjesteg. Endeleg kunne planane frå dei tidlege 50-åra bli røyndom!

Tilbygga til realskulebygget stod ferdig sommaren 1974, til ein samla kostnad på omlag sju millionar kroner. Den eine fløyen innheldt ein romsleg Aula, fysikk- og kjemi-rom, rom for eit planlagt språklaboratorium og tilfluktsrom. I den andre fløyen vart det lærarrom, arbeidsplassar, kontor og lokale for Gloppe folkebibliotek.

I samband med utbygginga vart den gamle vaktmeisterbustaden riven. Huset var tidlegare paktarbustad på Holvikgård, bygt i 1890.



*Lesesalane ved skulen er mykje nytta. I samband med siste utbygginga – Aula og personalromfløy – flytta Gloppen folkebibliotek inn i sokkeletasjen av den sistnemnde. Folkeboksamling og skuleboksamling vart samla der, berre skilde frå kvarandre med ein delevegg. Fagutdanna bibliotekar vart tilsett for å ta seg av begge samlingane. Plassen, som ein trudde skulle vere rikeleg, er etter kvart for liten.*





## *Styreskipnader gjennom 75 år*

Firda gymnas var frå starten av sjølveigd, med eige styre og forstandarskap. I 1946 overtok staten skulen, i 1964 vart fylkeskommunen eigar.

Etter dei første lovene for gymnaset hadde skulen eit styre på seks medlemmer: Ein frå kvar av dei tre fylkeslaga som stod bak skipinga (Firda mållag, Firda ungdomslag, Sunnfjords ungdomslag), gymnasstyraren, ein representant vald av Gloppen kommune og ein utnemnd av overstyret (=departementet). Første formannen var Anders A. Lothe (vald av Firda Mållag).

Ei lovendring i 1930 gjorde eit forstandarskap på fem medlemmer til styre for skulen. Dei tre fylkeslaga skulle no velje ein representant i lag, medan Kyrkje-departementet, Sogn og Fjordane fylkesting og Gloppen heradsstyre valde ein representant kvar. Rektor ved skulen var i tillegg sjølvskriven medlem av styret. Andres A. Lothe som hadde vore styreformann gjennom alle 20-åra, vart vald til formann også i den nyskipa forstandarskapen. I 1934 vart Elias Faleide, vald av fylkestinget, ny formann. Han hadde så dette vervet fram til 1951, då han sa frå seg attval. Ny formann vart då Johnny Bakke.

Lærarane ved skulen fekk eigen representant i styret i 1940, vald av lærarrådet. Thorbjørn Skeie var første lærar-talsmannen i forstandarskapen.

Då gymnaset vart fylkeskommunalt i 1964, fall ordninga med forstandarskap bort. Fylkeskulestyret peikte no ut skuleutval som styre for skulen. Då «Lov om vidaregåande opplæring» kom i 1974, fekk skuleutvalet ny samansetjing: To representantar vart valde av fylket, to av lærarrådet, to av elevrådet og ein av rådet for andre tilsette ved skulen.

Skuleutvalet hadde omfattande styringsoppgåver med vedtaksrett bl.a. når det galdt reglement, valfag, bruk av rammetimar til undervisning og framlegg til skulebudsjett. Vidare skulle utvalet uttale seg om bl.a. undervisningstilbod, ombyggingar og nybygg og gje innstillingar i tilsetjingssaker.

Gjennom endringane i Lov om vidaregåande opplæring av 1993 vart skuleutvalet sine oppgåver sterkt reduserte. No har skuleutvalet berre «rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen». Elevane og dei tilsette er representerte som tidlegare, men fylkeskommunen sine representantar er rektor og ein til frå leiinga. Rektor er både sekretær og leiar for skuleutvalet.

Skuleutvalet sine tidlegare funksjonar er stort sett overtakne av rektor som arbeidsgjevarrepresentant og av eit partssamansett tilsetjings- og personalutval.



Rektorer ved Firda gymnas/Firda vidaregåande skule



Elias Ryssdal  
1922 - 1927



Kåre Fostervoll  
1927 - 1938



Sjur Bøyum  
1938 - 1947



Emil Vollset  
1947 - 1951



Børge Rypdal  
1951 - 1963



Odd Kvigne  
1963 - 1965



Olav Haaland  
1965 - 1974



Kjell Brevik  
1974 - 1985



Ragnar Eimhjellen  
1985 -



## *Meir enn ein skule*

Firda har alltid vore meir enn ein skule, skreiv Svein Lundevall i helsinga si til skulen i festskriftet frå 1976. Mange har sagt det same: «Det er altså ikkje andregradslikningar som renn meg i hugen når Firda gymnas blir nemnt, det er først og fremst skulemiljøet (...) Vi lærte, mogna og vaks i ein stor familie» (Harald Kjølås i festskriftet 1976).

Dette skulemiljøet vart skapt i samverknad mellom elevar, lærarar og bygdefolk. Og det måtte skapast frå grunnen av:

*«Om me som kom til dette gymnaset, fann alt uferdig, og måtte famle oss fram når det galdt å skapa eit elevmiljø, fann me noko på denne skulestaden som vog opp mykje av det som vanta... Me fann eit bygdemiljø som me kjende og vart difor ikkje rykte opp med rot og planta over i ny jord. Av di skulen vanta alt som skulle skapa fritidssysler, var det naturleg at elevane, samstundes som dei freista å skapa sine eigne organ som elevlag, songlag og musikklag, òg freista å finna kontakt med ungdomen på staden»* (Nils Fåberg, student 1926 i 30-årsskriftet).

Slik voks det fram eit nært og tillitsfullt samarbeid mellom elevane og lærarane heilt frå byrjinga av. Også i forhold til elevane stod lærarane i ein folkehøgskuletradisjon med ansvar ut over den reint faglege formidlinga og leksehøyringa.

Elevane fekk tidleg stort ansvar. Skulekjøkkenet vart skipa med ein gong, først i leide hus, frå 1924 i kjellaren i gymnasbygget. Kjøkkenet var drive som samvyrke-tiltak, der elevane betalte berre det maten kosta. Dei var med i styret, og dei var med og reviderte rekneskapen. Gutane i avgangsklassene var «kelnarar» og serverte ved langbord. Somme år fekk over 200 elevar middag her kvar dag.

Alt i 1927 vart det skipa elevråd ved skulen, med tillitselevar frå alle klassene. Dette er nesten 50 år før ordninga vart lovfesta. Elevane styrte også sjukekasse og badekasse for elevane. Seinare vart både bibliotek og lesesaal drive med elevar som tilsynsmenn. Også postformidling (skulen hadde eige elev-postkontor i første etasjen i gamlebygget der serveren til dataanlegget no står) og sal av brukte lærebøker (på høgsteloftet i gymnasbygget) var aktivitetar som elevane stod føre til langt ut på 70-talet.

Tidleg på 1950-talet kom skuleavisa «FG Glimt» i gang. Med noko ujamn utgjevar-takt har denne avisa kome ut heilt fram til i dag. Den lengste tida drive som hobby ved sida av skulearbeidet, men på 1990-talet som eit eige valfag.

1960-åra var nok beste ára for «Firda Glimt», med sterkt politisk elevengasjement på skulen - noko som viser godt att i innhaldet. I avisas kan vi lese om tilhøva ved skulen: referat frå tilskipingar, fråværsstatistikkar for dei ulike klassene, portrett av elevar og lærarar, debattar, politiske kommentarar og synspunkt på arbeidsmengda for elevane. Men her er og dikt, både av elevar og av kjende lyrikarar, forteljingar, petitar, kronikkar, oversyn over yrkesval og meir filosofiske tekstar. Nokre overskrifter frå 60-talet



vitnar om breitt engasjement: «Jean-Paul Satres dikting» (2/64), «Gymnasreform i Sverige» (1/65), «Pasifisme - kva seier Bibelen om dette emnet?» (3/65), «Et sjokk å se gymnaset med elevenes øyne» (intervju med Per Dalin, 1/66, ), «Einar Skjæråsen» (2/66), «Pax - sint, nytt forlag» (3/66), «Ikkje tvangsklipping av langhåra gutter, lovar dei styrande på Firda» (3/66), «Narkotika-debatten» (1/67), «Er Wenche Myhre nedbrytande?» (2/67), «Kristendom og sosialisme» (2/67), «Tankar om effektiv undervisning» (3/67), «Lita støtte for USA´s Vietnam-krig» (meiningsmåling blant elevane, 2/68), «Reklame i fjernsynet» (4/68), «Fri skule for frie menneske» (1/69), «Misforstått julefeiring» (4/69). Siste nummeret av «Firda Glimt» kom i 1996, men det har fleire gonger vore snakka om å få skuleavisa på beina att.

Gjennom engasjement på mange område ved sida av det reint skulefaglege har Firda gjeve elevane mulegheiter til personleg vekst og utvikling. Ein har fått prøve seg i praktisk organisasjonsarbeid, som journalist og fotograf, som deltakar i skuledemokratiet - og ikkje minst som kunstnarleg utøvar gjennom revyar, festar og tilskipingar av ulike slag. Slik har Firdaåra for mange vore modningsår og vekstår, men også brytingsår og stridsår. For dei fleste har Firdaåra vore vekstår som har sett spor for livet. Ikkje få har fått erfaringar gjennom skule og fritid som har gjeve viktige verdifeste i vakse liv. I skulesamfunnet lærte ein seg å stå fram for ei forsamling, føre møteprotokollar, leie ei samkome, halde innlegg. Ein lærte seg å ta ansvar for eit fellesskap, og fekk erfaringar som kom til nytte i seinare vaksen-liv.

Skulen har gjennom åra hatt mange praktiske og ideelle skulelag, frå fotoklubb og songkor til politiske ungdomslag. I 1964 var det til dømes 10 elevlag på skulen. Fire store elevlag har stått sentralt i skulesamfunnet gjennom Firda si soge: elevlaget «Aurora», fråhaldslaget «Stella», det kristne elevlaget «Concordia» og skule-idrettslaget. Når elevlaga får vanskar med å halde opp aktiviteten på 1970-talet, heng det mellom anna saman med at skuleveka vert redusert til fem dagar frå hausten 1974. Dermed kunne hybelbuarane reise oftare heim att, og det sosiale miljøet ved skulen fekk ringare kår i helgane. I 1970- og 80-åra vert også konkurransen om ungdommens fritid sterkare, i tillegg til at den vert kommersialisert. Også på det viset fekk skulelaga trongare kår, og aktiviteten døydde ut.

Men i over 50 år stod elevlaga sentralt i Firda-miljøet. Dei skipa til opningsfestar kvar haust, der nye elevar fekk bli kjende med dei ulike laga - og finne feste i miljø som dei kjende frå heimbygdene sine, same kva verdifeste dei hadde heimanfrå. På Firda fann dei fråhaldslag, kristent lag, frilyndt ungdomslag, idrettslag og ulike særlag for dei med spesielle interesser. Slik vart overgangen til ein ny skule og ei ny bygd trygg for dei som var reiste heimanfrå for første gong. Somme var berre 14 år når dei kom til Firda for å begynne på realskulen, og det var få høve til å kome heimatt anna enn til dei store høgtidene. Men gjennom skulelaga og omsorga frå hybelvertane fekk dei eit nettverk som gjorde hybellivet godt leveleg.

#### Aurora

Elevlaget Aurora vart skipa allereie første skuleåret, tydeleg etter modell av dei frilynde ungdomslaga som elevane kjende godt til frå heimbygdene sine. Aurora var det samlande elevlaget, som alle kunne vere med i, same kva livssyn og interesser ein hadde.

Slektskapen med dei frilynde ungdomslaga ser ein særleg godt i måten laget vart drive. Ulike nemnder tok seg av tilskipingane og laget hadde handskrive lagsblad, «Firdaljos», som var fast innslag på møta. Som i ungdomslaga var her føredrag og diskusjonar om både aktuelle og evige emne. Sketsjar, song og musikk var vanlege un-



Vandring på skuleplassen i friminutta var vanleg lenge, og var noko av det som kjenneteikna dagleglivet ved Firda. Uansett årstid gjekk elevane att og fram på skuleplassen, to eller tre, kan hende fleire, i breidda - frå det ringde ut til det ringde inn. I bakgrunnen vaktmeisterbustaden. Bildet er frå midten av 1950-åra. Fotograf: ukjend.

derhaldningsinnslag, og gissekonkurransar var populære. Aurora hadde nært samarbeid med Sandane ungdomslag, og sammøte var vanleg. Dei nære banda til lokal-samfunnet viste seg og i at Aurora hadde medlemmer i 17.mai-nemnda på Sandane på line med andre lag og organisasjonar i bygda.

Elevlaget fekk tidleg til eige strykeorkester, og fekk laga fane til skulen (måla av Alf Rosenlund). Laget kjøpte piano, og hadde ideen om eit skulemerke i sølv.

Det første harde ordskiftet galdt namnet på laget, med ei usemjø som skilde elevflokken etter latinarar og realistar. Latinarane ville ha eit namn som peikte utover kvardagen og føreslo Aurora, gudinna for morgenroden. Realistane gjekk hardt mot dette, dei ville ha eit «norskt namn». Men latinarane utgjorde fleirtalet i elevflokkene og vann avrøytinga.

Med eige hus og ein flott festsal fekk elevlaget ein god framskuv. Her vart det og laga til ei lita scene. Mange aktuelle spørsmål vart drøfta i laget, og samtidig gav rikeleg med emne: Nazistane si maktovertaking i Tyskland, skipinga av Nasjonal Samling i Noreg, Øverland og Hallesby sine ordskifte om kristendomen, krigen mellom Kina og Japan, målstrid i Noreg. Motsetnadene var sterke i elevflokkene: På den eine sida stod medlemmene av den sosialistiske studieringen «Storm», radikalarar som gjekk med raude skjerf kring halsen for å markere seg. På den andre sida finn vi eit fedrelandslag med sterke nasjonalistiske standpunkt.

Utover i 1930-åra endra møta seg og vart meir fylte med underhaldning enn med opplysnande føredrag og diskusjonar. Elevane ønskete ombytte frå skulekvardagens



krav om kunnskapar og alvor, møta skulle gje kvild og tidtrøyte.

Ei rad kjende talarar og kunstnarar vitja laget i Mellomkrigstida, mellom dei Olav Midttun, Thoralv Øksenvad og Alfred Maurstad.

Ein vanske for laget var å få til kveldar som høvde for alle, tilskipingar som kunne femne frå dei yngste 13-14 áringane på mellomskulen/realskulen til godt vaksne artianarar. Det var fleire gonger på tale å få to elevsamfunn, eitt for dei som gjekk mellomskule/realskule og eitt for gymnaselevane. For skulesamfunnet som heilskap hadde dette knapt vore ei god løysing, og det vart då heller aldri slik.

Mot slutten av 1930-åra byrja Aurora å arrangere ársfest om hausten. Dette var ei stormönstring av det skulen kunne by på av kultur-innslag, ein festkveld framom dei andre. Dette er opphavet til det som seinare vart «Haustfesten», med andreklassene på gymnaset som ansvarlege for tilskipinga. I mange år var denne festen i Turnhallen. Dei første åra var rjømegraut fast på menyen, seinare vart det pølser og potetstappe. Underhaldninga var sett saman av både seriøse og meir lette innslag, ofte var det henta inn kásørar utanfrå, som Ivar Grimstad (1959), Carl Fr. Prytz (1960), Finn Gustavsen (1966). Tradisjonen med haustfest, med andreklassene som tilskipar, er framleis árviss.

I 1950 vart lovene for laget endra, mellom anna for å minske skilnaden mellom realskulen og gymnaset i lagsarbeidet. Alle klasser fekk representantar i styret, og i staden for å skifte heile arbeidsutvalet kvart halvår (for å gje mange elevar erfaringar), skulle ein no skifte berre halvparten, for å sikre kontinuiteten. Etter dei nye lovene skulle laget ha ei teaternemnd, og denne skipa hausten 1951 «Firda Amatørteater», med eigne lover og eige styre. Første framsyninga var «Bjørnefjell» av Olav Hoprekstad. Av andre skodespel som vart framførte av teatergruppa i Aurora kan nemnast: Garborgs «Læraren» (1956), Holbergs «Den stundesløse» (1958), Knut Hauges «Møte i grenselandet» (1961), Klæbos «Isflå» (1962), Bjørnsons «Geografi og kjærlighet» (1963), Tor Jonssons «Siste stikk» (1964), Holbergs «Erasmus Montanus» (1965), Bjørnsons «Mellom slagene» (1966).

Men lovendringar kan aldri skape aktivitet i seg sjølv, og lagsarbeidet gjekk tungt utover i 50-åra. Interesse-motsetnadene mellom dei yngste og dei eldste elevane var framleis vanskeleg å sameine. Russen tykte programma var barnslege, og ønskte meir akademisk profil på laget, tydeleg etter mønster frå studentsamfunna på universiteta. No skulle det heite gymnassamfunn - og realskulelevane knurra. Men «kultur- og debatt-lina» sigra, og medlemstalet voks. I 1956 hadde Aurora 220 medlemmer - elles skifte dei gode og dei dårlege ára som i andre ungdomslag. Det vart skipa kulturkveldar med bygdefolket som gjester, men det var også kveldar med lettare underhaldning og dans. Både lærarar og elevar deltok med føredrag, káseri, opplesing og musikkinnslag. Mellom 50 og 70 frammøtte var vanleg på diskusjons- og programkveldar i 50- og 60-åra, og Aurora hadde dei beste ára fram mot 10 ulike arrangement i løpet av eit skuleår. I mange år arrangerte Aurora 17.mai-fest på skulen for elevane.

Av føredrag og káseri som var haldne på 50- og 60-talet kan nemnast: «Nordahl Grieg», «Eksistensialismen», «Edvard Munch», «Nordisk samarbeid», «Kvinna si stilling i samfunnet», «Holberg», «Tysk ungdom og politikk», «Freud og psykologien», «Jordbruk og industrialisering», «Pasifisme og militærnekting», «Religionsundervisninga i den høgre skulen», «Kvinna som yrkeskvinne eller mor», «Jazz kontra klassisk», «Den nye læreboknormalen», «Ungdomskriminalitet», «Takt og tone i og utanfor skulen», «Flukta i frå landsbygda», «Bør vi stasjonere atomvåpen på norsk jord?», «Fellesmarkedets», «For eller mot statskyrkja». Titlane fortel om stor breidd i emneval, og eit elevlag som enno langt inn på 60-talet står fast røtt i den gamle folkeopplysningstradisjonen.



*Haustfest, Russerevy (både utan og med trena instruktørar) og Grisefest har lange tradisjonar ved skulen. Her eit innslag frå revyen hausten 1947, med frå venstre Magne Sølvberg, Torolf Støyva, Sigmund Svoen, Bjarte Bøyum, Sæbjørn Dahle og Sjur Børve som «haremskvinner» og Odd Solheim som sjeik. Foto: Lyslo Foto*



*I fleire år øvde russen, med god hjelp av Kjell Henden, inn heile spelestykke i tillegg til dei vanlege revyinnsлага. Her er Gunn Tone Moen ei svært så aktiv vaskehjelp saman med Roy Alisøy hausten 1989 i ei scene frå «Skulle det dukke opp fleire lik er det berre å ringe»*



Programkveldane var som før skipa etter mønster av dei frilynde ungdomslaga, med sketsjar, allsongar, opplesing av lagsavisa, gissekonkurransar, filmframstyringar, musikkinnslag, dikt- og novelle-opplesingar. Nye innslag er høyrespel gjennom radio og yrkesorientering. I pausane var det gjerne grammofonmusikk, og «bar» med høve til å kjøpe brus, kaker og gele med krem. Fleire gonger fortel elevar om reiser dei har hatt i utlandet, særleg populære vart kåseri om opplevingar som utvekslingsstudent.

Somme år arrangerte Aurora kulturveldar saman med andre lag på Sandane. Nokre døme viser breidda i slike tilskipingar: I april 1957 kåserte lektor Aursland om moderne naturvitenskap og det vart vist to filmar: ein frå EM på skeiser 1956 og ein om komponisten Georges Bizet. I tillegg var det opplesing og song. Andre døme på kulturveld-kåseri er «Ungdomen si framtid i vårt demokrati» (Paul Svarstad, desember 1958) og «Henrik Ibsen og hans dikting» (Kaare Halvorsen, april 1959). I februar 1958 var jazz tema for ein kulturveld, med tre ulike innleiarar. Kvelden enda med skiping av «Jazzklubben ved Firda-skulane». Jazzklubben vart skipa på nytt att hausten 1964. I 1961 hadde ein tre større innslag på ein kulturveld: Leiv Døssland kåserte om folkediktinga, Bjarne Volle om musikkens historie og Yngvild Fagerheim las Jakob Sande.

Av andre Aurora-tiltak kan nemnast innsamling til Ungarn i 1956, innsamling til humanitært arbeid blant barn i Sør-Korea (1963), politiske møte med representantar frå ulike parti i Gloppe, opprop mot kjernefysiske prøver, dansekurs (200 påmelde til eit kurs våren 1958) og litteraturkveldar. Av litterære tema kan nemnast Ivar Aasen (med framføring av «Ervingen»), Olav Nygard, «Mystikken i litteraturen», og Tor Jonsson. Det vart også skipa til eigne musikk-kveldar, med føredrag om kjende komponistar.

I nokre år rundt 1960 vart det skipa til såkalla «Aucomosil-kveldar», der alle dei fire store elevlaga ved skulen samarbeidde.

Mot slutten av 1960-åra var det framleis liv i Aurora, med hovudvekt på dansefestar. På 70-talet vart det tyngre - og elevlaget slutta i praksis å eksistere.

#### Idrettslaget

Firda Idrettslag vart skipa første skuleåret, med eit føremål som la vekt på miljø og fellesskap: «Føremålet skal ikkje vere å vinne, men å nyte gleda i å kunne vere med».



Firda hadde lenge eit aktivt idrettslag og har i alle år hatt eit godt idrettsmiljø, ei rolle som i dei seinare åra er overtaken og forsterka av idrettslina ved skulen. Bildet viser ein langrennkonkurranse i forkrigsåra med start på skuleplassen. Foto: Elias Ryssdal



*Elevar frå Firda har hevda seg godt på idrettssteme arrangert både under og etter krigen. Her kjem Johan Kristiansen først i mål ved Turnhallen under ein løpskonkurranse ein gong midt på 40-talet. Legg merke til den store tilskodarmengda på begge sider av bana og på taket av den store tyskerbrakka som den gongen stod ved Idrettsplassen. Ingenting å seie på publikumsinteressa! Foto utlånt av Johan Kristiansen*



*Frå ei veksling under Firdastafetten ein gong midt på 50-talet. Arkiv: Lyslo Foto*



Skuleidrettslaget var ikkje med i Idrettskrinsen dei første åra, så elevane kunne ikkje vere med i krins-konkuransar. Mange melde seg derfor inn i Sandane Turn- og Idrettslag (STIL) og fekk vere med gjennom dette laget. Samarbeidet med STIL var tett, med treningar på idrettsplassen, som var ferdig i 1929, og med innandørs-aktivitetar i den nye Turnhallen (frå 1932).

I 1937 vart skulelaget med i Idrettskrinsen, elevane kunne då stå fram som reine Firda-elevar i idrettskonkuransar. Same året skipa laget til opningsstemne, frå 1946 var dette eit fellesarrangement mellom FI og STIL.

Frå 1929 vart det skipa til årlege «Triangelmatchar» mellom gymnasa på Eid, Sandane og Volda. Første triangelmatchen vart halden på Eid 29. september 1929, og vart vunnen av Firda gymnas. Frå 1969 kom Flora gymnas med, og konkurransen vart omdøypt til «Rektangelmatch». Den første av desse vart halden 18.-19. oktober 1969 på Sandane. Frå byrjinga av var desse skulekonkuransane tevlingar i friidrett, seinare kom både fotball og handball med. Det var også triangel-/rektangelmatchar om vinteren, då var det konkurransar i hopp, langrenn og slalom - og volleyballturnering innandørs.

Firda-elevane har gjennom alle år delteke - og gjort det godt - i mange idrettskonkuransar: Breimsstafetten, «Ålesundslekene», «Vestlandske skolestevne», «Landsstevne for høyere skoler», Olavsstafetten i Trondheim, Noregsmeisterskapar - og mange andre. På 70-talet hadde Firda med handball-lag i serien.

I 1950-51 vart det gjort opptak til «Firdastafetten», som vart arrangert første gong søndag 29. april 1951. Fem lag var med: Florø, Vereide, STIL og to lag frå Firda gymnas. Firda gymnas vann, med STIL på andre-plass. Om kvelden var det fest i Turnhallen, med premieutdeling og dans til musikk av «Skuleorkesteret». Røtene til «Firdastafetten» var «Monastafetten» som var arrangert i 1944 og 1945.

Dei første åra hadde «Firdastafetten» start på Kleivedammen, med løype inn Eide mot Vassende-mona og utatt Grasdalen. Seinare var start og mål på Idretts-plassen, og stafetten vart árvisst arrangert 1. mai. Lenge gjekk løypa opp forbi gymnaset til Holvika, over Kleivedammen til Eide og Ulvesbakken - og så ned att til Sandane. Løypa vart lagt om til eit reitt sentrumsløp i området rundt gymnaset i 1986.

«Firdastafetten» hadde god oppslutning i 50- og 60-åra, og så seint som i 1978 stilte 60 lag til start. I 1979 var det for første gong eiga klasse for bedriftslag, Firda-lærarane vann framfor Byrkjelo Maskin. 1982 var første året med jentelag, også dette året deltok 60 lag. Frå slutten av 80-åra minka oppslutningen, og frå 1995 har «Firdastafetten» vore ein rein skulestafett, med deltakarlag frå Firda og ungdomsskulen. På jubileumsstafetten i 1997 deltok 35 skulelag.

Firdastafetten var i sine beste år eit stort og stilfullt arrangement som samla hundrevis av deltakrar, med stor defilering gjennom sentrum. Stafetten blir alltid opna med appell, og vi tek med eit utdrag frå Per Lothe, idrettsveteran og Firda-lektor, sin opningsappell i 1982: «Dessे terrengstafettane er ein veldig fin form for idrett, både for deltakrar og publikum. Løp er sikkert den eldste form for idrett som finst. Menneska har vel sprunge om kapp så lenge dei har levd på jorda. Det å tevla om kven som hoppar lengst, og kastar lengst, har sikkert kome seinare. Løp er startfasen for all idrett. Dessutan er stafett lagidrett, med laginnsats og lagånd. Ein er samla om ei felles oppgåve. Stafett er for mange.»

Når terrengstafettar for seniorar etter kvart tapar terreng - både bokstavleg og i overført tyding - er det freistande å sjå dette som eit resultat av aukande individ-sentrering i idretten - noko som igjen speglar sider ved samfunnsutviklinga i 80- og 90-



åra. Dette er utviklingstrekk som ikkje berre Firda-stafetten har blitt råka av. Firdaskulen har møtt utfordinga ved å gjere stafetten om til ein konkurranse for alderbestemte klasser, dvs. skuleklasser.

Det kan verke som om skuleidrettslaget får vanskar med å halde oppe lags-aktiviteten etter at idrettslaga i Gloppe satsa sterke på toppidrett. Med dei sterke krava toppidrett set, er det berre lag med god økonomi, profesjonelle trenarar og effektiv organisasjon som kan ta seg skikkeleg av dei som vil satse på toppidrett. For eit skulelag er slikt både utenkjeleg og umuleg. Utover på 80-talet dalar også interessa generelt for idrett blant alle elevane, og aktivitetsdagane skiftar karakter: Fram til midten av 70-talet deltok dei fleste elevane i tre øvingar på den årlege idretts-dagen. Men etter kvart vert det ikkje obligatorisk å vere med, idrettsdag og fjelldag vert kopla saman. Berre nokre få vart då att på idrettsbana, dei fleste gjekk til fjells. På 90-talet vart så idrettsdagen vekke, men fjelldagen er framleis eit fast innslag tidleg på hausten.

Etter at skulen fekk idrettsline har elevane her stått for dei idrettsaktivitetane skulen har (leirskule, trimdagar mm). Men idrettslaget er framleis arrangør av stafetten, med styret lagt til andreklassen.

#### Stella

Fråhaldslaget «Stella» vart skipa 1. november 1927, då sekretær Trygve Låke i NSUA (Norges studerende ungdoms avholdsforening) gjesta skulen. Arbeidet i laget har gått i bølgjer, interessa for fråhaldsarbeid har svinga mykje. I dei første åra var elevflokkene helst liten, og det var vanskeleg å drive eit eige fråhaldslag på skulen. Skuleungdomane sökte naturleg selskap med bygdeungdomen, også dei som var med i Stella. For dei vart «Losje Trofast» på Sandane ein naturleg samlingsstad. Men dermed miste «Stella» rolla som eige lag, og låg nede nokre år midt på 30-talet.

I 1938 kom det ny kveik i laget, takka vere Ola Sandes innsats for saka. Under krigen stod fråhaldsrørsla sterkt, ikkje minst fordi dei frilynde ungdomslaga la ned verksemda si i protest mot freistnaden på å nazifisere Noregs Ungdomslag. Fråhaldslaga fekk arbeide i fred, og på Sandane hadde «Losje Trofast» høge medlemsstal alle krigsåra. Stella-medlemmene var aktivt med her.

Etter krigen kom eit nytt tilbakeslag for fråhaldslaget på Firda. Først i 1950 kom laget for alvor i gang att, etter at Ivar Skre fra NSUA besøkte skulen. I 1952 hadde Stella 132 medlemmer, og Firda var det gymnaset i landet som hadde størst prosentdel av elevflokkene innmeldt i eit fråhaldslag. Medlemstalet heldt seg lenge godt, i 1968 var det t.d. over 100 medlemmer i «Stella».

I mange år skipa Stella til opningsfest ei tid etter skulestart om hausten. Her fekk nye elevar sitt første møte med fråhaldslaget, og blei kjende med dei tilboda laget kunne gje elevane. Tilskipingane gjennom året var av mange slag: «Stella-show», amatørkonurransar, stikk-innom-kveldar og medlemsfestar. Eit viktig arbeidsfelt var studiesirklar, med 31 ringar og 150 deltakarar innmelde på eitt år som rekord. Frå NSUA fekk laget besök av instruktørar som heldt møte og kurs, både på kveldstid og i helgane. Sammøte med «Losje Trofast» var ein tradisjon som stod ved lag lenge.

Stella var aktivt som elevlag nokre år inn på 70-talet, men har sidan lege nede. Ein lagnad elev-fråhaldslaget på Firda deler med mange vaksen-losjar i Noreg, i ei tradisjonsrik rørsle som har stridd i motvind dei siste tiåra.

#### Concordia

Det kristelege elevlaget «Concordia» vart skipa 20. februar 1932 under eit kristeleg ungdomsmøte på gymnasiet. 16 elevar melde seg inn som medlemmer same kvelden.



Medlemstalet har svinga gjennom åra, men hadde på det jamne mellom 30 og 50 medlemmer. Under krigen var medlemstalet over 60 nokre år.

I halvårsmeldinga ved nyår 1943 står det: «Arbeidet har gått bra. Vi har hatt møte ein gong for veka mest heile tida. Dessutan har vi hatt fleire opne møte, ein fest og ein tur til Langedalen. Gud har gitt rik signing både over arbeidet og den einskilde, og vi er takksame for at arbeidet lukkast. Vi set vår lit til Gud, og han har sjølv lova å vera med gjennom alt som møter!»

Lagsarbeidet gjekk godt fram til 1948, men veksla noko i åra etter det. I 60-åra var medlemstalet kring 50, med ein topp i 1968 med 75 medlemmer. I dei mest aktive åra hadde Concordia om lag 30 større tilskipingar gjennom skuleåret, i tillegg kom styremøta som også var mange. Slike tal fortel både om stort arbeid og sterkt miljø.

Aktivitetane og møteformene har vore mange: andakt på skulen, temasamlingar, seminar, samtalegrupper, bibelstudiegrupper, helgesamlingar, kontaktfest med hybelvertar og foreldre, hyggjekveldar med underhaldning og mat, utflukter til naturperler kring Gloppefjorden, lagsleir om sommaren m.m. Nesholmen-tur var i mange år ei populær samling. I mange år (fram til slutten av 60-åra) skipa Concordia-russen til julefest for heile skulen, i nokre år også 17. mai-fest.

Eit fint «bli kjende»-tiltak var hybelfestane der nye elevar vart rista saman med eldre: Medlemmene vart delte inn i grupper på 8-10 som samlast på hyblar til samtale og song. Nemnast spesielt må festane hos Ella og Harald Eikenæs. Opp til 90 ungdommar kunne vere samla i denne gjestfrie og varme heimen - i tillegg til den store barneflokken som budde der.

Lagsfestane var bygde opp etter eit fast mønster med bibelord, taler, allsong, musikkinnslag, konkurransar og mat. Som vanleg i alle ungdomslag hadde også Concordia eige lagsblad som vart opplese. «Stjerna» heitte det, og her utfalda medlemmene seg i ulike sjangrar: dikt, forteljingar og kommentarar - både alvorleg og morosamt stoff.

Medlemmene i Concordia har og vore aktivt med i kristent arbeid i Gloppen: i Sandane Kristelege ungdomslag, på Bedehus-møte, i Joy Sing. I Vereidskyrkja var det årvisst elev-gudsteneste, og på Aldersheimen heldt medlemmene andakt. Men Concordia har i alle år også vore vende utover: Heilt frå 30-talet var det tradisjon å ha kontakt med kristne skule-ungdommar i andre bygder. I 1937 møttest lagsmedlemmer fra dei kristne skulelaga på Firda, Eid og Volda for første gong, då på Eid. Same året var nokre lagsmedlemmer med på bededagsstemnet i Volda, saman med gymnasistar og realskule-elevar frå Molde, Ålesund, Volda og Eid. I tiåret som kom vart det tradisjon å delta på dette bededagsstemnet i Volda. Lagstreffa, der Firdaelevane møttest med ungdommar frå Volda, Florø, Eid og Førde, stod ved lag til ut i 70-åra.

På 40-talet hadde Concordia eit eige songkor, «Ecko», som var til mykje glede under møta. I 1952 vart koret nyskipa med Sigurd Berstad som dirigent, ei stilling han hadde til 1976, då laget vart nedlagt. Ekko veksle i storlek, frå 17 til 40 songarar, og hadde mange oppdrag både på og utanom skulen. Koret song på Concordia-møte, ved avslutningar og på juletrefestar. Om våren var det gjerne ein turne i dei nærmaste distrikta. I byrjinga vart desse turane kalla «gudsteneste-turnear», seinare vart dei heitande «Ekko-turnear». Turnearane gjekk til bygder i Sunnfjord og Nordfjord, i løpet av ei helg gjesta Firda-elevane gjerne tre ulike bygdelag, og knytte på den måten band tilbake til elevane sine heimbygder. Som døme kan nemnast at i 1967 gjekk turen til Stryn, Olden og Loen, i 1968 til Naustdal, Førde og Åhus.



*Utdeling av post var tidlegare eitt av høgdepunktet på skuledagen. Postmannen – ein elev – stod på trappa til gamlebygningen, las opp og delte ut brev og avisar til medelevane.*

I 1998 er Concordia framleis eit aktivt lag med om lag 20 medlemmer - og det ei-naste av dei gamle elevlaga som det er liv i. Arbeidet i 1990-åra har gått i dei same spora som ti-åra før, men møteverksemda er no lagd til Sion, og dermed flytta ut av skulen.

#### Firda gymnas mållag

Noko mållag vart det ikkje på gymnaset dei første tiåra. Den nynorske målreisinga var det ideologiske grunnlaget for skulen, og eit sjølvsagt grunnlag for undervisninga. Noko særslag for målsaka var det derfor lenge ikkje trond for. Men etter krigen kveste målstriden i Noreg seg til, og dette viser att på Firda ved at det tidleg på 50-talet vart freista å få til eit mållag på skulen. Noko suksess vart dette tydelegvis ikkje, for laget måtte nyskipast i 1958 - og då gjekk det betre. Medlemstalet vokste raskt til om lag 100, og aktiviteten var høg, med føredragskveldar, studiearbeid og innlegg i skuleavis. Distriktpolitikk, Vestlandsplanen og EEC var mellom dei viktige sakene til debatt. Men aller viktigast var likevel aksjonane for nynorske lærermiddel som byrja i 1971. Både i 1971 og i 1972 var det store aksjonar på Firda, i eit samarbeid mellom elevar og lærarar. I 1972 var det stor mørnstring på Sandane med utovervende aksjonar i bygda og program i Festsalen på skulen. Mykje skriftleg materiale vart samla i ei eiga avis, som eit konkret resultat av aksjonsarbeidet.

I skuleåret 1972/73 tok Firda Gymnas Mållag namnet Sandane målungdom, og vart eit lag for all ungdom på Sandane.



## Dei siste 25 åra:

### *Strukturendringar og utviklingsarbeid*

Medan dei første 50 åra i Firda-soga var prega av jamn vekst og kontinuitet, har dei siste 25 åra vore omskiftelege på mange vis. Både dei ytre rammene (lovverk, strukturdebattar og klassenedlegging) og det indre skulelivet har endra seg mykje gjennom desse år. Klassetal, samansetjing av elevflokk og lærarlyd, fagtilbod og arbeidsmåtar - mangt har vorte annleis. Men skulen har likevel makta å halde fast på hovudsidene ved det som vert kalla «Firda-tradisjonen»: eit godt skule- og arbeidsmiljø, nærelik til bygda og fagleg styrke.

Omlegginga av norsk skule frå 1970-åra av har røtene sine i to viktige komitear på 60-talet: Gjelsvik-komiteen som såg på strukturen i den høgre skulen og Steen-komiteen som drog opp linene for ein meir konsekvent gjennomført einskapsskule: Alle ungdommar skulle ha rett til utdanning, og den praktiske utdanninga skulle utbyggjast og bli likeverdig med den teoretiske. Meir grunnleggande heng sjølv sagt dei endringane som har kome, saman med samfunnsutvikling og nye krav til utdanning av arbeidskraft. I skulekvardagen viser utviklinga ikkje minst att i at den vidaregåande skulen i dag er ein skule for alle, nokså langt vekke frå den utvalsskulen som det gamle gymnaset var.

#### Med planar skal skulen styrast

Den statlege skulepolitikken, geografiske tilhøve, næringsstruktur og fødselstal er mellom dei viktige faktorane som tel med når skulepolitikken i Sogn og Fjordane skal utformast. Men vi skal ikkje gløyme dei regionale motsetnadene, som alltid viser andlet når samfunnsgode skal fordelast i fylket vårt. I Nordfjord har skuledebattane gjort tydeleg dei indre interesse-motsetnadene i regionen, med skulestadar, lokal-aviser og lokalpolitikarar i tydelege frontar mot kvarandre.

I dei mange ordskifte som har vore, har argumenta frå Firda bygt på nokre få, grunnleggande verdiar: Firda har vore kjent for eit godt elevmiljø med elevar frå heile fylket som har valt skulen på grunn av dette miljøet, men også fordi skulen har hatt eit godt og breitt fagtilbod. Derfor har skulen alltid hevda elevane - og foreldra - sin frie rett til å velje skule. Mot alle freistnadene på å bygge ned klassetalet har skulen lagt vekt på miljøverdiar og fagleg breidd: Ein skule må vere så stor at han kan sikre elevane eit breitt fagtilbod, med sterke fagmiljø innan dei ulike seksjonane.

I 1971 fekk skuledirektør Olav Åm, medlem av Steen-komiteen, i oppdrag å lage ei utgreiing om lokalisering og utbygging av gymnas og yrkesskular i Sogn og Fjordane. Han føreslo ei sterk desentralisering, med 25 skular i fylket, mellom anna i Stryn og i Måløy. Om Firda heiter det at skulen burde utbyggjast til meir enn rein gymnasutdanning: Det låg godt til rette for at Firda fekk eit 2-årig grunnkurs i idrett og ei sosialline med eventuell høgskulepabygging.



Studieinspektør Ragnar Sande málbar Firda sine synspunkt i fleire avisinnlegg. Sande viste til dei faglege fordelane ved større skular og átvara mot den føreslegne desentraliseringa som kunne øydeleggje for dei etablerte gymnasa. Det måtte vere viktigare å behalde dei gode skulane enn at elevane fekk bu heime. Eit desentralisert skuletilbod ville også bli dyrt for fylket. Sande átvara også mot dei 2-årige grunnskursa som ville påføre elevane eit ekstra skuleår.

Den nye lova om vidaregåande opplæring tok til å verke frå 1.1.1976. Same året blei det lagt fram ein plan for utbygging av den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane. Desentralisering av skuletilboden var ein berebjelke i planen, som delte fylket inn i 10 skuleområde: Årdal, Sogndal, Høyanger, Dale, Førde, Flora, Måløy, Nordfjordeid, Stryn og Sandane.

Om Firda står det i planen: «Firda gymnas har lange tradisjonar som samlegymnas. Dersom det skal utbyggjast undervisningstilbod i allmenne fag andre stader i Nordfjord-området, vil det få følgjer for klassetalet i allmenne fag på Sandane. Det er derfor rekna med ein viss reduksjon i klassetalet. Når denne reduksjonen må finne stad, vil i første rekkje vere avhengig av tempoet i utbygginga i Stryn og Måløy.» Planen peikar på at Sandane har hatt eit einsidig skuletilbod, med det til følgje at ein svært stor del av ungdomane har gått gymnas. Men, heiter det vidare, dersom «det blir teke initiativ lokalt slik at det kan skaffast leigd lokale, bør ein kome i gang med tilbod i handverks- og industrifag så snart som mogeleg.» Etter denne planen skal Firda ha tre klasser allmennfag på kvart årssteg. I tillegg skal skulen få 1/2 klasse handels- og kontorfag for første og andre året, tre klasser med handverks- og industrifag på første og andre årssteget og ei klasse på tredje årssteget, ei klasse (10 elevar) idrettsfag og ei klasse (10 elevar) husstellfag. Ut frå dette ville Firda bli ein skule med breitt fagtilbod, 19 klasser og 340 elevar.

Skilnaden mellom planens mål om nedtrapping av allmennfag på Firda og søknadstal til skulen viser seg tydeleg i 1976: Fem nye allmennfaglege førsteklasser tek til på Firda denne hausten.

#### Fleire planar - og nye debattar

I 1976 sette lærarrådet ved Firda ned eit utval som skulle kome med framlegg om nye liner og fag ved skulen. Konklusjonen på denne utgreiinga vart eit vedtak i lærarrådet i februar 1977, med søknad frå skulen om nye studierettingar frå hausten 1978: Idrettsfag, handverks- og industrifag, handels- og kontorfag. Det blei og søkt om å få starte musikkline innanfor studieretning for allmenne fag. Og Firda fekk det langt på veg som skulen ville - på papiret. Etter planen skulle skulen få 7 klasser i handverksfag (mellom anna landbruksmekanikarfag), og ei klasse i kvar av studierettingane handel og kontor, hustell og idrett.

For skuleåret 1977/78 er likevel fagtilboden uendra, med god søknad til skulen som har fem førsteklasser, og seks klasser både på andre og tredje årssteget dette skuleåret – alle allmennfaglege.

Hausten 1977 vedtok fylkestinget den reviderte utbyggingsplanen for den vidaregåande skulen. Firda skulle få idrettsline og musikkline frå 1978. Men allereie tidleg i 1979 startar arbeidet med revisjon av fylkesplanen, og det blei vedtatt å utarbeide ein ny sektorplan for skuleverket. Lærarrådet ved Firda er skeptisk til at ein allereie no skal starte på ein ny revisjon, og går mot framlegget om dei ti skuleområda som fylket skulle delast i. Skulen går inn for ei regiondeling i fire: Ytre Sogn, Indre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Men ein må sjå stort på regioninndelinga, elevane «bør også i framtida kunne søkje den skulen dei ønskjer og den skulen som har dei tilbod som



høver best.» Lærarrådet peika også på kor viktig det er å få lagt tilhøva til rette for funksjonshemma ungdom. I sluttmerknaden heiter det så: «Fagleg/pedagogiske målsetjingar og ei realistisk økonomisk råme set grenser for kor mange vidaregåande skular som bør oppretta i fylket og kor små skulane skal vere. For å kunne gje elevane eit rimeleg valtilbod og skape eit rikt skulemiljø, både fagleg og sosialt, kan ikkje skulane vere for små.»

I 1978 får Måløy grønt lys for å starte opp eigne klasser med allmennfag, og Firda skulle reduserast til 4 førsteklasser. Men søknaden til skulen var god, og det blei også denne hausten starta opp med fem førsteklasser på Firda.

Utbyggingsplanen frå 1977 let seg ikkje gjennomføre på grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen i fylkeskommunen. Men allereie i 1979 vart det laga ein ny sektorplan som vart innarbeidd i fylkesplanen for perioden 1980-83. Spraket mellom planens mål for Firda og dei faktiske tilhøva er framleis stor: Dei sju klassene med yrkesfag er like langt frå å bli røyndom som to år før.

Men skulen får nye tilbod: Hausten 1979 kjem idrettslina i gang med ei halv klasse og frå hausten 1980 får skulen eit 2-årig grunnkurs i sosial- og helsefag. Skuleåret 1980/81 er det 19 klasser ved Firda. Frå hausten 1982 skal skulen ta vekk tre klasser: studentfagkurset og to klasser i allmennfaga. Skulen ottast og for det nye tilbodet innan sosial- og helsefag, for også ved Eid vidaregåande skule skjer det endringar, og lærarrådet der krev å få grunnkurset i sosial- og heslefag som Firda har fått. Også i Stryn skjeglar dei mot Firda, og er lite glade fordi dei ikkje har fått allmenn-klasser. Oppbygginga av vidaregåande skular i Stryn og Måløy og omleggingar på Eid aukar no presset mot Firda, som både kjempar for å halde oppe klassetalet og få nye fagtilbod. Etter planen skulle Firda setje i gang klasse i landbruksmekanikar-fag frå hausten 1981, og Gloppen kommune hadde sett av plass til nybygg for lina i industriområdet i Mona. Men slik vart det ikkje, Stryn fekk denne klassa frå hausten 1983 - men ikkje allmennfag enno.

I fylkesplanen for 1984-1987 er det ikkje noko eige kapittel om skule, men det vert slått fast at det ikkje skal byggjast fleire skular i perioden. Talet på skuleplassar vil halde seg stabilt i åra framover. For Firda markerer planen den endelege slutten på tan kar om å få handverks- og industrifag til Sandane. I det utkastet til sektorplan som vart laga i 1985, er det lite nytt om Firda, som skal byggje vidare på dei fire studie-tilboda skulen har: allmennfag, idrett, musikk og helse- og sosialfag.

I 1986 vert det gått ei ny runde i forhold til Stryn vgs. Skulen der krev å få flytta over ei av allmennklassene frå Firda og få eit treårig allmenntilbod i Stryn. Lærarrådet ved Firda svarar ved å hente fram på nytt den gamle lovnaden om landbruksmekanikarfag på Sandane.

I 1989-90 kjem eit nytt høgdepunkt i skuledebatten i Nordfjord. I januar 1989 vart framleggget til ny strukturplan sendt ut på høyring, mellom anna med framlegg om at Firda skal reduserast til to klasser på kvart årssteg når det gjeld allmennfaga. For skulen ville framleggget bety ein reduksjon på 8 klasser og 17 stillingar i løpet av fem år. Skuleadministrasjonen lyt opp på barrikadane att, kommunepolitikarane mobiliserer. Også elevane engasjerer seg: «Ei så drastisk nedskjering vil øydeleggje det gode fag- og elevmiljøet ved skulen», heitte det i ei fråsegn frå elevrådet.

Etter eitt års utsetjing vart planframleggget «Visjon og struktur» lagt fram 8. februar 1990. 30. april går framleggget uendra og samrøystes gjennom i Undervisningsutvalet. For Firda betyr framleggget eit allmenntilbod på 3-3-3. Men etter ein nokså hardsett strid og politisk innsats på fleire nivå vart resultat for Firda etter vedtaket i Fylkesutvalet eit klasseset på 3-4-4.



Men det vart ikkje roleg så lenge. Våren 1991 vert skilina i Stryn lansert og får støtte på skitinget som vart halde på Hotel Alexandra. Rektor Eimhjellen på Firda går sterkt ut mot framleggset som vil kunne undergrave idrettstilbodet på Sandane og opne opp for ei utbygging av allmennfag i Stryn - noko som også vil ha konsekvensar for Firda.

I 1995 får vi den førebels siste store debatten om skuletilbodet i Nordfjord. Som før handla det mest om klassetalet innan allmennfagleg studieretning ved dei fire Nordfjord-skulane. Skulle allmennfaga samlast på to av skulane? Eller skulle alle skulane ha grunnkurs, medan dei vidaregåande kursa vart samla på to skular? Igjen vart det fokus på forholdet Firda-Stryn. Eitt av alternativa var nemleg å legge ned idrettslinna på Firda, den eldste i fylket, og legge denne til Stryn. Det mest radikale framleggset kom likevel frå høgropolitikaren Jostein Kvalsvik frå Måløy, som føreslo at Firda berre skulle ha ei klasse allmennfag på kvart årssteg.

Igjen var det for skulen å lage fråsegner med dei same argumenta som administrasjonen hadde ført fram så mange gonger før: Høge søkerantal, stor oppfyllingsgrad, godt elevmiljø, billege undervisningslokale. Skulen gjekk inn for klassetalet 3-3-3. Elevrådet peikte igjen på det gode miljøet ved skulen.

Det endelige resultatet vart to klasser allmennfag på kvart av årsstega.

Som vi no har sett: 1980- og 1990-åra er tiår for mange planar og utgreiingar. Gong på gong lagar lærarrådet og administrasjonen ved Firda fråsegner om strukturar og innhald, og byggjer gjennom alle saksutgreiingar på argument om fritt skuleval og breitt fagtilbod. I ei fråsegn frå lærarrådet om strukturplanen i 1989 heiter det til dømes, noko retorisk: «Er målet å oppretthalde ein desentralisert struktur eller er det å utvikle ein best mogeleg skule, eit best mogeleg fagtilbod for elevane, ein størst mogeleg valfridom for elevane og utvikle kompetanse og fagmiljø?». Men trass all argumentasjon, alle tilsvart og alle innspel frå Firda: I praksis er resultatet for skulen ei gradvis nedbygging av allmennfaga frå 17 klasser mot slutten av 1970-åra (5 førsteklasser, 6 andreklasser og 6 tredjeklasser) til 6 allmennklasser i 1998 (2+2+2). Så seint som i 1989/90 var klassetalet 4-5-5 på allmennfag. 90-åra vart altså det store nedbyggingstiåret for allmennfag-tilbodet på Firda. På den andre sida vert tilbodet ved skulen utvida til ei heil klasse i musikk på kvart årssteg (frå 1994 heiter studieretninga Musikk-dans-drama). Likeins vert det ei klasse på kvar av studieretningane for idrett og helse- og sosialfag. I 1998 har dermed skulen 15 klasser: 6 AF, 3 Idrett, 3 Musikk-dans-drama og 3 Helse- og sosialfag.

Debattane om fagtilbodet ved Firda har vore del av ein større strukturdebatt, som både har handla om Nordfjord-regionen og om heile fylket. I Nordfjord har debatten til tider vore både hard og personleg. Avisinnlegga har vore mange, kanskje særleg mellom Stryn og Gloppen. Politikarar har engasjert seg, det same har lokalviser, forldre og elevar. I etterkant er det muleg å sjå at det har vore vanskeleg å få gjennomført ein skuledebatt tufta på pedagogiske og skulefaglege premissar. Det har vorte mykle lokalpatriotisme og lokale særinteresser. Noko heilskapeleg perspektiv har til tider vore vanskeleg å øygne - men engasjementet har vore kjensle-sterkt!

### Namnebytet

Kjenslesterk var også debatten om kva Firda-skuta skulle heite i den nye tida. Med den nye lova om vidaregåande opplæring kom nemleg spørsmålet om endring av namnet på skulen frå gymnas til vidaregåande skule. På Firda vart saka drøfta gjennom ein heil tiårsperiode. I 1975 protesterte lærarrådet mot det mange kalla ei «tvangsdøyping»: «Vi ser det slik at (...) gamle velkjende skular får behalda namnet sitt



(...) Skulen vil fungere akkurat like godt etter den nye lova anten han heiter Firda gymnas eller Firda vidaregåande skule. Namnet på skulen har heile tida - i over 50 år - vore Firda gymnas med litt varierande tillegg (gymnas og millomskule, landsgymnas, gymnas og statsrealskule). Det eit landskjent skulenamn som alltid har stått for kvalitet. Det er mange som ville synest at det var leitt om dette namnet skulle bli endra.»

Namnesaka vart endeleg avgjort i 1985. Fylkesskulesjefen står fast på sitt prinsipielle syn om at namnet skal avspegle innhaldet i skulen, og dermed kallast vidaregåande skule. Firda har i 1985 fire ulike studierettingar: allmenne fag, helse- og sosialfag, idrettsfag og musikk, og er dermed ein kombinert skule der berre ein av studierettingane har feste i det gamle gymnaset. Ut frå dette var det naturleg å skifte namn på skulen. Dei som ville halde på gymnas-namnet, la vekt på tradisjon, symbol og identitet - og argumenterte kjenslesterkt for sitt syn. Lærarrådet fekk saka til uttale i august 1985 og vedtok med 15 røyster at namnet framleis skal vere Firda gymnas. 10 røysta for rektors framlegg om namneendring til Firda vidaregåande skule. Skuleutvalet vedtok så med knapt fleirtal at namnet for framtida skulle vere Firda vidaregåande skule.

#### Utfordringar og utviklingsarbeid

Lærarane på Firda har vore gjennom ein lang omstillingsprosess dei siste 25 åra. Bakgrunnen er dei to skulereformene frå 1974 og 1994, som slår fast at all ungdom har rett på vidaregåande opplæring. Opplæringa skal tene samfunnet og vere tilpassa den enkelte ungdommen. Reformene gjorde slutt på det gamle gymnaset og sette nye krav til både organisering og undervisning.

Når all ungdom fekk tilbod om vidaregåande opplæring, var dette ei demokratisering av utdanninga. Men demokratiseringa femnde vidare enn berre dette: Elevane fekk like stor representasjon i skuleutvalet som lærarane, og i det daglege arbeidet fekk dei medråderett i val av lærestoff og arbeidsmetodar. For lærarane medførte dette store utfordringar: ei pedagogisk holdningsendring og ein ny pedagogisk praksis. I staden for å vere førelesarar skulle lærarane vere rettleiarar. Rettleiinga femnde og om å lære elevane opp i ei ny elevrolle som kravde aktive ungdommar som tek ansvar for eiga læring. Nye arbeidsmetodar måtte innførast: gruppearbeid, tolærarsystem og prosjektarbeid. Arbeidet måtte planleggast gjennom ein prosess der elevane tek aktivt del. All ungdom som etter sakkunning vurdering trøng det, fekk tilrettelagd opplæring. Etter kvart som heile ungdomskulla fekk plass i vidaregåande opplæring, måtte undervisninga differensierast i mykje større grad enn før og elevane skulle vere aktive samarbeidspartnerar i alle ledd av læringsprosessen. Demokratiseringa medførte også ei desentralisering på andre vis, med lokalgjevne eksamenar og tolking av målstyrte rammeplanar der det før var sett opp klare pensum-krav.

Omstillingssarbeidet på Firda har vore drive fram lokalt. Dei politiske vedtaka vart på Firda konkretiserte i ein administrasjonsstyrt omstillingsprosess som har hatt heile kollegiet som målgruppe. Ein har funne rom for arbeidet på planleggingsdagar, personalsamlingar, kurs og seksjonsmøte. Ein har nytta førelesarar utanfrå og eigne krefter, først og fremst studieinspektør, rådgjevarar og spesialpedagog.

Ei viktig side ved denne prosessen har vore planarbeidet. I 1987 blei det utnemnt ei gruppe som skulle lage ein samla plan for skulen. Kjell Arnestad, Per Kåre Håvik, Bjarte Rygg og Ove Eide hadde planen klar i september 1987, og han blei vedtatt av skuleutvalet i desember same året. Med denne planen ønskte ein å «gjere opp status,



Heile russekullet 1928, samla på gymnastrappa 17. mai. Mykje har endra seg sidan då, både storleiken på russekulla, klesdrakt, talet på jenter i høve til gutter, talet på liner/studieretningar, tida som går med til russefeiring og måten det skjer på. Tradisjonen med å skrive plakatar, der ein tek opp dagsaktuelle tema, både lokale og samfunnsmessige på ein satirisk måte, vert halden i hevd, sjølv om utforminga kan ha endra seg.



- og ein del av russekullet i barnetoget ved Heradshuset 17. mai 1983.  
Foto: Jon Husabø Hansen



evaluere, justere kurSEN og eventuelt peIKE ut nye satsingsområde.» Planen gjorde det muleG å få oversyn over ein nødvendig prosess, der ein sa farvel til den gamle privatpraktiserande læraren som vende seg til ein homogen elevflokk.

Grunngjevinga for planen seier mykje om kva som var i emning:

«Firda videregåande skule er inne i ein fase prega av omstilling og utvikling. Dette gjeld både studietilbod og det ein kan kalle skulenS indre liv. Klassetalet på allmennfag, den hittil dominerande studieretninga, går ned. I staden er vi i gang med ei gradvis oppbygging av nye studietilbod i idrettsfag, sosial- og helse-fag, musikk og reiselivsfag. Omstruktureringa dreg med seg endringar i lærarpersonale og på elevsida; vi får lærarar med forskjellig fagbakgrunn og kompetanse, og vi får elevar med ulike interessefelt og som stiller nye krav. Vidare fører endringane i fagtilbod med seg forandringer i det fysiske miljøet. Vi byggjer om rektorbusstaden, musikkavdelinga, Firdahallen og kontorfløya.

Når det gjeld skulenS indre liv har vi også markert at vi vil utvikling: temadagar er blitt faste innslag. Vi endrar organiseringa av skuledagen, prøver ut nytt fraværsystem og set igang nye og utradisjonelle valfag. Vi fokuserer på skulemiljø og konfliktløsing, og vi set i gang prosjekt som skal setje skulen betre i stand til å ta imot nye elevkategoriar. Når no skulen er inne i eit så omfattande hamskifte, er det viktig å ha bakkekontakt og å vite kva kurs ein skal styre etter.»

Hovudmåla for planen var: 1) å gje ein situasjonsrapport, 2) formulere mål for utviklinga dei nærmaste åra og 3) peike ut prioriteringsområde og tiltak for å nå måla. I planen vart det slått fast at følgjande mål skulle prioriterast: Fagmåla, elevens personlege utvikling og skuledemokratiet. I kommentarane til måla går det fram at det er integrering av dei generelle måla i skulenS kvardag som skal vere berebjelken i utviklingsarbeidet. Derfor måtte fokus retta mot arbeids-, prøve- og undervisningsmetodar som vekta elevane sin medråderett og trivsel - og der det var meir enn lærebokstoffet som skulle lærast.

I ettertid er det lett å sjå at integrering av elevar med særskilde behov var ein utsøkende faktor for det utviklingsarbeidet og den omstillingsprosessen som kom til å prege Firda frå midten av 1980-talet. I tid fall dette saman med at skulen fekk ny rektor og ny studieinspektør som begge var innstilte på å gripe tak i dei utfordringane som låg i tida.

Hausten 1985 hadde skulen og PPT i GloppeN eit møte med konsulent Else Høines frå Fylkesskulesjefens kontor. Her blei det semje om å setje ned ei gruppe som skulle ta føre seg problemstillingar knytte til tilrettelagd opplæring på Firda vgs. Medlemmer i denne gruppa vart Elise Weiberg Aurdal (leiar ved Spesialpedagogikkutdanninga på Sandane), Elin Hestenes Lote (sosialkontoret i GloppeN), Svein Kristiansen (PPT, GloppeN), Jon Gloppestad og Ivar Bruun (Firda). Dei to sistnemnde blei etter ei tid erstatta av Inger Marie Sande og Per Kåre Håvik. Gruppa såg mellom anna på kva elevgrupper Firda måtte rekne med å få inntekne på særsvilkår, og ho vurderte lærarkrefter og bygningar i høve til desse nye elevgruppene. I den skriftlege rapporten som låg føre i juni 1986, blei det m.a. peikt på at skulen hadde for liten spesialpedagogisk kompetanse, og at bygningane var svært lite eigna for funksjonshemma.

Eit av framlegga frå arbeidsgruppa var å setje ned ei styringsgruppe med representantar frå lærarane, administrasjonen og PPT som skulle føre arbeidet med integrering vidare. Eit viktig tiltak vart å skape positive holdningar til og kunnskap om desse elevane blant lærarane. For å finne ut kvar lærarane stod, blei det gjort ei spørjeundersøking om integrering. Undersøkinga skulle få kartlagt holdningar til inntak av



funksjonshemma elevar og få fram kva kunnskapar lærarane meinte dei trong for å undervise denne elevgruppa. Gruppa laga vidare ein tiltaksplan for gjere skulen betre i stand til å gje elevar med særskilde behov eit tilpassa tilbod. Av slike tiltak kan nemnast informasjon om lov og regelverk, temadag for elevane om integrering, innføring av valfaget «Funksjonshemming - integrering og støttekontaktsarbeid», betring av inntaksprosedyrer, utvikling av samarbeid med eksterne institusjonar som sosialkontor, arbeidskontor m.fl. I tillegg kom intern skulering av ulike slag. Særleg viktig var personalsamlinga på Grotli i 1987, der både spesialpedagogikk og generell pedagogikk var tema. Skulen fekk midlar til utviklingsprosjektet frå RVO og fylkesskulesjefen.

Eit viktig steg i integrerings- og utviklingsarbeidet var tilsetjing av spesialpedagog i 1988. Med det vart både eit arbeidsfelt og ei elevgruppe gjort tydelegare, samtidig som skulen fekk meir system på det spesialpedagogiske arbeidet. I dag har skulen eigen avdelingsleiar for det spesialpedagogiske arbeidet, jamstelt med dei andre avdelingsleiarane ved skulen.

Med inntak av elevar med behov for tilrettelegging har det og vore nødvendig å bygge om skulebygningane. I Firdahallen starta dette arbeidet i 1991 med ombygging for rullestolttilpassing (toalett, trappeheis m.m.). Gamlebygget fekk ei liknande ombygging i 1993, og resten av anlegget det same i 1994-95.

Omstillinga har vore ein samanhengande prosess i snart 15 år. Ikkje alle framlegg har vore like godt mottatt, ikkje alle tiltak har vore like lette å innføre. Frustrasjonar og spenningar har vore tydelege, men ikkje meir enn ein kan rekne med når Firdaskuta skulle skifte kurs - og samstundes ha feste i tradisjonane. Det er heller ikkje alltid så lett å få gjort tydeleg kva endringar som har gått føre seg. Det meste av endring går føre seg sakte, og kan ikkje målast frå dag til dag. Men klarar ein å kalle fram bildet av ein vanleg time ein vanleg skuledag i 1974 og samanlikne dette med ein vanleg time i ei vanleg klasse i 1998, vil ein få klårt føre seg kva omstillinga har ført med seg. Både lærar- og elevrollene er annleis, dei elevane som sit i klassa representerer eit mykke større spekter no enn for 25 år sidan og lærestoff og arbeidsmetodar er nye. Men vonleg vil vi og sjå at noko står fast: Det nære forholdet mellom elevar og lærarar, det gode læringsmiljøet og den faglege kvaliteten på undervisning og læring.

Omstillinga er ikkje ferdig, men har vorte ein del av det jamne utviklingsarbeidet som må gå føre seg på ein skule som vil vere i pakt med tida og samfunnet. Skuleåret 1997/98 vart det sett i gang arbeid med ein utviklingsplan for Firda, som har følgjande hovudkapittel: Opplæringstilbod, Opplæring, Miljø, Personalutvikling, Ressursforvaltning, Anlegg/bygningar og Marknadsføring. Med denne planen ønskjer skulen å iverksetje måla i Reform-94, både dei faglege og dei generelle. Sentrale stikkord i planen er eit breitt kunnskapsomgrep, reell medinnverknad for elevane, systematisk planlegging av opplæringa, nye arbeidsmåtar, open kommunikasjon, klår rolleforståing og ansvar for alle i skulesamfunnet, betre samarbeid på alle plan, heva IT-kompetanse og auka vekt på klassestyrar-rolla.



## Tema og tiltak i utviklingsprosessen

1987: Personalsamling Grotli:

Integrering, elevsentert undervisning, klassemiljø og klasseleiing.

1988: Personalsamling Hornindal:

Organisasjonsutvikling, drop-outs, rådgjevarrolla, myter om læring, ulike lærarroller, klasseromsbedrifa, PPT si rolle/samarbeid med skulen.

1994: Personalsamling Stranda:

Reform -94: fagplanforståing, det integrerte mennesket, prosjektarbeid og problembasert læring.

## Tema for planleggingsdagar 1986-1997:

1986: Arbeidsmiljøet, forholdet lærar-elev, sosialpedagogiske forhold, miljøskapande tiltak.

1987: Forsøks- og utviklingsarbeid, Veierødmodellen, modulundervisning, arbeidet på idrettslinja, Møglestumodellen (nytt fråværssystem).

1988: Dette året var det ein felles planleggingsdag for dei vidaregåande skulane i Nordfjord, arrangert av Firda. Fellesøkta hadde to tema:  
Den vidaregåande skulen i framtida og lese- og skrivevanskar. Deretter møttest lærarane fra dei fire skulane til felles fagseksjons-møte. Eigne tema dette året var i tillegg: Skulens mål, med fokus på overordna/generelle mål i læreplanen.

1989: Veierødmodellen, organisasjonsutvikling, ansvarslæring, mulege prosjekt for elevane.

1990: Ansvar for eiga læring, elevundersøking om trivsel og ansvarslæring, pedagogiske omgrep og problemstillingar, elevsentert arbeid og utvikling, lokal og kollektiv etterutdanning, ansvarslæring og kommunikasjon: transaksjonsanalyse og involveringspedagogikk.

1991: Kommunikasjon og konfliktløysing.

1992: Bedriftsbesøk på SFE og leiaropplæringa der, Stortingsmelding nr. 33, inntaksreglane, kvalitetssikring/ansvarslæring, oppdragsundervisning, Firda sett utanfrå (foreldre, næringssjef, arbeidskontor), utviklingsprosjektet «Firdas nye ansikt».

1993: Utviklingsprosjekten «Firdas nye ansikt» - «Vi vil vidare».

1994: MBD/hjerneskade, skulevurdering, elevrolla, klassestyrarrolla, samarbeid, elevheftet «Vegvisaren».



1995: Vurdering og elevvurdering, tverrfaglege prosjekt, prosjektundervisning, endring av åtferd.

1996: Undervisnings- og prøveplanar, vurdering, kollegarettleiring

1997: Asbergers syndrom, samarbeidsgrupper/ansvarsgrupper, holdnings-skapande arbeid mot rus, klassestyrarfunksjonen, samarbeidsgrupper, vurdering (formell-uformell, undervegsvurdering, skulevurdering), ny organisasjonsstruktur, holdninger til elevar med vanskar.

#### Oversyn over andre utviklingsprosjekt:

##### Kurs:

EDB (fleire kurs), åtferdsvanskar og disiplinproblem (1987), spesialpedagogikk (1990-91, 60 timer, 20 deltagarar), miljølære (1993-94, 40 timer, heile kollegiet), Internett (1996-97), kollegarettleiring (1996-97).

##### Prosjekt:

1992-94: «Firdas nye ansikt/Vi vil vidare».

Tema: Skuleidentitet, marknadsføring, oppdragsundervisning, informasjon.

##### Spesielle tiltak

Frå 1986: Lese- og skrivetest av alle grunnkurselever.

Frå 1994: Matematikktest av grunnkurselevane.

Dette er ein del av samarbeidsprosjekt mellom Firda, PPT og grunnskulen i Gloppe, knytt til matematikk.

1989-90: «Bøker-ungdom-film» - samarbeidsprosjekt med Folkebiblioteket.

1991: Medarbeidarsamtale.

1991: Ansvarslæring - tiltaksplan.



## Firdaseminaret

Firdaseminaret er eit konkret, utoverretta resultat av utviklingsarbeidet og den spesialpedagogiske interessa ved skulen. Ideen kom opp hausten 1992, og bygde på eit ønske om å gje rådgjevarar og spesialpedagogar i den vidaregåande skulen eit eige forum. I utgangspunktet var det tenkt særleg på tema knytte til elevar inntekne på saervilkår. Seinare har temaområdet vorte utvida til heile det spesial- og sosialpedagogiske arbeidsområdet.

Fylkesskulesjefen støtta ideen, og det første Firdaseminaret vart halde 21. januar 1993 på Firda vgs.

Firdaseminaret har bygt på prinsippet om deltarstyring, og på følgjande grunntanke: Seminaret skal vere eit forum for utveksling av erfaringar der vi tek opp spørsmål som utfordrar oss i kvardagen. I all hovudsak har deltakarane sjølv stått for innleiingar og førelesingar, og arbeidt mykje i grupper.

Til no har Firdaseminaret vorte skipa til seks gonger, med deltar Kartal mellom 30 og 50. Målgruppa er rådgjevarar, spesialpedagogar, OT-koordinatorar og PP-tilsette. Seminaret har heile tida vore eit samarbeidstiltak mellom Firda og Fylkesdirektøren for undervisning, der skulen har vore ansvarleg for planlegging, fagleg innhald og praktisk gjennomføring. Spesialpedagog Turid Korterud og rådgjevar Ove Eide har vore ansvarlege for Firdaseminaret sidan byrjinga.

Eit kort temaoversyn for dei seks seminara fortel mykje om kva emne som har oppteke hjelpeapparatet i den vidaregåande skulen i 90-åra:

Korleis ta vare på både fagleg og sosial utvikling hos elevar med store lærevanskar?, arbeidspraksis som del av skuletilbodet, tverretatleg samarbeid, ressursar til spesialundervisning, spesialpedagogikk og Reform - 94, elevar med psykiske og sosiale vanskar, psykiatritenesta og den vidaregåande skulen, oppbygging av delkompetanse, tilpassingsvanskar - for elevane eller for skulen?, individuelle opplæringsplanar, samspelvanskar lærar-elev, átferdsvanskar og utstøyting.

Som nemnt har førelesarane stort sett vore henta frå eigne rekkrar, dei fleste frå vidaregåande skule og PP-tenesta. Våren 1998 var det gjort eit unntak frå dette: I samband med at Firda var 75 år, inviterte skulen professor Edvart Befring, tidlegare Firda-elev, attende som føredragshaldar.



## *Dei fire studieretningane* – ei kort skisse

### MUSIKKLINA

Firda fekk musikkline i 1978. Elevane gjekk då allmennfagleg studieretning og hadde musikkfag som fordjuping. Som namnet seier, var lina teoretisk, med lite vekt på instrumental-opplæring. I 1987 vart lina endra til ei såkalla estetisk line, lagt under studieretning for husflids- og estetiske fag. No fekk alle elevane opplæring både på eit hovudinstrument og på minst eitt biinstrument. Med Reform 94 kom den tredje omorganiseringa av musikklinna, no som eiga studieretning med namnet Musikk, dans og drama. I andre og tredje klasse tilbyr skulen fordjuping i musikk. Dei som vil gå vidare med dans eller drama, lyt reise til andre fylke. Lina har heile tida gjeve generell studiekompetanse, på line med allmennfag. Instrument-tilbodet femner vidt: Hausten 1997 vart det gjeve opplæring i 13 instrument.



Frå Firda storband sin jubileumskonsert i januar 1990: Ole Staveteig (gitar) og Jarle Grotle (synthesizer). Foto: Firda Glimt.



*Musikklinja har vore og er ein miljøskapande faktor ved skulen og ei drivkraft for musikklivet i bygda. Firda storband held her spontan friluftskonsert ved Firdakraftbygget i mai 1983.*  
Dirigent: Trygve Apalset



*Undervisninga på musikklinja kan foregå i nokså utradisjonelle former.*



Musikklinna har eit breitt fagtilbod, i alle år med vekt på arbeidsmåtar som R-94 gjorde obligatorisk for alle elevar: prosjekt og tverrfagleg samarbeid. Undervisninga er praktisk, men gjev og eit solid teoretisk grunnlag. Opplæringa føregår mykje i grupper, oppøving til sjølvstende står sentralt. Elevane lærer improvisasjon, lagar sketsjar og øver inn små skodespel. Lys, scenografi og sminkje er emne i undervisninga. I dramatimane har dei mellom anna laga framsyningar for barnehagar. Største satsinga så langt er «Nasegrevet», etter ein tekst av Tor Åge Bringsværd, framført hausten 1996.

#### Elevar og elevmiljø

Musikklinna er den einaste i fylket, og tek såleis inn elevar frå heile Sogn og Fjordane. Fram til 1997 hadde 207 ungdomar teke eksamen på denne lina. Av desse var 35 sogningar, 62 sunnfjordingar og 98 nordfjordingar. Av dei sistnemnde har 37 kome frå Gloppe. 12 elevar har hørt heime i andre fylke.

Ei rundspørjing blant tidlegare musikkline-elevar viste brei semje om kva sider ved miljøet dei la vekt på: Trivsel, samhald, gode vene, sterke sosiale band og samansveisa elevflokk. Fellesskapen er røtt i ei sterk interesse for musikk - på tvers av alle stilarter og sjangrar. Elevane fortel om musikklede, personleg utvikling, samarbeid, ekskursjonsopplevingar til Festspela i Bergen og kor-fellesskap. Og dei trekkjer fram lærarane, «så inspirerande at sjølv den mest umotiverte fann barokken spennande.»

Elevane er opptekne av musikk nesten døgnet rundt, og arbeider sjølvstendig også utanom timane. Musikkavdelinga er tilgjengeleg heile døgnet, heile veka - så her er det aktivitet til langt på natt.

Herbjørn Sørebø har sagt at du aldri sluttar å gå på Firda: Banda som blir knytte i skuletida er ikkje gode å bli fri. Det underlege er at dette er like tydeleg i ei moderne, omskifteleg tid som i «gamledagar». Tidlegare musikkelevar har kome attende til skulen i mange samanhengar: som musikkarar i storbandet, med innslag i samband med jubileum og festar, med eigne konserter. Slik var det til dømes i 1993 i samband med «Grieg-jubileet», og ved opninga av den kommunale kinoen i 1992, då storbandet framførte «Hollywood», ein kavalkade over filmusikk, spesialskriven av Helge Sunde. Nokre av elevane har vorte profesjonelle musikkarar, fleire av dei har kome attende og halde kurs for musikklinna.

#### Lærarar og utstyr

Dei første åra etter 1978 hadde skulen to fast tilsette musikklærarar. Skuleåret 1997/98 var det fem fast tilsette i heil stilling knytte til musikklinna, i tillegg til mange i mindre stillingsdelar. Desse vert henta frå ulike miljø: Musikkterapiutdanninga på Sandane, Gloppe musikkskule og Distriktsmusikkarane er dei viktigaste. I tillegg kjem ressurspersonar frå både Nordfjord og Sunnfjord.

Også på utstyrssida var det ein varsam start, med ein bassforsterkar, ein el-bass og eitt slagverk. I dag tel samlinga 11 piano, eitt flygel, 600 CD-plater, 6 stereoanlegg, mange forsterkarar, høgtalarar og mikrofonar, PA-anlegg etc. På datasida er ikkje utviklinga mindre tydeleg: I 1988 vart den første musikklinnaren sendt på datakurs, og skulen gjekk til innkjøp av datamaskin til musikklinna: ein Atari med 1 Mb ram, utan harddisk. I dag har elevane 12 komplette MIDI-stasjonar til rádvelde. Her kan dei arbeide kreativt med lyd, ikkje minst i fag som arrangering og komponering.

#### Aktivitetar

Alle elevane på musikklinna er med i musikkline-koret. Med 24 elevar på kvart árssteg er dette eit stort kor. Elles deltek elevane i ulike grupper, både i skulens regi og på fri-



tida. Jazz, pop og rock har dominert, men mange er det og som har hatt interessa si i klassisk og i folkemusikk. Somme av desse gruppene har nått langt: Etter deltaking i Ungdommens kulturmønstring i 1994 vart ei gruppe frå Firda plukka ut til å representere Noreg i den internasjonale finalen i Paris. Men dei fleste har vore nøgde med meir beskjedne målsetjingar - og spela i kyrkjer og på kafear, på hotell og på «Glopperock», på blueskveldar og på nattjazz.

I ei særstilling står likevel Firda Storband, leia av Trygve Apalset. Bandet vart skipa i 1980, og øvde ein gong for veka i dei beste åra. Repertoaret har hatt stor spennvidde, frå gamle klassikarar til moderne jazz-rock. Firda Storband har hatt ei rad konserter gjennom åra, både lokalt og rundt om i fylket, og gjort fleire innspelingar for NRK-Sogn og Fjordane.

Då musikklinna vart skipa, vart det argumentert med at den sterke musikktradisjonen i kommunen var ei god støtte. Skulen har då og lagt stor vekt på samarbeid med det lokale musikklivet. I tillegg har også profesjonelle musikkarar blitt dratt inn i mange samanhengar. Denne blandinga av lokale amatørar og profesjonelle har prega mykje av den utover-vende aktiviteten til musikklinna. Ikkje minst har dette vore synleg i samband med større arrangement knytte til ulike jubileum. Nokre av desse skal nemnast i det følgjande:

Musikklinna 10 år (1988) vart feira med kantaten «Visst skal våren komme» i Vereide kyrkje - med Musikklinekoret, Gloppen jentekor, Vereide kyrkjekor, elevar og lærarar ved musikklinna - forsterka med Anne Lise Gjøstøl, Ørjan Fristorp og Knut Risan som solistar. Dirigent var Trygve Apalset. Tilstiparar saman med skulen var Rikskonsertane, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommunale musikkskule. Oversynet over deltakarar og tilskiparar ved dette jubileet fortel mykje om den samarbeidsprofilen Firda har stått for.

Firda storband 10 år (1990): ein totimars jazzkonsert med 600 tilhøyrarar i Aulaen, med gamle og nye musikklineelevar. Trygve Apalset var leiar.

Gjenklang (1992): Fire unge komponist-studentar hadde skrive kvart sitt verk som vart urframført denne dagen. Komposisjonane hadde alle forankring i lokal kultur - i musikk eller dikt frå Sogn og Fjordane. Medverkande ved framføringa var m.a. Distriktsmusikarane, Gloppen jentekor, Vereide kyrkjekor og Musikklinekoret. I tillegg inneheoldt programmet to avdelingar med Nordfjord-dikt, presentert av Ove Eide. Opplesarar var Aud Bruland, Sverre Folkestad og Tone Søholt. Konserten var eit samarbeid mellom Rikskonsertane, Norges Musikkhøyskole, Gloppen kommunale musikkskule og Firda vidaregåande skule.

Musikklinna 15 år (1993): Ein kortversjon av Scott Joplins ragtime-opera «Treemonisha» var framført under leiing av Trygve Apalset. Helga Botn, Michael Pavelich, Ingunn Byrkjedal og Ståle Yttreli var solistar saman med «Orphelia Ragtime Orchestra», leia av den internasjonalt kjende pianisten Morten Gunnar Larsen. Dei lokale aktørane talde 90 medlemmer frå Breimskoret, Rygg songlag og Musikkline-koret.

Grieg-jubileet (1993): Toralv Maurstad og Wenche Foss, saman med storbandet og lokale aktørar, framførde utdrag frå «Peer Gynt», til tonar frå Duke Ellingtons jazzversjon av Griegs musikk. Denne musikken hadde tidlegare berre vore framført ein gong i Noreg.

Mange av dei viktigaste samarbeidspartnerane er nemnde i det føregåande. Andre medspelarar har vore: Gloppen hotell, Nordfjord Oriatoriekor, Gloppen Kunstlag, Nordfjord Ungdomskorps, Alexandra hotell. Til saman fortel dette om ei brei kontaktflate og eit vidt musikkrepoar.



Av andre musikalske kontakter musikklinja har hatt, kan nemnast: Egil Hovland, Hans W. Brimi, The Real Thing, slagverkensemblet Kroumata, London Sinfonietta, Arne Nordheim, Magnar Åm, Annbjørg Lien, Jan Garbarek, Arild Andersen, Per Oddvar Hildre, Morten Gunnar Larsen og Brazz Brothers.

Musikklinja har gjennom dei åra ho har eksistert, sjølvsgart sett eit sterkt preg på miljøet på Firda, ved arrangement som russerevy, haustfest, Operasjon Dagsverk m.fl.

#### Ei oppsummering

I eit intervju formulerte avdelingsleiar Trygve Apalset noko av det som har vore grunnsteinane i arbeidet på musikklinja:

*«Det er viktig at elevane skal trivast, at dei kan gå gjennom ei positiv personleg utvikling og få frigjere dei skapande evnene sine. Vi har ønskt at skulen skal vere ein stad der ungdom tykkjer det er godt å vere. Slik har vi prøvt å gjøre Firda til ein så god skule som råd - i skjeringspunktet mellom det beste i tradisjonane og med eit ope sinn for nye tankar og impulsar.»*

*«Vi har bygt på eit samarbeid mellom lokale musikk-krefter og profesjonelle krefter utanfrå. I slike samarbeid har vi hattauge for to perspektiv: Alt godt og nytt treng ikkje nødvendigvis kome frå Oslo eller den store verda. Det er viktig å ta vare på dei lokale tradisjonane, og det er viktig at ei lita bygd kan stå saman om større tilskipingar, gå i lag om fellesopplevingar. Men på den andre sida er også viktig at vi vender augo utover, at vi er opne for det nye - utan ukritisk å slukje alt nytt.»*

*«Vi har sett det som viktig at bygda får ta del i den kompetansen musikklinja har. På det viset har vi fått til framføringer - og gjeve publikum opplevingar - som vi ikkje hadde greidd kvar for oss. Slik har vi ønskt å vise at musikklinja ikkje berre er eit studietilbod ved ein skule, men ein del av kulturlivet i bygda. På denne måten håpar vi å kunne gjøre verkeleg eitt av måla i læreplanen frå 1994: Skulen skal vere aktiv som eit ressurs-, kraft- og kultursenter for lokalsamfunnet.»*

## IDRETTSLINA

Idretten har stått sterkt på Firda gjennom heile skulens historie. Elevane har vore aktive idrettsutøvarar både gjennom skuleidrettslaget og som medlemmer i ulike idrettslag i kommunen. Tilskipingar som Firda-stafett og triangel-/rektagel-matchar (både sommar og vinter) har vore viktige miljøskapande og samlande tiltak for skulen. For mange har idretten i gymnasåra gjeve både høve til personleg vokster og tilhørsle i eit godt miljø. Slik har idretten i alle år vore ein sentral del av det gode skulemiljøet på Firda. For mange nye elevar var idretten eit første trygt steg inn i skulesamfunnet. Mange ungdommar søkte nok og Firda på grunn av den sterke stillinga idretten hadde i Gloppe og på skulen. I kapittelet om skuleidrettslaget er denne delen av skulesoga nærmere skildra.

Når Firda fekk idrettsline i 1979 var nok det sterke idrettsmiljøet i Gloppe, med lange tradisjonar, ei viktig årsak. Særleg innan friidrett, fotball, handball og turn har Gloppe hatt mange gode utøvarar heilt frå tidleg på 1900-talet. Mange av desse var elevar på Firda. I 1965 vart Firda-hallen bygt, som nærmeste nabo til skulen. I same grannelaget finn vi og Idrettsplassen, med grasbane og løpebaner. Det er heller ikkje lange biten til store friluftsområde, med høve til utfalding både sommar og vinter. Dei ytre rammene er såleis gode for eit allsidig idrettsmiljø. For skulen var det naturleg å orientere seg mot nye studietilbod i 1970-åra, med fleire vidaregåande skular og har-



Kvar klasse på idrettslina får oppleve noko spesielt: Her sit 98-russen på sengekanten hos Javier Sotomajor, verdas beste høgdehoppar. Sotomajor får overrekt eit bilde av seg sjølv, som heng i Firdahallen: «We look up to you every day!». Foto: Idrettslina.



Friluftsliv vert opplevd til alle årstider, her frå Støyvastøylen i 1998. Foto: Idrettslina



dare konkurranse om elevane. Eit studietilbod med idrettsfag var eit naturleg val for dei som tenkte nye fagtilbod til Firda.

Idrettslina var dei første åra bygt opp som eit to-årige grunnkurs, med høve til å bygge på med allmennfag over to år for å få generell studiekompetanse. Saman med musikklinna, som kom året før, representerte idrettslina ei spennande utvikling for det tradisjonsrike gymnaset på Sandane. Ein del av idrettsfaga er naturleg nok praktisk retta, med stor vekt på trening og innføring i ulike idrettar. Men samtidig gav - og gjev - lina solid teoretisk innføring i både allmenne fag og idrettsteoretiske fag som idrett, kultur og samfunn, idrettsteori og instruksjon/leiing. Det nye i denne studieretninga, samanlikna med det tradisjonelle gymnasnet, såg ein best i arbeidsmåtar og undervisningsopplegg. Ikkje berre gjekk ein ut av klasserommet i sentrale fag, men elevane måtte i stor grad ta ansvar for eiga og medelevane si læring. Mykje av arbeidet var prosjekttretta, og elevane kunne i noko grad fordjupe seg i eigne særidrettar ut frå interesser og føresetnader. På fleire måtar føregrip såleis idrettslina arbeidsmåtar og prinsipp som vart allmenne først ved Reform 94.

Frå hausten 1985 fekk idrettslina eit ordinært tre-årig løp.

#### Anlegga

Firdahallen og Idrettsplassen i nær-området til skulen er allereie nemnt som viktige ressursar for idrettslina. Firdahallen er hovudstasjonen, med salar, basseng, vektrom, undervisningsrom og lærarrom. I Jølet ved Nordfjord folkemuseum finn vi ei lita friluftsperle, med fine joggeløyper. På høgdedraget over skulen, i Mona, er det gode mulegheiter både for terrenglaup og orientering. Her finn vi og Faleideflata med treningsbane for fotball, og like ved ligg lysløypa i Åsen som kan nyttast både sommar og vinter. Nede ved fjorden ligg tilhøva godt til rette for skøyter vinterstid og bading i Selvágane om sommaren. Med litt transport får elevane tilgjenge til eit mangfold av tilbod i kommunen, ikkje minst i ein spennande natur med flotte tur-løyper og høve til friluftsaktivitetar av mange slag. Både naturen og fylkesanlegget for friidrett på Byrkjelo gjev gode mulegheiter for fysisk fostring.

#### Mangfold og breidde

Eit særtrekk ved idrettslina på Firda har vore - og er - breidde og allsidigkeit. Elevane skal drive både med idrett og friluftsliv, og i løpet av tre år skal elevane lære å kjenne til omlag 25 ulike idrettsaktivitetar. Framfor å dyrke særidrettar og fordjupe seg i ung alder har Firda meint at ungdom bør utvikle eit mangfold av interesser og ferdigheter.

Alle elevane må likevel velje fordjupingsidrett(ar). På Firda vert det gjeve tilbod om handball, volleyball, fotball, turn, friidrett (kast, løp, hopp), vektløfting, kroppsbygging, friluftsliv, ski (langrenn, telemark), sørjing, orientering, dans/rytmikk og trenarstudium. Friluftsliv og trenarstudium vart fordjupingsfag etter Reform -94, noko som gjev auka sokjargrunnlag til lina fordi også dei utan spesialidrett kan finne interessante fordjupingsemne. Tilboden er under kontinuerleg vurdering, slik at skulen kan kome elevønska i møte så langt råd er. Idrettslina er såleis ikkje støypt i si endelige form.

#### Elevane

Søkjartalet til idrettslina har vore godt dei fleste åra. Midt på 80-talet var det likevel låge tal nokre år, noko som heng saman med at det tok fire år for å få generell studiekompetanse viss ein valde denne studieretninga.



Idrettslina har elevar frå heile fylket, sjølv om tyngda har kome frå dei nærmeste kommunane. Av dei 215 elevane som har byrja i første klasse sidan 1979, har 46 % vore frå Gloppe, 29,5 % frå andre nordfjord-kommunar, 14,9 % frå Sunnfjord og 5,7 % frå Sogn. 3,9 % har kome frå andre fylke. Ser vi på fordelinga mellom kjønna, har 53,7 % av elevane vore gutter og 46,3 % jenter.

Mange tenkjer kanskje at idrettslina er ei eliteline for aktive idrettsungdomar på høgt nivå. Slik er det ikkje, sjølv om skulen har hatt mange elevar som har vore mellom dei fremste i landet i sine idrettar. Men sjølv sagt er det kvart år ungdomar som søker idrettslina for å få høve til å kombinere topp-idrett med ei teoretisk utdanning. I dag finst det særordningar, med god tilrettelegging, for elevar som deltek på nasjonalt nivå i sine idrettar - og som av den grunn må vere vekke frå skulen i lengre periodar.

Fleirtalet av elevar på idrettslina satsar nok ikkje på ei idrettskarriere, men har likevel idretten som ein viktig del av livet sitt. Mange av idretts-elevane søker seg til Firda på grunn av det gode sosiale miljøet som dei får høyre om, nokre for å få ei vidaregåande utdanning som kombinerer tradisjonelle fag med fysisk aktivitet, andre igjen fordi dei likar å trenre og halde seg i form. Ikkje få søker til idrettslina som eit første steg i eit medvite yrkesval: Opplæringa her gjev godt grunnlag for høgare utdanningar som politiskule, lærarskule, fysioterapi eller forsvaret. Dei aller fleste er vanlege ungdomar som likar idrett og fysisk aktivitet, utan å ha ambisjonar om å bli idretts-stjerner.

Elevane som søker idrettslina må konkurrere om inntak på grunnlag av karakterane frå ungdomsskulen, idrettsprestasjonar gjev ikkje tilleggspoeng. Likevel er det nok dei mange tidlegare Firda-elvane med gode resultat frå nasjonale og internasjonale idrettsarenaer, som har gjort lina kjend - og sanna at allsidigheit gjev eit godt grunnlag for seinare spesialisering.

### Prestasjoner

Firda-elevar har gjort det godt i mange meisterskap, lokal, nasjonalt - og internasjonalt - både sommar og vinter. I Firda Tidend 2.august 1996 kunne ein lese om fem gull og elleve sølv til Gloppe i Ungdomsmeisterskapen i friidrett. Eit oversyn laga av Gloppe friidrettslag si medlemsavis «Gloptimisten» jula 1997 viste at Firdaelevar hadde tatt 72 medaljar i NM for junior og senior i perioden 1983-97. Og avis Firda skreiv i samband med ein omtale av «gull-miljøet» i Gloppe: «Idrettslina på Firda vgs. skal heller ikkje gløymast i ein slik samanheng. Den er - til liks med musikklinja på skulen - ein overmåte stor ressurs, og ber frukter heile regionen har nytte av.»

Det er farleg, men likevel freistande, å trekke fram enkeltnamn mellom dei mange Firda-elevane som har vist att på idrettsbana - både nasjonalt og internasjonalt. Går vi til åra før idrettslina vart skipa, kan vi nemne namn som Asbjørn Hansen, Anton Skarstein, Ottar Fjellestad, Magnor Myklebust, Bjørn Birknes, Jakob Lothe, Harald Gjengedal, Øystein Bjørbæk, Even Hole, Bjarne Huseklepp, Greta Sårheim og Rune Gjengedal.

Det første kullet som avslutta den treårige lina hadde fleire elevar som har vist att i åra etterpå: spydkastaren Arne Indrebø, kulestøytaren Kjell Ove Hauge og lengdehopparen Ole Morten Mardal. Desse tre tok to gull, sølv og bronse i senior- NM i 1993.

Dei siste åra har fleire Firda-namn vore langt framme i norsk idrett: Oddbjørn Hjelmeset (langrenn), Elin Isane (diskos), Kristin Roset (løp), Rune Bolseth (fotball) og Roger Aa Djupvik (langrenn) er kanskje dei mest kjende namna i siste halvdel av 1990-åra. I tillegg nemner vi Cecilie Rise som ikkje var elev på idrettslina, men som



har hatt svært gode resultat i lengde, tresteg og sprint dei siste åra. Idrettsmiljøet på Firda er ikkje avgrensa berre til idrettslina, sjølv om mange som satsar på idretten, vel denne studieretninga. I tillegg til eliteutøvarane finn vi ein levande underskog av lovande idrettstalent, som har fått lagt noko av grunnlaget sitt i idrettsmiljøet på Firda - anten dei går idrettslina eller har valt ein annan studieretning.

Sjølv om vi trekkjer fram alle desse namna, og lista kunne lett gjerast veldig lang, er det viktig å streke under det som så mange tidlegare elevar har sagt: Idrettslina på Firda var viktig både for den idrettslege og den personlege voksteren: Her har lærarar og elevar i lag forma eit tett og godt sosialt miljø som gjev verdiar og feste for seinare liv, karriere og utdanning.

### Idrettslina og bygda

Idrettslina har mange band til Gloppe-bygda. Ein del av desse vert knytte gjennom opplegg i skulens regi: Elevane er i periodar utplasserte i ulike lag og organisasjonar der dei fungerer som instruktørar: i barneidrettsskulen, på eldrettrim, i idrettslaga. På Utvikfjellet har idrettsline-elevane drive leirskule på vinterstid, med elevar frå mange kommunar i fylket vårt. Mange av Firda-elevane, anten dei går idrettslina eller andre studieretningar, er med i lokale idrettslag: spelar fotball på STIL, handball i Gloppe handballklubb, driv friidrett for GFIL etc. Også slik vert det knytt band mellom skule og lokalsamfunn.

Sterke band går det også frå lærarrommet til idretten i bygda. Mange av lærarane på Firda har solid bakgrunn i idrettsrørska, og har etter aktiv karriere vore trenarar og til-litsvalde på mange plan i Gloppe-idretten. Slik har dei gjeve tilbake til bygda kompetanse som har kome mange barn og unge til gode.

### Ei oppsummering

Avdelingsleiar Knut Førde formulerer hovudtankane bak idrettslina på Firda slik:

*«Eit grunnprinsipp for oss er idrett for alle. Idrettslina er ein stad for alle - frå mosjonisten som trimmar ein gong i veka til dei som trenar 10 gongar same veka. Samstundes ønskjer vi å ivareta topputøvaren, også han/ho skal finne seg til rette på idrettslina vår. Slik har vi tenkt i alle år, men i dag er tilrettelegging for topputøvarane sett i system.»*

*Vi legg allsidigkeit i botnen for arbeidet vårt, også av den grunn meiner vi at idrettslina er ein stad for topputøvarane. Vi ønskjer ikke at elevane skal spesialisere seg for tidleg. For somme verkar dette kanskje som ein motsetnad, men slik er det ikke: Dei fleste undersøkingar viser at tidleg spesialisering fører til for tidleg topp-nivå - og tidleg slutt - og ein når ikkje så langt i idretten sin som om ein tuftar utviklinga si på allsidighet før ein spesialiserer seg.*

*I forhold til lokalsamfunnet ønskjer vi at idrettslina skal vere med og styrke den lokale idretten gjennom organiserte oppgåver som instruktør - og via ulike arrangement. Lokalmiljøet bidreg positivt til elevane si utvikling ved å ha gode treningstilbod på fritida. I treningsøktene på kveldstid, i ulike idrettar, møtest idrettsline-elevane, andre Firda-elevar og lokale idrettsutøvarar i samspel og utveksling av erfaring - til fordel for alle partar.*

*I botnen for mykje av arbeidet vårt ligg eit ønske om å skape trivsel - både i skule- og idrettssamanheng. For utan god trivsel vil du ikkje lukkast, verken fagleg eller idrettsleg. Og tilbakemeldingane frå elevane våre vitnar om at vi har lukkast i å skape eit miljø der ungdomane trivst og utviklar seg.»*



## HELSE- OG SOSIAVFAG

Firda fekk si første klasse i helse- og sosialfag i 1980. Opplæringa var organisert som toårig grunnkurs, med høve til to års påbygging med allmenne fag for å få generell studie-kompetanse. Det vart tatt inn 12 elevar på studieretninga. Dei var eiga gruppe i studieretningsfaga og gjekk saman med idrettselevane i dei felles allmenne faga. Denne organiseringa hadde ein fram til 1988. Frå då av fekk skulen eittårig grunnkurs og vidargåande kurs I i hjelpepleie. Med innføringa av Reform 94 fekk Firda det tilbodet skulen har i dag: Eittårig grunnkurs og vidaregåande kurs I og II i hjelpepleie. Etter tre år har elevane fagutdanning som hjelpepleiarar. For å få generell studiekompetanse må dei gå eit fjerde år med allmennfag.

I tillegg til dei ordinære klassene har skulen fleire gonger hatt tilbod om vaksenopplæringskurs i hjelpepleie og i vernehjelpepleie. Firda har også hatt AMO-kurs for utdanning av skuleassistentar, der fleire av lærararne frå HS var involverte. Med feste i fagmiljøet på studieretninga vart det på 80-talet dessutan laga to valfag som elevane på allmennfag kunne velje: «Funksjonshemming - integrering og støttekontaktsarbeid» og «Spebarn og barsel».

Når Firda fekk helse- og sosialfag i 1980 har dette sjølv sagt samanheng med at skulen mangla yrkesfaglege studietilbod. I Gloppen låg tilhøva vel til rette for eit fagmiljø knytt til helse- og sosialfag, med institusjonar som Nordfjordheimen, Søreide skule og Gloppen sjukeheim. I kommunen var det også tilgjengeleg fagpersonell som kunne nyttast som lærarar. Internt på skulen hadde det frå slutten av 60-talet vorte arbeidt med siktet på å få til sosialline. Denne skulle gje yrkesutdanning på same nivå som økonomisk gymnas, men og vere grunnlag for vidare utdanning innan helse- og sosialstellet. Bakgrunnen for planane var eit veksande behov for yrkesutøvarar innan sosialsektoren, og at Gloppen hadde ei rad institusjonar som ville vere gode medspelarar ved ei slik utdanning, og dermed gje høve til ein kombinasjon av teoretisk og praktisk utdanning.

I 1970 var Forsøksrådet på rundtur til skulane i fylket, og fekk orientering om planane. Rådet ba skulen om å arbeide ut nærmere planar for lina. Dette blei gjort, og søknad med framlegg om timebyte, fag og emne vart sendt. Søknaden fekk mange lovord og møtte stor interesse, m.a. i sosialdepartementet. Hausten 1972 fekk Firda starte med si «sosialline», men etter ein plan som var svært ulik skulens framlegg. Tilbodet blei ei tradisjonelle samfunnsfagline. Først 8 år seinare fekk Firda tilbod om helse- og sosialfag.


### Kampen for å få eit fullverdig studietilbod på helse- og sosialfag

Skulen fekk altså første klassa i helse- og sosialfag i 1980. Men både sjølve utdanningsløpet og tilbodet ein fekk på Firda var lite tilfredsstillande. Det to-årige grunnkurset gav ikkje yrkeskompetanse; for å få det måtte elevane byte skule og ta eit tredje år. For å få studiekompetanse måtte dei byte studieretning og gå to år med allmennfag etter grunnkurset. Helse- og sosialfag var altså ein slags blindtarm. Skulle det ha nokon sjanse til å overleve, måtte det gjerast noko.

I 1984 vart det sett ned ei nemnd for å greie ut eit muleg VKI kurs på studieretninga. Jon Gloppestad var sekretær, og med i nemnda var representantar frå Nordfjordheimen, Søreide skule, sjukepleie- og vernepleieforbundet. I utgangspunktet tenkte ein seg eit kurs som skulle gje yrkeskompetanse som hjelpepleiar i vernepleie, og dermed vinkla mot det lokale behovet for helsepersonell. I 1985, etter å ha henta inn signal frå RVO og frå helsevesenet, vart planane endra. Ein tenkte no i ret-



Klassane på studieretning for helse- og sosialfag med utdanning av somatiske hjelpepleiarar held til i den tidlegare Rektorbustaden. Bilda viser ulike undervisningssituasjonar.  
Foto: Gunnar Nygjerd.





ning av eit vidaregåande kurs miljøarbeidar/vernepleieassistent der det skulle leggast mykje vekt på å gje ei sosialpedagogisk opplæring. Nemnda kom så langt at den fekk utarbeidd ei grovskisse for opplæringa, men ein kom aldri fram til nokon ferdig fagplan som det kunne søkjast om utprøving av. Det er ting som tyder på at det heile tida var ein kompetansestrid mellom dei to fag forbunda som var representerte i nemnda, og at dette er hovud-forklaringa på at arbeidet stoppa opp.

Mot slutten av 1986 tok ei ny arbeidsgruppe med rektor Eimhjellen som sekretær opp att arbeidet med å få til eit meir tilfredsstilande studietilbod på helse- og sosialfag. Ein ønskte eit vidaregåande kurs som gav yrkeskompetanse for personell det ville bli behov for i framtida. Kurset skulle gå inn i eit opplæringsløp der elevane kunne byggje på med eit tredje år til studiekompetanse. Framlegg til fagplan for det nye tilbodet som ein kalla VKI helse- og miljøfag, vart sendt RVO i byrjinga av mai 1987 med søknad om utprøving. Skulen fekk avslag med den grunngjeving at eit strukturutval var i arbeid i RVO for å kome med framlegg til nyorganisering av studieretninga våren 1988, og at «Firda-modellen» ville bli vurdert i den samanheng.

I 1988 kom strukturendringa der dei to studieretningane husholdningsfag og helse- og sosialfag var slegne saman i eit felles grunnkurs som heitte «Helse- og miljøfag». Grunnkurset kvalifiserte for inntak til 10 ulike vidaregåande kurs. Skulen valde no å avvikle det to-årige grunnkurset og starte med den nye strukturen og tilbod om VK I hjelpepleie.

Men på Firda var ein ikkje nøgd med det nye tilbodet. Det ga ikkje den opplæringa ein hadde tenkt, og det løyste ikkje problematikken når det galdt vegen til studiekompetanse, som framleis gjekk via allmennfag. Det verka som ein på sentralt hald ikkje hadde lagt mykje arbeid i å finne gode løysingar. Var det fordi dette var ei typisk jente-utdanning?

Frå Firda, og frå mange andre skular som hadde tilbodet, kom det mykje kritikk både under høyrings-runda og etterpå. Etter eit par år vart dette studietilbodet trekt attende, og det gjekk lang tid utan at det skjedde noko meir.

I desember 1991 sende rektor brev til Leiv Blakset, Senterpartiet i Sogn og Fjordane som sat i undervisningskomiteen, og etterlyste fortgang i arbeidet. I svaret frå Blakset heitte det mellom anna: «Eg har fleire gonger teke kontakt med statsråd Hernes om dette, men det har til no ikkje kome noko signal om endra haldning til dette frå departementet si side. Saka vart teken opp i Stortinget av Sp-vararepresentanten Marit Tingelstad i spørjetimen 8. januar 1992. Svaret frå statsråden kan diverre heller ikkje tolkast som positivt. (...) Eg vil framleis halde saka «warm» og prøve å påverke statsråden.»

Den endelege avklaringa på struktur og innhald i studieretning for helse- og sosialfag fekk ein ikkje før med Reform 94, ti år etter at skulen hadde teke det første initiativet.

### Anlegg og praksis

Dei første åra heldt HS til i Gamlebygget, men flytta så over til «rektorbustaden» som blei ombygt med praksisavdeling og kjøkken til undervisning. Elevane på denne studieretninga får ei opplæring som kombinerer teori og praksis. I løpet av dei to siste åra er elevane ute i fem praksis-periodar. Viktig praksis-plassar for Firda-elevane er Nordfjord sjukehus, Gloppen sjukeheim, heimesjukepleien i Gloppen, verna bustader og psykiatritenesta. Nokre elevar som kjem frå andre delar av fylket, har høve til praksis på heimstaden.



Gjennom utplasseringane får elevane ei røyndomsnær opplæring der sambandet teori-praksis er nært og konkret. For lærarane som følgjer elevane ut til dei ulike arbeidsplassane, betyr desse periodane fagleg ajourføring og inspirasjon. For både lærarar og elevar gjeld det at dei alle knyter band til institusjonar og menneske i lokal-samfunnet.

#### Elevane

Klassene på HS har i alle år vore små, med 12 elevar på kvart årssteg. Lina er klårt dominert av jenter, berre 4 gutter har byrja på grunnkurset sidan 1980. Med innføringa av Reform -94 endra elevgrunnlaget seg. Før 1994 var elevane godt vaksne, nokre hadde eksamen artium, mange hadde yrkespraksis, og dei kom frå heile fylket, frå inst i Sogn til nordst i Nordfjord. No er elevane unge, dei aller fleste kjem rett frå ungdomsskulen og er utan erfaring frå yrkeslivet. At opplæringa dermed må bli annleis, seier seg sjølv.

#### Ei oppsummering

Grethe Holtan har følgt studieretninga sidan starten i 1980, og er no avdelingsleiar for helse- og sosialfag. Både ho og medspelarane hennar på avdelinga har klåre mål for opplæringa:

*« Vi skal først og fremst utdanne dugande og bevisste hjelpepleiarar. I dette arbeidet legg vi vekt på fagkunnskapar, holdningar, evne til innleving, etikk og evne til kommunikasjon. Utdanninga har altså både ei fagleg yrkesside og ei menneskeleg. Begge sidene må takast vare på i opplæringa. »*

*« På mange måtar har vi lege i framkant når det gjeld undervisning og arbeidsmåtar. For oss har det alltid handla om å ta vare på heile mennesket. Slik heilsakaps-tenking har vore nødvendig i våre fag - lenge før Reform -94 vart innført. »*

## ALLMENNFA<sup>G</sup>

Dei største endringane for allmennfaga på Firda er skildra i tidlegare kapittel: Den eine er endringa frå utvalsgymnas til ein skule for alle, med nye krav til lærar- og elevroller, til arbeidsmåtar og pedagogisk tenkjing. Det andre er nedskjeringane i klassetal, med dei følgjene dette har hatt for fagtilbodet på studieretninga. Strukturendringane og utviklingsarbeidet er skildra i eit eige kapittel, begge har hatt store konsekvensar for allmennfaga: færre klasser, integrering av nye elevgrupper, nye undervisningsmåtar.

Allmennfaga har vore og er berebjelken i studietilbodet ved Firda. Trass alle nedskjeringane er allmennfag framleis den største studieretninga ved skulen. Dessutan utgjer dei felles allmenne faga 50 % av faga på dei andre studie-retningane. Når framlegga om færre klasser har kome, har kampen stått om å halde fagbreidda og fagmiljøa innan allmennfaga. Det har og vore viktig å halde oppe eit minimum av valfag. For å klare å halde fagbreidda har strategien vore samansett av fleire faktorar: Skulen har kjempa for å få ekstra lærartimar utover minimumstalet. Vidare har ein kombinert fag på tvers av studieretningane, dette gjeld både studieretningsfag og valfag.

Med desse grepene har skulen makta å halde oppe dei store tradisjonelle studieretningsfaga, ein har kunna doble klasser når interessa har vore stor, og ein har funne rom for nye, framtidsretta fag som mediekunnskap.



Frå Operasjon Dagsverk 1988. På stand i Sandane sentrum, frå venstre: Siv Kvellestad, Gro Merete Hilde og Hege Lothe. Foto: Firda Glimt.

I løpet av 90-åra har likevel fleire fag falle ut av det tilbodet skulen kan gje: sosialøkonomi, politisk idehistorie, rettslære er vel dei viktigaste. Reduksjonane i klassetal har og ført til at valfagstilbodet må skjerast ned til eit minimum. I 1998 gjev skulen tilbod om valfaga kroppsøving, psykologi, filmkunnskap, radioarbeid og data. I tillegg kjem såkalla «kontraktsvalfag», der elevane arbeider i frivillege lag og organisasjonar. Frivillegesentralen er ein viktig samarbeidspartner for dei elevane som har slikt valfag. Av andre valfag som skulen har hatt sidan 1976 kan nemnast: folkemusikk, folkeviseleik, drama, økonomi og forbrukarlære, maskinskriving, litteratur, skuleavis, biokjemi, miljøvern, trafikk-kunnskap, samtidsorientering, u-landa og vi, projeksjonsteikning og tekststilforming.

Nedskjeringane på allmennfag har såleis hatt konsekvensar for elevane sine valmuleheiter - både når det gjeld studieretningsfag og valfag. Dei sistnemnde var for mange elevlar kjærkomne pustehol i ein hard leksekvardag, det har blitt færre av desse i 90-åra. Når det gjeld studieretningsfaga, har skulen prioritert å halde oppe tilboden innan naturfag som er nødvending for å få spesiell studiekompetanse (matematikk, fysikk, kjemi, biologi og IT). Vidare har skulen halde oppe tilboden om tre framandspråk: engelsk, tysk og fransk. Frå hausten 1998 tilbyr Firda også spansk. Av samfunnsfag har skulen no tilbod om samfunnskunnskap og bedriftsøkonomi.

Eit nytt studieretningsfag frå skuleåret 96/97 er mediekunnskap, der elevane i tillegg til teoretiske kunnskapar får lage medieprodukt som avis og radioprogram. Sentrale samarbeidspartnarar i dette faget er Firda Tidend, Nordfjord Nærradio og NRK-Sogn og Fjordane. Firda er den einaste vidaregåande skulen i fylket med dette tilboden. Saman med dei to valfaga filmkunnskap og radio valfag (der elevane lagar radioprogram for Nordfjord Nærradio) har medie-interesserte elevlar fått hove til ei viss fordjuping, både teoretisk og praktisk i mediefag.

Ei viktig investering for språkfaga var språklaboratorium for framandspråka, som stod ferdig i 1993 og gav hove til betre språkopplæring. Eit anna satsingsfelt på Firda dei siste 30 åra er data, som vi skal skildre i det følgjande kapittelet.



*Ingvild Eimstad og Johnny Austrheim i arbeid ved ein NCR PC frå 1986, Bildet er tatt i 1990.  
Foto: Ottar Sande.*

#### Frå holkort til multimedia

På Firda gymnas vart det tidleg synt interesse for EDB, og skulen var mellom dei første skulane i landet som gav undervisningstilbod i data valfag. Rektor Olav Haaland og lektorane Oddvin Myklebust og Per Hoel var på kurs i Bergen i 1969 og fekk lære om bruk av EDB. På denne tida var det stort sett enkel programmering i FORTRAN som var aktuelt for skulane.

I 1970 fekk skulen kjøpe, for ein billeg penge, ei punchemaskin frå Universitetet i Bergen, og dei neste to-tre åra øvde nokre av lærarane seg på å lage enkle FORTRAN-program. Programma vart puncha på holkort som vart sende med posten til Bergen, der programma vart køyrde på universitetet sitt data-anlegg. Holkorta vart så, saman med datautskrifter, sende tilbake til skulen. Men ofte var der feil i programma. Då måtte holkorta endrast, og heile kortbunken innsendast på nytt. Postsendingane kunne gå fram og tilbake fleire gonger før programma fungerte som dei skulle.

I 1974 kom Gunnar Nygjerd til Firda. Han var den første som hadde litt utdanning innan EDB frå universitetet, og kom frå då av til å ha ansvaret for den vidare utviklinga innan data ved skulen.

Skuleåret 1974/75 var første året skulen gav tilbod om eit totimars valfag i data. Ein hadde no betra kommunikasjonen med Universitetet i Bergen: Gjennom to skrivemaskinterminalar (fjernskrivvarar) kunne skulen koplast opp mot datamaskin i Bergen via telefonlinje. No kunne programma lagast på førehand og punchast ut på holband. Når den oppringde telefonlinja var etablert, kunne ein bruke holbandlesaren på skrivemaskinterminalen til å lese inn programmet. Etter kort tid fekk ein resultatet tilbake på terminalen, utskrive på papir. Men framleis var det skjer i sjøen: Telefonentralane var manuelle, og sambandet med Bergen datt ut når telefondame ne lytta på linja! På denne tida bestod faget av problemløysing ved hjelp av FORTRAN, men etter kvart var det programmeringsspråket BASIC som tok over.

I 1976 kjøpte skulen ei Metric Alpha LSI minimaskin som dei to skrivemaskinterminalane kunne koplast opp mot, noko som gjorde skulen uavhengig av sambandet til Bergen.



Fram til 1983 hadde Firda berre tilbod om totimars valfag i EDB, men frå og med skuleåret 1983/84 gav skulen også tilbod om eit tretimars linefag. Dette bygde på totimars-kurset, dermed kunne elevane no velje til saman 5 timer med data for veka. I tillegg til meir omfattande opplæring i programmering innheldt tretimars-kurset også ein del om dei samfunnsmessige sidene ved bruk av data. I 1983 hadde skulen bygt opp eit sett med 10 NewBrain mikromaskiner, den første av desse fekk skulen i 1981.

I 1983 vart ein av elevane, Kjetil Mellingen, nummer to i den landsomfattande konkurransen «Unge forskere». Han hadde laga eit program som kunne teikne ulike romfigurar. Desse kunne dreiaast omkring dei tre akseretningane uavhengig av kvarandre, slik at ein kunne sjå romfigurane frå ulike synsvinklar. Programmet var laga på skulen sine NewBrain-maskiner. Også året etter vart Mellingen premiert i den same konkurransen, då med «Datamaskinen som pedagogisk hjelpemiddel», eit program for læring av glosar.

Utover på 80-talet var det harde diskusjonar om vidare vegval for data i skulen. Skulle ein satse på den norske TIKI-maskinen, den svenske Scandis eller «industristandarden» som dei sakkalla IBM-kompatible maskinene representerte. I 1984 inngjekk KUD ein rammeavtale med TIKI og Scandis om bruk av desse maskinene i norsk skule, men mellom desse kunne ein velje fritt. Ved Firda var faglærarane heile tida overtydde om at dei IBM-kompatible maskinene, som var nytta i næringslivet, ville tvinge seg fram i skulen. Det vart likevel innkjøpt ei TIKI 100-maskin med to diskettstasjonar hausten 1985. Men alt året etter vart maskina seld, og skulen satsa på PC-ar av den typen som var nytta i næringslivet.

Sidan har dataundervisninga ved Firda vorte revolusjonert i to etappar. Først ved ei ekstraløyving i 1986, seinare ved ei ny løying i 1991. Den første av desse to løyvingane vart brukt til innkjøp av dei første IBM-kompatible PC'ane brukt til undervisning ved skulen. Den siste løyvinga gav skulen det første fullverdige datarommet med 15 elevmaskiner og ei lærarmaskin, alle kopla saman i eit Novell nettverk. Med desse maskinene gjorde også Windows sitt inntog på Firda.

Med Reform -94 kom nye læreplanar for informasjonsteknologi (IT), og frå skuleåret 1995/96 kunne elevane velje fem timer både i andre og i tredje klasse i dette faget. I all dataundervisning byggjer skulen no på programpakken Microsoft Office, som inneholder tekstbehandlingsprogrammet Word, reknearket Excel, databasen Access og presentasjonsprogrammet Powerpoint. To rom er i dag nytta som datarom, det eine er den tidlegare «vesle matsalen» i kjellaren. Tenarmaskina for heile anlegget er plassert i det gamle postkontoret på skulen, og er slik ei symbolsk markering av kommunikasjonsteknologien si utvikling dei siste 25 åra.

I dei nye fagplanane etter Reform -94 inngjekk også Internett. Frå våren 1996 kunne alle IT-elevane arbeide mot Internett samstundes. I februar 1996 fekk Firda, som den første vidaregående skulen i fylket, eigne heimesider på Internett.

Data har og vore eit godt verktøy i spesialundervisninga, både spesialprogram og standard programvare har vore til stor hjelp for elevar som treng ekstra hjelpemiddel og/eller særskild tilrettelagd opplæring.

Den oppringbare databasen Firda BBS var i drift frå 1988 til 1998, som møtestad for naturfagleg interesserte. Basen var på mange vis eit pioner-arbeid, strammare redigert og meir seriøs enn dei fleste andre slike basar i Noreg. Desutan var Firda BBS på nynorsk. Ottar Sande starta basen og dreiv den det tiåret den var oppe. Ved starten av «Internett-året» 1996 hadde rundt 10 000 personar brukte Firda BBS og registrert seg på basen. Men i konkurransen med Internett minka aktivitetane på BBS-ane, og Firda BBS vart lagt ned ved årsskiftet 1997/98.



Firda BBS har fått god omtale både i norske og i internasjonale datatidsskrift. Allereie i 1989 nemnde «Personal Computer World» basen. DATATID hadde først ei dobbeltside i 1989, seinare ei heilside om basen i 1994. INTERFACE hadde eit større oppslag i januar 1994 der Firda BBS vart presentert som «Norges største populærvitenskapelige BBS».

I 1992 og 1993 gjennomførte Firda vgs, Måløy vgs og Langvin vgs eit samarbeidsprosjekt med fjernundervisning i biologi gjennom Firda BBS. Initiativtakarar og lærarar var Ottar Sande og Jan Eide, Måløy vgs. Prosjektet vart kalla FILAM, og vart lagt merke til. All teori-undervisninga gjeikk føre seg ved opne konferansar på basen, der besøkande frå heile landet var velkomne med innlegg - i tillegg til elevane og lærarane som skreiv sine innlegg dagleg. Ein rapport om prosjektet vart presentert av Sande og Eide på verdskonferansen «Teleteaching 1993» i Trondheim, og seinare same året presentert i det internasjonale tidsskriftet IFPI.

Måløy vgs dreiv fjernundervisning i tysk og matematikk på Firda BBS i 1992, og Distrirkthøgskulen i Sogndal brukte basen i si utdanning i spesialpedagogikk i 1993.

Sidan 1983 har skulen arrangert fleire interne kurs i data, dei siste ára også i bruk av Internett. Det er likevel eit stykke att før IT er ein naturleg del av opplæringa i alle fag.

#### Ei oppsummering

Per Kåre Håvik er avdelingsleiar på studieretning for allmenne fag, og har klare tankar om framtidsutfordringar for den avdelinga og dei faga han har ansvar for:

*«Allmennfag var i si tid sjølve utgangspunktet for vidaregåande opplæring. Allmennfaga skulle gje elevane eit teoretisk grunnlag for vidare studiar ved universitet og høgskular. Sjølv om dette gjeld framleis, har allmennfaga i dag eit mykje breiare perspektiv, med omsyn til målgruppe, faginnhald og undervisningsmåtar.*

*I dag har alle elevar på alle studieretningar eit aukande behov for å forstå og takle eit stadig meir komplisert samfunn. I tillegg til at studieretninga skal gje elevane fag-kunnskapar, blir allmennfaga også reiskapsfag og orienteringsfag - som alle ungdomar treng, same kva veg dei vel etter vidaregåande skule.*

*Eit mål framover blir å knyte teoretisk læring til praktiske døme og erfaringar frå kvardagslivet. Vi lyt freiste å få til eit sterkare lokalt feste, der lokalsamfunnet vert nytta både som ressurs og som konkret røyndom for elevane. Samstundes er det ei stor utfordring å behalde det globale perspektivet og gje elevane ei forståing av den internasjonaliseringa som både elevar og lokalsamfunn vert stadig sterkare integrert i.*

*Elevane skal oppleve ára på allmennfag som interessante, aktuelle og fagleg utfordrande. For å nå slike mål lyt også allmennfagleg studieretning utvikle seg både fagleg og pedagogisk. Firda har alltid vore kjent for å ha eit godt og breitt fagmiljø, dette vil vi arbeide for å behalde og utvikle vidare. Ein viktig føresetnad for å makte dette, er at ungdom ser på Firda som ein god skule i vid tyding - og søker seg hit. Gjer dei det, vert det og lettare å behalde eit godt og variert fagtilbod og skape gode læringsmiljø for elevane.»*



Lærarar ved skulen våren 1997. Ståande framme frå venstre: Jorund Årdal, Kåre Holvik, Ragnar Eimhjellen, Bernt Kr. Holtan, Sverre Dørnvold, Jon Husabø Hansen, Gunnar Nygjerd . Ved trappa til venstre, rekjevis framanfrå: Ivar Bruun, Gunn Tone Moen, Grethe Holtan, Asbjørg Apalsæt, Ragnhild Bakketun Vederhus, Karin Walen Rindal, Bjarte Rygg, Tove Seppola Reed, Alf Ødven, Turid Hilde, Asbjørn Geitthus. Ved trappa til høgre, rekjevis framanfrå: Kjell Arnestad, Else Torunn Kvamme, Ellen Johanne Mjelva, Berit Aasebø Hauge, Roald Kjørvik, Aud Bruland, Trygve Apalsæt, Arne Søholt, Sofrid Bjørkum. Ståande bak: Knut Førde, Olav Bergheim, Sigurd Klakegg, Magnus Willumsen, Ole Morten Marcdal, Ottar Sande, Inger Marie Sande, Turid Korterud, Ove Eide, Arvid Rygg, Kaare Rosvold, Marit Rygg, Margot Sande, Per Kåre Håvik, Terje Svendsby, Per Myrholt.





# Firda vidaregåande skule 75 år

## *– nokre hovudtrekk*

Firda vidaregåande skule har endra seg mykje på 75 år - heldigvis. Endringane av skulen speglar både sider ved samfunnsutviklinga og skifte innan pedagogikk og læringssyn. Likevel er det muleg å sjå nokre verdiar og liner som har vore nokså faste gjennom alle tiåra. Tre slike hovudlinjer kan oppsummerast med stikkorda folkeopplysingstradisjon, godt skolemiljø og tett forhold til bygdefolk og lokalsamfunn.

Firda gymnas vart skipa som lekk i ei nasjonal reising, der målsak og folkeopplysing kan vere stikkord for sentrale verdiar. Kampen for ei utdanning for bygdeunddom på eige kulturgrunnlag var tidleg vunnen, og har ikkje vore noko stridsspørsmål sidan mellomkrigstida. Firdaskulane vart tidleg kjende for å vere ein god opplæringsinstitusjon, og mange elevar bar med seg holdningar og kunnskapar herfrå ut til det norske samfunnet - og rekna seg heile livet som Firda-elevar. Herbjørn Sørebo legg vekt på dette i sin artikkel i dette skriftet. Mange andre har sagt det same.

Firda gymnas hadde heilt frå starten av trekk ved seg som minte om ein folkehøgskule. Dei første lærargenerasjonane såg seg sjølv i ein folkehøgskuletradisjon, med vekt på verdiformidling og omtanke for heile eleven. Dei var ikkje berre fagformidlarar i skuletida, men var aktive i elevlaga på fritida. Det handla om å skape eit trygt miljø for mange tilreisande ungdomar. Derfor vart Firda meir enn ein skule. Og slik har det vore, meir eller mindre tydeleg, gjennom alle år. Derfor kunne også ein elev seie til foreldra sine ein gong han var heime: «Det er berre ein ting som er gale med Firda - og det er feriane.» Stort sterkare kan ikkje trivsel uttrykkjast.

Folkeopplysingstanken har gjennom heile Firda si soge vist seg i at lærarane har vore aktive deltagarar i lag og organisasjoner i lokalsamfunnet. Som föredragshaldarar og talarar har dei formidla samtidskunnskapar og perspektiv på både det vesle og det store samfunnet. I jubileumsåret markerte skulen dette med «Firda-akademiet», der skulen inviterte heim att tidlegare elevar som föredragshaldarar på opne møte: Steinar Supphellen førelas om hekser og heksefølgingsar, Edvard Befring, Helga Hjetland, Erik Sølvberg og Astrid Søgnen deltok på eit større debattmøte om norsk skule, Jan Ove Ulstein fortalte om eige forfattarskap og las dikt, Olaf Aagedal snakka om religion i fjordfylket. Alle saman fagfolk som delte erfaringar og kunnskapar med interesserte tilhøyrarar.

Folkehøgskulearven kan vi og finne att i lærarane sitt engasjement i tilskipingar på fritida: som instruktørar på haustfestar og russerevyar, og som arrangør av den árvisse «grisefesten» for avgangsklassene der lærarane står for heile festen med førebuing, matstell og program. Gode medspelarar ved avviklinga er foreldre i oppvasken og andreklassingar som servitørar. Dei mange prosjekta som vender seg mot elevane sine utanomfaglege sider, kan vi og sjå som deler av ein tradisjon der det handlar om



å sjå det heile mennesket: førebyggande arbeid mot rus, prosjekt om kriser i ungdomstida, samtalegrupper og temaopplegg retta mot seksualitet og kropp.

Ein like sterk tråd gjennom Firda-soga er dei mange tette banda mellom skulen og bygda. Kommunen har stilt opp gong på gong, heilt frå tanken om eit gymnas vart lansert - med tomtar, tilskot, bygningar - og utspel for å sikre skulen når det var motvind. Ein lojal kommuneadministrasjon, positive lokalpolitikarar og engasjerte bygdefolk har vore gode støttespelarar i mange samanhengar. Ei spesiell gruppe har vore trekt fram fleire gonger: Dei mange hybelvertane som år etter år tok imot tilreisande ungdomar og behandla dei som sine eigne.

Firda-skulane har vore ein stad der bygdefolket har samlast til festar og arrangement i mange samanhengar. Haustfestar og russerevyar, konserter og føredrag, festkveldar og lagsmøte, idrettsarrangement og debattar: Gjennom 75 år har det vorte hundrevis av tilskipingar og titusenvis av besökande på skulen. Impulsar har gått på mange vis frå skulen til lokalsamfunnet - og frå bygda til elevane. Det er ikkje for sterkt tatt i når ein seier at Firda har vore eit ressurs- og kultur-senter i Gloppe.

Sjølvsgåt har skulen også hatt betydning for lokalsamfunnet i økonomisk forstand. Gjennom husleige og handel har temmeleg store kronesummar kome kommunen til gode, og vore viktige bidrag til utviklinga av lokalsamfunnet. Men vi må ikkje gløyme forelskingane og ekteskapene og barna - skulen har betydd så mykje, og så mangt, for så mange. Røter vert knytte på mange vis.

Det er sjølvsgåt ikkje råd å setje tal - eller andre mål - på kva Firda har betydd for Gloppe-bygdene. Dette har vel heller ikkje så mykje føre seg, for når alt kjem til alt er det nok dei ikkje-målbar verdiane som har vore dei viktigaste bidraga frå Firda til bygda. Det same gjeld andre vegen og.

Trass alle endringar: Noko har stått fast. Skulen har makta å tilpasse seg nye krav, ikkje minst fordi Firda har vore ein skule med sterke fagmiljø. Som denne historiske oversikten har synt: I dei siste 25 åra, med store omskifte i skuleverket, har skulen gong på gong gripe tak i utfordringar og justert kurset. Påstanden om Firda som ein litt konservativ skule, som ein stundom kan høyre, er det lite marg i: Firda var ein av dei første skulane på Vestlandet som starta med samfunnsline (etter å ha freista få til ei sosialline). Firda var første skulen i fylket som innførte ny struktur etter lova om vidaregåande opplæring i 1976. Firda var først med idrettsline og musikkline i fylket, og var tidleg ute med EDB, og med fag som ulands-fag, miljøvern, psykologi og fredsfag. Utviklingsarbeid har vore prioritert høgt dei siste 15 åra, og skulen har vore langt framme i arbeidet med å legge tilhøva til rette for elevar som treng tilrettelegging. Skulen var såleis godt budd ved innføringa av Reform -94 og dei nye krav og forventingar som då vart stilte.

Firda-skuta er skulens symbol. Gjennom 75 år har Firda opplevd både mot- og medvindar, slik all seglas gjer. Men eit jubileum betyr ikkje berre at ein stoggar opp og ser attende, eit äremål er og eit naturleg høve til å sjå framover. Kjell Arnestad er studieinspektør ved Firda, og har vore sentral i utviklingsarbeidet sidan han kom til skulen i 1985. Om framtidia seier han:

*«Grunnfilosofien som Firda byggjer på, er noko så enkelt, og samstundes så krevjande, som å ha eleven i fokus. Elevane kan vere mellom 16 og 19 år eller eldre, ulikt utrusta når det gjeld evner og interesser, med svært ulike bakgrunnar, forskjellige behov og framtidsplanar. Målet vårt er at Firda skal vere ein skule for alle, der kvar einskild får best mulig vilkår for læring og utvikling. Heile skuleorganisasjonen skal vere retta inn mot hovudpersonen: den einskilde eleven.»*



*Dette betyr å skape eit miljø som både er trygt og utfordrande, som er støttande og som stiller krav, som er romsleg og som set grenser. Det betyr og å ha eit fagtilbod som gjev høve til stor fordjuping, som er framtidsretta og som gjev rom for val etter interesser og føresetnader. Det betyr å utvikle ein pedagogikk der læraren er fagperson, tilretteleggar og stimulator, og der eleven tek medansvar for læringsarbeidet.*

*I framtida lyt skulen ha røtene festa i lokalmiljøet og i regionen, men samstundes ha augo vende utetter. Vi må vere lokalpatriotar, men samstundes ha nasjonale og internasjonale perspektiv på opplæringa. Dette feltet ser eg som spesielt viktig å prioritere dei nærmaste åra. Skulen må arbeide for breiare og nærmare kontakt og samarbeid med lokalmiljøet, og vi må skaffe oss grunnlag for å knyte internasjonale band.»*



# ETTERORD

Firda vidaregåande skule si soge er tidlegare skildra i dei to festskrifta frå 1952 og 1976. Vidare har Ragnar Eimhjellen skrive om skulen i «Jul i Nordfjord» 1997 og Ove Eide i «Årbok for Nordfjord» same året. Dei to festskrifta er viktige kjelder for framstillinga av Firda-soga fram til 1976 i dette jubileumsskriftet. Men ingen av desse to skrifta har ei samanhengande framstilling av stoffet. I dette heftet har det derfor vorte lagt vinn på å skrive soga kronologisk.

